

Knut Sveinung Klepp

INSTITUTT FOR
LANDSKAPSPLANLEGGING
POSTBOKS 5029 1432 ÅS

TREKK FRÅ STEINGJERDA SI HISTORIE



AV


KNUT SVEINUNG KLEPPA

HOVUDOPPGÅVE VED INSTITUTT FOR
LANDSKAPSPLANLEGGING

ÅS -NLH

1997

HOVEDOPPGAVE

<p>TITTEL</p> <p>Trekk frå steingjerda si historie.</p>	<p>IDENTIFIKASJON / DATERING</p> <div style="border: 1px solid black; padding: 5px; text-align: center;">  Norges landbrukshøgskole 1 JUL 1997 </div>
<p>FORFATTER</p> <p>Knut Sveinung Kleppa</p>	
<p>EKSTRAKT PÅ NORSK</p> <p>Det sentrale spørsmålet er når dei steingjerda som i dag pregar kulturlandskapet vart bygde, og jordskifte sin innverknad. Det er valt ut nokre studieområde på Sør- Vestlandet. Ein stor del av steingjerda er bygde i tida 1860- 1930. Kor avgjerande jordskifte var for bygginga av steingjerda er ikkje klårt, men steingjerda vart bygde i det same tidsrommet som ein hadde mykje jordskifte.</p>	
<p>ENGLISH ABSTRACT</p> <p>This thesis focus on stone fences in the Norwegian agriculturelandscape. The main question is in what period the stone fences were built and the effect of Land Consolidation. Some areas in the south western parts of Norway were studied. It seems that the stone fences we see today are built in the period between 1860 and 1930. Today many of them are removed, which have an negative effect on the habitats for some animals and plants.</p>	
<p>4 EMNEORD PÅ NORSK</p> <p>STEINGJERDE LOVVERK JORDSKIFTE KULTURLANDSKAP</p>	<p>4 EMNEORD PÅ ENGELSK</p> <p>STONE FENCES LAND CONSOLIDATION LEGISLATION CULTURE LANDSCAPE</p>

Bibliografisk referanse i fortlopande tekst:

ETTERNAMN, FORNAMN. Trykkeår. Tittel. Utgivar. Utgivarstad. Tal sider sider. Evt. ISBN-nr.

KLEPPA, KNUT SVEINUNG. 1997. Trekk frå steingjerda si historie. Institutt for landskapsplanlegging. Ås-NLH. 83s.

FORORD

Dette er ei hovudoppgåve ved Institutt for Landskapsplanlegging ved NLH. Hovudoppgåva markerer slutten på 5 år med studiar og utgjer 10 av totalt 100 vekttal. Veileidar og inspirator for oppgåva har vore professor Hans Sevtdal.

Eg vil retta ein takk til: Einar K. Time for flott guiding rundt om på Jæren og for nyttig informasjon, Kjell Antonsen på jordskifteverkets kartarkiv for som lot meg få lov til å ta fram gamle original kart, Sven Kleppa og Tine Grytnes for korrekturlesing, Jarle Skjold for teikning og Anne for hjelp under synfaringa på Lista.

Då gjenstår det berre å takke for 4 trivelege og lærerike år ved Institutt for Landskapsplanlegging.

Sørhellinga, NLH, Ås, juni 1997.

Knut Sveinung Kleppa
Knut Sveinung Kleppa.

1. INNLEIING.....	1
1.1 OPPGÅVA.....	2
1.1.1 Personleg bakgrunn for val av oppgåve.....	2
1.1.2 Fagleg bakgrunn og foremål med oppgåva.....	2
1.1.3 Problemstillinga i kortform.....	3
1.1.4 Avgrensing av oppgåva.....	4
1.2 MATERIALE OG METODE.....	4
1.2.1 Materialet.....	4
1.2.2 Metode.....	6
1.3 VAL AV OMRÅDE OG OMRÅDESKILDRINGAR.....	8
1.3.1 Om val av område.....	8
1.3.2 Lista.....	8
1.3.3 Eigersund, Lund og Sokndal.....	8
1.3.4 Hå.....	9
1.3.5 Hjelmeland og Suldal.....	9
1.4 DEFINISJONAR OG OMGREP.....	9
1.4.1 Kulturlandskap.....	9
1.4.2 Omgrep knytt til gard og gjerde.....	10
2. GJERDE.....	14
2.1 GJERDA SI UTVIKLING.....	14
2.1.1 Gamle gjerde.....	14
2.1.2 Nyare former for gjerde.....	17
2.2 STEINGJERDE.....	20
2.2.1 Utviklinga sin verknad på steingjerda si utforming og plassering.....	22
2.2.2 Steingjerda sin verdi for det biologiske mangfaldet.....	25
2.2.3 Steingjerda sin estetiske verdi.....	26
2.3 ULIKE BUFE OG KRAV TIL GJERDE.....	26
2.4 GJERDE OG TERRENGET.....	27
2.5 LOVVERKET OM GJERDE OG GJERDEPLIKT.....	28
2.5.1 Mellomalder lovane.....	28
2.5.2 Lov om jords fredning av 1860 (ljf).....	30
2.5.3 Lov om grannegjerde 5.Mai 1961 (gjerdelova, gl).....	33
2.5.4 Plasseringa av gjerde i grensa.....	33
2.6 GJERDESTRUKTUREN.....	34
2.6.1 Utviklinga av gjerdestrukturen.....	34
2.6.2 Gjerdestrukturen for hamskiftet.....	35
3. JORDSKIFTE.....	38
3.1 LOVREGLAR OM UTSKIFTING FØR 1821.....	38
3.2 UTSKIFTINGSLOVANE ETTER 1821.....	40
3.2.1 Lov av 17. august 1821 angaaende Jords og Skovs Udskiifting af Fællesskab.....	41

3.2.2 Lov om Jords og Skovs Udskiifning af Fællesskab av 12. oktober 1857.	43
3.2.3 Jordskiiftelovane frå 1882 og 1950.	44
3.2.4 Jordskiiftelova (Lov om jordskiifte o.a. 21.des Nr. 77. 1979).	45
3.3 ENDRINGAR PÅ GARDEN OG I LANDBRUKET 1821 OG TIL I DAG.	46
3.3.1 Endringar politikk.	46
3.3.2 Endringar utanfor garden.	47
3.3.3 Utvikling av reiskapane.	47
3.3.4 Endring i dyrkingsmåte.	48
3.3.5 Jordskiifte og endringane.	49
3.3.6 Eksempel på korleis endringane verkar inn på landskapet.	50
4. UNDERSØKINGANE.	53
4.1 RESULTAT.	53
4.1.1 Omfang av gjerde mellom bruk på jordskiifteskarta.	53
4.1.2 Gjerdetypene på jordskiifte karta.	58
4.1.3 Skifteplanen og steingjerda.	60
4.1.4 Gjerdetypar og omfang på ØK.	60
4.1.5 Endringar frå 1966 til 1994 i Hå.	61
4.1.6 Samanheng mellom utskifting og omfang av gjerde.	62
4.2 TRE DØME PÅ UTVIKLINGA.	64
4.2.1 Dømet Sørestad i Suldal.	64
4.2.2 Dømet Varhaug (Søre).	66
4.2.3 Dømet Nordhassel (Øvre).	72
5. DRØFTING.	77
5.1 GJERDESTRUKTUREN FØR HAMSKIFTET.	77
5.1.1 Fredinga av innmarka.	77
5.1.2 Gjerde mellom bruka.	80
5.2 HAMSKIFTET OG STEINGJERDA.	81
5.2.1 Jordskiifte sin innverknad på bygginga av steingjerda.	81
5.2.2 Andre årsaker til at steingjerda vart bygde på slutten av 1800 og frametter.	84
5.2.3 Kor gamle er steingjerda?	87
5.3 STEINGJERDA I DAG.	88
5.3.1 Jordskiifte sin innverknad på steingjerda i dag.	89
5.3.2 Korleis ta vare på steingjerda.	90
5.4 STEINGJERDE, JORDSKIFTE OG KULTURLANDSKAP.	91
5.5 SAMANDRAG (STEINGJERDA SI HISTORIE I KORTE TREKK).	95
LITTERATURLISTE.	97

Figurliste

Figur 1: Geil og opplødd ryddningsrøys på Erland i Hjelmeland.	1
Figur 2: Ulike typer gjerde. Figuren er henta frå Asheim (1978 s.61)	16
Figur 3: Steingjerde forsterka med piggtråd.	18
Figur 4: To generasjonar gjerde, steingjerde og nettgjerde laga av galvanisert ståltråd.	19
Figur 5: Megalittgjerde på Jæren.	20
Figur 6. Steinbukk.	23
Figur 7: Maskinelt opplødd ryddningsrøys.	24
Figur 8: Steingardar på kryss og tvers.	37
Figur 9: Nydyrking i Hå i 1908.	48
Figur 10: Bureisingsbruk på Lode i Nærbø i 1912.	50
Figur 11: Endringar på eit tenkt gardsvald.	52
Figur 12: Jordskiftekart over garden Sørestad i Suldal frå 1878.	65
Figur 13: Jordskiftekart over garden Varhaug i Hå frå 1889.	68
Figur 14: Jordskiftekart over garden Varhaug i Hå frå 1960.	69
Figur 15: Kart over garden Varhaug i Hå frå 1966.	70
Figur 16: Kart over garden Varhaug i Hå frå 1994.	71
Figur 17: Jordskiftekart over garden Øvre Nordhassel på Lista frå 1888.	74
Figur 18: Del av jordskiftekart over Øvre Nordhassel på Lista frå 1988.	75
Figur 19: Kart over garden Øvre Nordhassel på Lista som syner situasjonen i dag.	76
Figur 20: Utgard og ryddningsrøys.	78
Figur 21: Steingjerde, ståltrådgjerde og vegetasjonsoppslag.	90
Figur 22: Steingjerde frå Maberg på Lista.	93
Figur 23: Parti frå Nedre Nordhassel i dag etter jordskifte.	93
Figur 24: Torvrøyker.	94

1. INNLEIING

Lengt

*Ein lang gard, stein på stein
lodd opp i gard, av grove nevar
seig mann, og ung svein
sol, vind, tankar og draumar
tider
same himmel, same stein
her lør eg stein.*



Figur 1: Geil og opplødd ryddningsrøys på Erland i Hjelmeland.

1.1OPPGÅVA

1.1.1 Personleg bakgrunn for val av oppgåve.

Årsaka til at eg valde ei oppgåve om steingjerde har mykje med min eigen bakgrunn å gjera. Eg er oppvaksen innanfor landbruksnæringa, då eg var seks år flytte familien opp på ein "gamal" gard med mykje gamle steingardar. Desse steingardane har eg vore med å vedlikehalde, og når eg står og ser på rydningsrøysane og på dei lange rekkjene med stein som med tungt slit er lagt opp i steingjerde blir eg nysgjerrig og undrande. Ein får ein veldig respekt for det arbeidet som er lagt ned gjennom generasjonar. **Dei grå steinane veks i ein til monument over kvardagsslitet.** Eg vert nysgjerrig på korleis desse menneska som stod for dette arbeidet hadde det. Eg undrast på kva visjonar dei hadde, korleis garden og landskapet rundt dei såg ut og i kva tidsbolkar dei ulike menneskeskapte elementa i landskapet er bygde. Og når eg står der sjølv med den same himmelen over hovudet så kjenner eg meg på sett og vis som ei lekk i utviklinga. Medan vinden ruskar i håret tenkjer eg på korleis vår eiga tid er i stand til å endre landskapet. Med gravemaskin, traktor og kunstgjødsel er me på kort tid i stand til å utslette spora etter lekkjene før oss. Ettersom eg funderer meg bort frå arbeidet eg skulle ha gjort, ser eg at endringsprosessane skuldast meir enn det einskilde mennesket sitt arbeid, det handlar og om tekniske framskritt og politikk. Og her aleine utan motdebattantar postulerte eg høgt for meg sjølv: "kulturlandskapet er eit resultat av politikk og teknologi". Gjennom studiet har eg og sett kor viktige eigedomstilhøva og dermed jordskifte er for utforminga av kulturlandskapet.

Ved å velje ei oppgåve om steingjerde, kva tid dei vart bygde og kva det var som gjorde at dei vart bygde nett då, fekk eg sett undringa mi kring steingjerde i system eg fekk og utfordra mine eigne postulat.

1.1.2 Fagleg bakgrunn og føremål med oppgåva.

Steingjerde er eit sentralt element i kulturlandskapet¹ i store deler av Vestnoreg. Fenomenet "kulturlandskap" er eit viktig omgrep innan landskapsplanlegging og jordbrukspolitikken. Til dømes har ein dei seinare åra fått ei omlegging av stønaden til landbruket. Deler av støtta blir i dag kalla "areal og kulturlandskapstillegg". Både innanfor naturvernet og planlegginga kjem det krav om "vern" av kulturlandskapet. Ein

¹ Sjå definisjon i kap. 1.4.1.

ønsker å ta vare på det biologiske mangfaldet og opplevingsverdien som eit variert kulturlandskap gir. Lov om jordskifte o.a. 21 des. Nr. 77. 1979 (jordskifteloven, jskl) fekk ei endring i 1988, for å dra "kulturlandskapet" inn i skifteplanlegginga. I og med at kulturlandskapet har fått auka aktualitet er det og kome fleire nye arbeider om emnet. Eit forskingsprosjekt ved Institutt for Landskapsplanlegging på NLH, fekk namnet "Eiendomsrelatert kulturlandskapsforskning".²

I denne oppgåva søkjer eg å sjå på historia, og jordskifte sin innverknad på steingjerda. Steingjerda er ofte i vegen og lite gagnlege for den moderne bonde. Difor vert dei fjerna eller ikkje haldne vedlike slik at dei er i ferd med å forsvinna, og slik taper kulturlandskapet verdi. Difor er det eit ynskje hjå styresmaktene og store deler av befolkninga å behalde steingjerda.

Det er hevda av fleire m.a. av Sevatdal (1997) at steingjerda som i dag pregar landskapet ikkje er særleg gamle. Dei er saman med mykje anna, eit resultat av jordskifta på 1800 og byrjinga av 1900. "Jordskifte skaper gjerde", hevdar Sevatdal (1997 s.14). Andre hevdar at steingjerda er gamle slik at dei "har betydelig kulturhistorisk verdi", (Hågvar 1991 s.54 og Strand og Jørgensen 1979 s.114). I oppgåva skal eg "teste" desse utsegnene, og samstundes søkje å finne ut meir om, kva tidsrom, og kvifor dei vart bygde i nett denne tida. Oppgåva vil omhandla omfanget av, og korleis steingjerda har vore nytta opp gjennom tidene. Eg vil og sjå på kor dei vert fjerna i dag og kva verdier dei tilfører kulturlandskapet. For å sjå på korleis og kvifor steingjerde har vore bruka blir det naudsynt å sjå på andre slag gjerde, så som ulike tregjerde og ståltrådgjerde.

1.1.3 Problemstillinga i kortform

Problemstillinga kan delast opp i spørsmåla:

- Kva tid vart steingjerda bygde?
- Korleis var gjerdestrukturen, og kva typar gjerde var i bruk før hamskiftet og kva endringar har funne stad fram til vår tid?
- I kva grad var jordskifte avgjerande for kvar og når steingjerda kom?
- Kva innverknad får jordskifte i dag for steingjerda?
- Kvar har steingjerda blitt fjerna og kva gjer at dei står att andre stader?
- Kva endringar har funne stad når det gjeld gjerdemateriell?

² Mykje av dette arbeidet er publisert i eit kompendium utgitt ved NLH. (Geelmuyden 1997).

1.1.4 Avgrensing av oppgåva

Gjerde er eit gammalt fenomen som strekkjer seg bakover til jernalderen. Undersøkingane mine vil av praktiske årsaker berre dreia seg om tida frå "det store hamskiftet"³ på 1800-talet og fram til i dag. Historia lenger attende vert basert på litteratur. I hovudsak vil oppgåva dreia seg om gjerde omkring og på "innmarka"⁴. Innmarka er utvida ved nydyrking dei fleste stader. Difor er arealet i vår tid mykje større enn på 1800-talet og det "gamle" innmarksarealet er vanskeleg å finne att mange stader. Der den gamle innmarka ikkje let seg definere er all dyrka mark og beite tatt med.

For å sjå nærare på emna steingjerde og kulturlandskap og til å finne svar på problemstillingane ovanfor har eg valt ut nokre område på Sørvestlandet. Strengt tatt er ikkje resultatane og dermed drøftinga gyldig for andre område. Sjølv om oppgåva er avgrensa fysisk på denne måten vil ein del av det som vert drøfta ha relevans for det meste av det norske kulturlandskapet.

1.2 MATERIALE OG METODE

1.2.1 Materialet

For å kunna seia noko om utvikling og endring av eit landskap, må ein finne kjelder som viser situasjonen slik den var tidlegare. Slike kjelder kan vera augevitne, nedskrivne skildringar, bilete eller kart. Kart og bilete er gode kjelder når ein skal studere endringar i landskapet. Her kan ein med eigne auge sjå skilnaden på slik situasjonen er i dag og den tida då kartet vart laga eller biletet vart tatt. I denne oppgåva er kart valt som hovudkjelde, understøtta av litteratur og noko bilete. Då oppgåva tar for seg utviklinga heilt opp til våre dagar har eg også vore avgarde og tatt dagens situasjon nærare i augesyn.

Kart som er brukande som kjelder i denne oppgåva er jordskiftekart og økonomisk kartverk. Det økonomiske kartverk (ØK) strekkjer seg attende til 1964 då Stortinget vedtok at det skulle takast opp slike kart over heile Noreg for det arealet som ligg under tregrensa. Kva tid desse karta vart laga varierer noko frå område til område. ØK er konstruert ut frå flyfoto. Somme stader er det konstruert nye kart på nittitalet etter nye flyfoto. Dette gir gode vilkår for å studere endringane i landskapet dei siste tretti åra. På

³ Hamskiftet er ei nærmast "dikterisk" nemning, skapt av Inge Krokan, brukt om dei store endringane i bondesamfunnet kring 1850 og fram til noko for 1900.

⁴ Sjå definisjon i kap. 1.4 Definisjonar og omgrep

ØK er det innteikna vegar, markslag, bygningar, grenser for administrative einingar som kommunar og kyrkjesokn m.m. Det viktigaste i samband med oppgåva er at gjerde og eigedomsgrenser er innteikna. Kombinert med markslagsymbola gir dette dei nødvendige opplysningane for oppgåva. Medan den første utgåva har kartteikn for både steingard og gjerde, er det i det nye kartet berre karteiken for steingard. Difor kan ein ikkje sjå endringane i det samla omfanget av gjerde.

Før det økonomiske kartverket vart laga var det ikkje noko ordinær detaljkartlegging av landsbygda i Noreg. Tidlegare detaljkartleggingar er stort sett knytt til større tettstader og til hamner og skipsleier. Av kart som er brukande som kjelde for denne oppgåva før ØK er det jordskiftekart som peikar seg ut. Desse karta går attende til 1859, men det finst og ein del eldre kart einskilde stader. Det var den "nye" utskiftningsloven frå 1857 som påbaud at det skulle lagast kart ved jordskifte. Eldre jordskiftekart er det lite av. Lova av 1821 hadde ingen føresegner om at det skulle takast opp kart. Det vart nok tatt opp ein del kart i samband med desse utskiftingane og, men ein veit ikkje kor mykje. Dårleg oppbevaring av dei karta som vart laga gjer at mest ingen kart frå før 1859 er bevarte (Fladby 1980 s.19).

Jordskiftekart er tekne opp i samband med jordskifte. Dette medfører at det berre er dei gardane som det har vore jordskifte på etter 1859 som er kartlagde, og som ein kan studere endringane på mellom jordskiftetidspunktet og tidspunktet for flyfotograferinga. Tidspunktet for jordskifte varierer frå gard til gard, tyngda av materialet er frå tida før 1920.

Jordskiftekart er veileigna til formålet, eigedomsgrenser før og etter skifte er innteikna, det same er gjerda, jamvel type gjerde. I bilaget til §12 i "**Regler til veiledning ved Utskiftningsforretninger i henhold til Lov af 12^{te} October 1857, om Jords og Skovs Utskiftning af Fælleskab**" er det eit karteikn for *steingjærde* og eit for *trægjerde*. Og i "**Reglement for utskiftnings- og skogvæsenets maalinge m.v.**" frå 1911, er det tre teikn for gjerde nemnt som: *Sten- og ratgar, staastraadgar og skigar, trøgar*. Åker, eng og utmark er skilt frå kvarandre ved hjelp av fargar. Etter omlag 1912 er det mange kart mest utan fargar, og utan figurlister er det vanskeleg å sjå kva som er dyrka og kva som er beite.

Jordskiftekart gir oss mykje informasjon om tilhøva på jordskiftetidspunktet. I samband med denne oppgåva er endringane dei første åra etter jordskifte vel så interessant som

situasjonen på jordskiftetida. Og då ein ikkje har nokon regelmessig kartlegging så vert dette vanskeleg. Jordskiftekartene omfattar berre dei gardane som det har vore jordskifte på og ein del kart tek berre for seg deler av garden. Det er berre eit fåtal gardar kor innmarka har vore utskift meir enn ein gong etter 1857, og anna eigna kartmateriale får ein ikkje før ØK karta kjem på syttitalet. Spranget i tid mellom desse tidspunkta vert langt. Det er berre på dei få gardane som er utskift fleire gonger kan ein sjå utviklinga i fleire bolkar.

Dei originale jordskiftekartene ligg på Jordskifteverkets kartarkiv på Ås. Dei fleste er nedfotografert i fargar til A3 format, desse kopiane ligg og på Ås. Det er i hovudsak kopiane som har vore brukte til denne oppgåva. Kopiane er av god kvalitet, slik at dei er mest like gode å bruke som originalen. Dessutan er det mykje raskare med det handterlege A3 formatet enn dei store originalane. Berre på eit par kart som var sterkt nedfotograferte og dei største karta som ikkje var fotografert måtte eg nytte originalen. Alt i alt var det berre eit par kart som måtte leggjast til sides fordi dei var uleselege. Andre var sterkt falma slik at markslaga var vanskelege å skilje.

Kart og bildematerialet strekkjer seg ikkje lenger attande enn til ca 1860. Før denne tid må ein støtte seg til nedskrivne kjelder om ein skal studere gjerdestrukturen, så som t.d. gamle lovar og reiseskildringar t.d. P.P.Floor⁵ si reise til Jæren og Lista i 1810. Andre måtar er å gjere undersøkingar i marka. Det vil føra for langt å gi seg inn på slikt arbeid i ei hovudoppgåve. Det er gjort ein del arbeid på dette emnet av andre, og eg kjem nærare inn på korleis gjerdestrukturen var før 1859 i kapittel 2.6.2.

1.2.2 Metode

Som nemnt ovanfor er hovudkjelda for oppgåva kart. Kartene kan grovt sett ikkje gi oss informasjon om meir enn to tidspunkt, då det vart halde jordskifte og tidspunktet for flyfotograferinga til ØK. Lengda mellom desse tidspunkta varierer frå gard til gard. Spranga i tid er for dei fleste gardane lange. Ein kan seia noko om kva endringar ein ser på karta, men ikkje noko om kva tid og i kva rekkefølge endringane har skjedd. For denne oppgåva er perioden 1860 til 1930 og dei første åra etter jordskifte på den einskilde garden viktig. Difor vart det naudsynt å prøve å lese mest mogleg ut av karta, og tolke det ein ser. Å samanlikna jordskiftekart frå dei ulike områda og frå ulike

⁵ P.P.Floor gjorde si reise til Lista og Mandal i 1810. Skildringane hans kan lesast i: "Oekonomisk Reise til Lister og Jedderen foretaget 1810. Topografisk -Statistiske Samlinger I, 2, s.1 - 158.

tidbolkar med kvarandre vart vel så viktig som berre å sjå på endringane frå jordskifte og fram til ØK kom for den einskilde garden.

Av praktiske årsaker vart det vanskeleg å registrere endringar på den einskilde garden under eitt. Difor vart registreringane på dei to karttypane gjort kvar for seg. Så vart dei samla resultatata frå jordskiftekartata i eit område samanlikna med resultatata i ØK for det same området. I tillegg vart jordskiftekartata delt opp i grupper etter tidsbolkar for å sjå om det var nokon samanheng mellom tid og framveksten av gjerde og endring i gjerdestruktur. For eit par gardar vart det og gjort direkte samanlikningar mellom jordskiftekartata og ØK. Resultata for områda i mellom vart og samanlikna for å finna fellestrekk og forskjellar. Dette for eventuelt å kunna seia noko om kvifor det er meir steingjerde og anna gjerde somme stader enn andre.

Kva registreringane består av og korleis dei vart utførte.

På jordskiftekartata vart det bruka eit visst skjønn under registreringane. På grunn av at kartata var nedfotografert til ulike målestokkar var det vanskeleg å nytte avstandshjul, eller på annan måte få målt lengder og areal. Det ville og tatt lang tid. Då mange av kartata ikkje var fotografert var det heller ikkje mogleg, då ein ikkje godt kan skrapa opp skjøre originalar som er over 120 år gamle. Som nemnt var det naudsynt å tyne så mykje informasjon som mogleg ut frå jordskiftekartata, difor vart ei rekkje ulike kriterier vurdert for kvart kart. Det vart laga eit skjema til føremålet. Her vart m.a. registrert kva type gjerde som var brukt og kvar det var gjerde registrert. Det mest sentrale ved registreringane var om det var gjerde mellom dei ulike brukseiningane på garden og/eller om det var felles hegn mot utmarka.

Etter å ha gjort unna registreringane på jordskiftekartata byrja eg å registrere på ØK. Her vart langt færre opplysningar registrert. Det dreidde seg stort sett om omfang av gjerde, kvar gjerda er sett opp og materialbruk. For å talfeste forholdet mellom grenseliner med og utan gjerde og forholdet mellom ulike typar gjerde, vart det nytta eit avstandshjul. For Hå der det var to "generasjonar" ØK vart det og gjort talmessige samanlikningar i mengda av steingjerde i 1966 og 1994.

Samanlikninga av resultatata mellom jordskiftekartata og ØK kunne, på grunn av den ulike registreringsmåten, ikkje gjerast direkte. Men ut frå dei relativt detaljerte registreringane har eg prøvd å setja resultatata opp mot kvarandre.

1.3 VAL AV OMRÅDE OG OMRÅDESKILDRINGAR

1.3.1 Om val av område

Når ein skal studere steingjerde er det naturleg å velje eit område der det er mykje av det slaget. Steingjerda høyrer i det vesentlege til på Vestlandet. Det er også på Vestlandet og nordover at ein hadde mest teigblanding på innmarka. Innanfor dette området var det difor naturleg å leggje undersøkinga. Vidare var det naturleg å finne område der steingardane har vore eller er eit viktig element i landskapet.

Jæren er kjend for sine steingjerde, i tillegg er det her gjort ei rekkje undersøkingar både når det gjeld jordskifte og anna kulturhistorie. Hå kommune er stor i utstrekning og strekkjer seg i frå det flate Lågjæren utmed Nordsjøen og opp mot Høggjæren, og skulle kunna representere regionen bra. Eit anna område som er kjend for sine steingjerde er Lista i Farsund kommune. Lista skil seg frå Jæren på at det var lite utskiftingar etter loven av 1821 og ein har difor ein "eldre struktur" her. Vidare valde eg heimkommunen min, Hjelmeland og nabokommunen Suldal, mest fordi eg her kjenner forholda godt og fordi ein her har andre naturvilkår og driftsmåtar. Desse to kommunane skulle og kunne representere regionen Ryfylke. Til slutt tok eg med kommunane Lund, Sokndal og Eigersund. Noko av årsaka var at det her var mange kart frå 1800-talet, noko som kunne vera med å gi oppgåva kvantitativ tyngde. Dessutan ligg desse kommunane lenger vekk frå Stavanger, slik at handelsjordbruket slo seinare gjennom her enn i Hå. Difor kan samalikninga mellom Hå og Dalane gi oss ein peikepinn på kva rolle overgangen til salgsjordbruk spela for steingjerda.

1.3.2 Lista

Lista utgjer den vestre delen av Farsund kommune i Vest-Agder, og er det einaste området som er med i undersøkingane som ikkje ligg i Rogaland. Lista består av ei 3-4 km brei massiv morene stripe ut mot kysten, innanfor reiser låge fjell seg. Dei gamle gardstuna ligg som små landsbyar, den dag i dag. Gardane er sterkt oppdelt i små bruk med lange smale teigar, forma av jordskifte.

1.3.3 Eigersund, Lund og Sokndal

Eigersund, Lund og Sokndal dannar regionen Dalane lengst sør i Rogaland. Terrenget er småkupert med skrint jordsmonn. Når det gjeld jordbruk så skil Dalane seg klårt frå dei

gode landbruksområda i Hå og lenger nordover på Jæren. Bruka er små og husdyrhald er dominerande. Bergverksindustri og anna industri er det meir av her enn i dei andre områda som er med i oppgåva.

1.3.4 Hå

Hå kommune ligg på Jæren. Kommunen inneheld element frå det meste av dei kategoriane ein delar Jæren inn i. Hå strekkjer frå Nordsjøen og opp til det såkalla Høggjæren. Landbruket har alltid vore viktig på Jæren. Tidlegare var Jæren kledd av myr og lynghei, med grønne bøar der innmarka låg kring tuna. Dei siste 150 åra er det meste av Jæren dyrka opp slik at det mest ikkje er noko att av lyngheiane. Her er gode kommunikasjonar til Stavanger, både langs veg og jernbane. Jernbanen stod ferdig i 1878 og fekk stor verknad på utviklinga på Jæren (Simonsen 1978 s.95) Ved stasjonane langs bana har det vakse opp tettstader, somme av desse har vakse til eigne byliknande samfunn, (Simonsen 1978 s.95). Lengst sør i kommunen ligg det gamle Ognå herad, dette liknar meir på Dalane, når det gjeld driftsforhold for landbruket.

1.3.5 Hjelmeland og Suldal

Kommunane Hjelmeland og Suldal ligg i indre Ryfylke i Rogaland. Kommunane strekkjer seg frå fjorden og opp i høggjellet og grensar her mot Setesdal. Jordbruket er knytt til dei ytre strøka ned mot fjorden og dalane som strekkjer seg innover frå fjordbotnane. Primærnæringane er dei viktigaste næringane. Jordbruket skil seg frå Lista og Hå på at gardane ligg for seg sjølv eller etter kvarandre opp gjennom dalane. Naturlege gjerde er det mykje av så som elvar og urer. Innmarka er stort sett knytt til flatane i dalbotnen, beite og skog overtek i liene opp mot fjellet. Dei dyrkbare areala er små og det meste av jorda vert nytta til skog og beite. Kommunikasjon til Stavanger gjekk tidlegare med skøyter, særskilt for Hjelmeland har denne fjordatrafikken vore stor. I dag går det meste av transporten langs riksveg 13.

1.4 DEFINISJONAR OG OMGREP.

1.4.1 Kulturlandskap.

Kva folk legg i ordet kulturlandskap verkar å vera like mangfaldig som kulturlandskapet sjølv. Faktisk så er bruken av ordet så mangfaldig at det har blitt utarbeidd ein eigen

publikasjon om omgrepet.⁶ Geelmuyden (1997 s.44) hevdar at poenget med omgrepet kulturlandskap er at det ikkje kan brukast om ein særskilt areal kategori. "*Hva kulturlandskapet er blir et tolkingsspørsmål, avhengig av situasjon og perspektiv*". Ho skriv vidare at: "...*kulturlandskapsverdier*" er til enhver tid tolkninger av den *situasjonen* der "landskapet" er satt på dagsorden, både som noe som er og som noe som skal bli".

Eg vel og å ta med Rogstad (1997 s.80) sin definisjon av kulturlandskap. "*Her forstår jeg uttrykket (kulturlandskap) noe i retning av at kulturinnslag i landskapet (bygginger, anlegg, åkrer m.m.) sammen med naturinnslagene, gir et bevaringsverdig landskapsbilde*". Rogstad sin definisjon er nok nær det som fleirtalet oppfattar kulturlandskapet som; **eit bevaringsverdig landskap som ikkje bør endrast i stor grad**. Kva som er eit verdifult kulturlandskap kjem likevel mykje an på auga som ser. Eit landskap tilpassa og prega av moderne landbruksdrift er strengt tatt like mykje eit kulturlandskap, som eit landskap som ikkje er endra sidan spaden var den viktigaste åkerreisken. Oppblandinga av naturinnslag manglar i eit landskap tilpassa moderne landbruk med store einingar og maskinar. Det "effektive" landbrukslandskapet er prega av monokulturar og gir eit lite variert kulturlandskap. Opplevinga av natur blir mindre, og for mange er det blitt for mykje **kulturlandskap**, eller "ukulturlandskap" i nokre auge.

Å koma med ein presis, kort definisjon av kulturlandskap er med andre ord ikkje lett. Omgrepet slik det blir brukt i dag femnar om alt frå "utvær" i Lofoten til "dei breie bygdene" på Austlandet. I oppgåva her vil kulturlandskap bli brukt om jordbrukslandskapet, slik det er prega av menneskeverk og naturinnslag.

1.4.2 Omgrep knytt til gard og gjerde.

Gjerde

Dei eldste "gjerda" me kjenner er "ledegjerda" i samband med fangstanlegg frå steinalderen, som "bogastelle" og dyregraver. Innan jordbruket er det ønsket om å stengje bufe ute eller inne som er det primære føremålet med gjerde. Gjerde er eit stengsel som hindrar bufe i å passere. Det å stengje/ gjerda dyr ute frå eit areal er det same som å **freda** dette arealet, den første gjerdelova heitte då og "Lov om jords fredning". Frå gamalt av vert gjerde kalla gard, og mange stader er "gard" framleis brukt om gjerde, men i oppgåva vil eg med nemninga "gard" meine gard i den vanlege tydinga

⁶ Publikasjonen heiter "Kulturlandskap i forvaltning, en begrepsutredning" av Daugstad og Jones 1994.

av ordet, sjå nedanfor. Gjerde kan væra laga på ulike vis og får då ofte namn etter dette, så som steingard/ -gjerde. Eit anna ord for gjerde er **hegn**. I oppgåva vil hegn bli brukt til å seie noko om gjerde er godt nok til å stenge for bufe. Eit gjerde kan einskilde stader berre væra ein stubb som dyra kan gå rundt. I slike tilfelle er gjerde ikkje å rekne som hegn. På karta vil ofte steingjerda væra innteikna sjølv om dei er så låge at dei ikkje hegnar for bufe, restar av gamle steingjerde vil bli kalla for **gardfar**.

Sjølvgjerde er terrengformasjonar som hindrar bufeet å passere. Sjølvgjerde kan væra elvar, bekkjer, myrer, urer og skrentar. Ofte finn ein fleire av desse i kombinasjon. Det treng ikkje plent væra umogleg for dyra å kome seg over eller forbi slike sjølvgjerde, det er nok at dyra ikkje naturleg søker inn i området så som ei myr med dårleg beite. Slike stengsler er ofte nytta for å lette gjerdebyrda.

Gard

Ordet "gard" slik me kjenner det i dag kjem av gjerde omkring eit jordstykke, ei innhegning. Nemningar som utagards og innagards er og døme på dette (Norges kulturhistorie I s.70). I oppgåva vil ordet gard bli brukt om eininga gard, ein del av jordoverflata, og om matrikkel-/ namnegard som institusjon og sosial eining før utskiftinga. Garden inneheld som regel fleire bruk, "**mangbølt**", men kan og berre omfatte eit bruk og kallast då "**einbølt**". Gardane som einingar er gamle, ein veit ikkje sikkert kor langt bakover i tid grensene mellom dei vart fastlagde. Garden delast i innmark og utmark skilt frå kvarandre med gjerde og eit tun som ligg inne i innmarka. Grensene for den einskilde garden har seinare danna grensene for dei einskilde skiftefelte. Gardgrense er grensa mellom matrikkelgardane. Og med "gjerde mot nabogard" er meint om det er sett opp gjerde i gardgrensene.

Bruk

Bruk er brukt om det einskilde foretaket innan garden. Bruka kan anten liggje med husa samla i eit tun, fellestun, med den felles eller teigdelte jorda ikring. Eller dei kan liggje spreidd med jorda samla kring husa på kvart bruk. I oppgåva vil den siste varianten bli kalla for gardsbruk. Eit gardsbruk består av, driftsentrum, innhus og uthus, produsjonsareal; åker, eng, beiteland, skog, fjell osb. og vegar, (Sevatdal 1989 s.44).

Bruksgrense

Dette er grensene mellom bruka innan den einskilde garden. Dersom eit bruk støytar til eit bruk på nabogarden er ikkje dette ei bruksgrense, men ei gardsgrense. Gjerde mellom bruk, er brukt om det er sett opp gjerde mellom bruka innan garden.

Gjerdestruktur

Med gjerdestruktur er meint korleis alle gjerda på garden går i høve til terreng og teigar. I hovudsak er det meint korleis denne tar seg ut i eit todimesjonalt perspektiv. Gjerdestrukturen seier noko om korleis fredinga av innmarka har vore gjennomført. Difor inngår gjeting som ein del av gjerdestrukturen.

Gjerdefang

Dette er brukt om kva materiale som er brukt til gjerde. Ivar Aasen forklarar gjerdefang med: "Gjærdsel, Materiale at gjøre Gjærder af." Eit anna ord for det same er "Gjerdevond" som er brukt om ris og einer brukt til gjerdefang.

Utgard/ bøgard

Utgard vert brukt om det gjerde som skil mellom innmark og utmark på garden, før jordskifte, sjå fig. 11. Denne kan og ha namn som bøgard. I oppgåve vil "utgard" tyde eit gjerde som er felles for alle bruka omkring innmarka på garden. Utgarden er gamal, ein meiner han er omlag like gamal som etableringa av gardseiningane. Denne har og berre blitt kalla gard, difor har ein fått gard i den meininga me brukar i dag, sjå ovafor. Utgarden er ikkje det same som ein i dag kan kalle "gjerde mot utmark". Gjerde som i dag skil mellom innmark og utmark er ofte ikkje dei same som den gamle utgarden. Jordskifte og nydyrking har utvida og endra forma på innmarksarealet. Gjerda som i dag skil mellom innmark og utmark gjeld nå som regel det einskilde bruket. Med gjerde mot utmark vil eg i oppgåva meine alle gjerde som skil mellom innmark og utmark.

Geil

Geilen er ein feveg med gjerde på begge sider som strekkjer seg frå tunet og ut til utgarden, sjå fig. 1 og 11. Denne har fleire namn som, butrede, gutu og rånet.

Kve

I samband med uthusa er det ofte ein liten innhegning til å stenge dyra inne i, dette vert kalla "kve". Kveer finn ein og andre stader, til dømes ved stølar og gjætølager på fjellet.

Innmark

Innmark er frå gammalt av den delen av garden som ligg innanfor utgarden og som dermed er freda mot beiting. Innmark er med andre ord ikkje synonymt med åker og dyrkamark. Omgrepet innmark har fått ei litt annan tyding ettersom det meste av det tidlegare innmarksarealet no er oppdyrka samstundes som det dyrka arealet har ekspandert utover i det som før var utmarka mange stader. Når det er snakk om gjerde på innmark, så er det i tydinga gjerde som ligg innafor den gamle utgarden.

Teig, teiglag, teigblanding.

Innmarka var og er oppdelt i mindre stykkjer, mellom åker og eng og mellom dei ulike oppsitjarane. Kvar einskilt jordstykke vert kalla ein teig. Med teigblanding er meint at brukarane har jordstykkane sine spreidd på forskjellige stader på gardsvaldet, slik at teigane til dei ulike eigarane vert liggjande om kvarandre. Eit teiglag vil vera ein del av garden kor jorda er nokolunde einsarta, slik at kvar eigar har sitt stykkje her. Sjå fig. 11.

Buhage

Buhage er ein mellomting mellom utmark og innmark. Det er svært ofte eit avgjerda beite som ligg mellom innmarka og utmarka. Buhage er det same som hamn, og kan liggje i fellesskap eller vera delt mellom bruka.

Reitbruk

✓ Reitbruk har med driftsform og teigformer å gjera. Aasen beskriv reit slik: "*en liden Ager, et opspadet jordstykke til roer, Kaalrabi, Poteter, og desl. saaledes ogsaa en Rude eller Strimmel af opkastet Jord i en myr.-*". Med reitbruk kan også vera brukt om einsædsbruk, kor ein nyttar same veksten på same jordstykke år etter år.

2. GJERDE

Gjerda som hegn høyrer det bufaste jordbruket til. Ein omstreifande veide- og sankekultur treng ikkje gjerde. Åkerbruk kombinert med husdyr treng freding, difor vart det bygd gjerde rundt åkerarealet, og ein fekk garden. Gjerda har endra seg med tida, i frå de første svartbrende stokkane etter svibruket til moderne straumgjerde i plast. Gjerda har og vore viktige skilje mellom "mitt og ditt", og det har vore reglar om gjerde og gjerdehald så langt tilbake som i dei eldste lovane me har her i landet.

2.1 GJERDA SI UTVIKLING

2.1.1 Gamle gjerde.

Å gå grundig inn på korleis dei ulike gjerda vart laga i eldre tider er det ikkje rom for her, det krev for mykje arbeid. Nokon grundig undersøking har eg såleis ikkje gjort, i hovudsak har eg nytta eigen kunnskap og noko litteratur. Dei gamle middelalderlovane⁷ er viktige kjelder når ein skal gå langt attende i historia. Dette gjeld og når det er gjerde ein vil vita meir om, for framstillinga her er Gulatingslova og Magnus Lagabøtes Landslov (ML) hovudkjelda. Figur 2 på side 16 skulle og kunna gi eit bilete av variasjonen i gjerda og korleis dei såg ut.

Dei første gjerda var prega av kva slag gjerdefang som var tilgjengeleg. Fram til ståltråden kom var ein stort sett nøydd til å nytte det gjerdefanget ein fann på staden. Dei ulike variantane av gjerdefang var trevyrke (til skigard og hafelle), ris og bar (til hafelle og risgard), stein og jord. Ulike gjerdefang vert og nytta i kombinasjon. Asheim (1978 s.60) hevdar at dei første gjerda på austlandet var laga av stokkar som låg att etter at ein hadde svidd av arealet. På Jæren har ein nytta steingjerde langt attende (Rønneseth 1978 s.99).

Når svibruket tok slutt vart ein nøydd til å gjerde på anna vis. Der kor det var rikeleg med skog vart tregjerde i ulike former nytta. Men på det etterkvart trelause Jæren måtte ein ta i bruk anna gjerdefang. Frå gammalt av hadde ein då to val, (dersom ein då ikkje valte å gjete dyra), det eine var å lø opp steingjerde det andre er å spa djupe grøfter

⁷ Med middelalderlovane er her meint Gulatingslova og Magnus Lagabotes landslov (ML). Kor gamal Gulatingslova er ikkje heilt sikkert, men dei eldste partane har preg av å vera "munnlege" og er frå før 1000. Gulatinget omfattar studieområdet. ML er den første landsdekkjande lova og vart skriven i 1274. ML byggjer på m.a. Gulatingslova.


eventuelt spa opp torv til gjerde. På Jæren har både steingjerde og torvgjerde vore i bruk, (J.Grude 1908 s.10). Grøft som gjerde var mykje brukt på myr kor det ikkje var anna gjerdefang å finne og kor andre gjerde ikkje var brukande. Mange av desse gamle torv og grøftgjerda syner i dag berre som ein liten rygg eller senking i lendet (Moen 1983 s.23).

Det å bruka stein som materiale i gjerde er utan tvil eit gammalt fenomen. Ein finn restar etter steingjerda i samband med busetnader så langt tilbake som til jernalderen, (Rønneseth 1978 s.100), jfr. jernaldergarden på Ullandhaug utanfor Stavanger. Difor skulle ein tru at dei gamle lovene, Gulatingslova og ML hadde reglar for slike gjerde. Desse lovene har fleire reglar for gjerde, men medan ulike tregjerde er nemnt opp til fleire gonger i teksten er ikkje stein nemnt i det heile.

Gulatinget omfattar studieområdet for oppgåva, og er derfor den av dei eldste lovene som er aktuell for oss. Gulatingslova seier ikkje mykje om gjerdetypar og materiale. I føresegna om hageskifte vert hafellegarden nemnt. I Ivar Åsen si norsk ordbog er substantivet "Hagfelle" omtala som: *"Gjærde; især om Gjærder som ere dannede af nedfældede Træer, saaledes at toppen af det ene Træ lægges over Stammen af det andet."*

ML har skildringar av gjerda og konkrete kvalitetsmål. Lova nemner fire ulike typar tregjerde, medan steingjerde ikkje blir nemnt. Den første garden som ML omtalar vert det ikkje sett namn på. Det kan tyda på at dette har vore den vanlegaste gjerdetypen. Forutan kravet om kor høg og kor tett denne skal vera for bli kalla "gild", er det og ein kort skildring av korleis denne skal vera bygd. *"Men den gard er gild, som har en alen mellom hver staur og hver tredje staur er hjaastaur (skraastotte) og alle er jâret (-, d.e. fâstet til en overligger) og têt,..."* (Taranger 1915 s.129). Kva som tettar denne garden slik at ein ikkje kan kaste ei "buloks" gjennom står det ikkje noko om. Truleg kan det vera kvist og bar. Østberg (1932) hevdar at denne garden kan vera "våndagard", måten staurane er sett på er lik skildringa i ML. Det som gjer at gjerdet vert tett er greiner som er fletta inn mellom staurane. Østberg skriv og at i store delar av landet vart einer bruka til dette føremålet. Dette høver bra med Ivar Åsen, han forklarar ordet "gjerdevond" med: *"Gjærdsel (=gjerdefang), især Riisgjærder, af Enerbuske og desl."* Det at desse gardane skal vera oppsett til krossmesse (3.Mai), tyder og på at dette gjerdet var laga av lett materiale, risgard eller kvistgard.

Det neste gjerde som vert nemnd er **rimagard** (sprossegjerde el. grindar), den tredje er **skogarden** og den siste er **hagfællegard**. Om rimagarden er det sagt kor mange sprosser det skal vera, og om korleis desse skal vera festa. Om skogarden kan ein merkje seg at; "-den skal man opføre etter sedvane der, hvor man har godt trævirke-", (Taranger 1915 s.129), dette kan sjåast på som eit døme på kor sterkt tilgangen på gjerdefang verka inn på gjerda.



Figur 2: Ulike typer gjerde. Figuren er henta frå Asheim (1978 s.61)

Sjølv om stein ikkje er nemnt som gjerde i dei gamle lovene så kan ein ikkje seia at stein ikkje var nytta som gjerde i denne tidbolken. Rønneseth hevdar at utgard- systemet på Jæren vart bygd før mannedauden (Rønneseth 1978 s.105). Sjølv i område der steingjerde ikkje er så dominerande, er det mykje truleg at ein hadde ein kombinasjon av stein og tre, sjå figur 2. Asheim (1976 s.14) hevdar at steingjerde var lite brukt på Austlandet, men at det vart nytta låge steingjerde eller rekkjer med stein for å seinka roten på treverket nedanfrå. Steingjerde har i slike tilfelle ikkje vore hegnande i seg sjølv, det har difor vore naudsynt å setja eit lettare tregjerde oppå.

2.1.2 Nyare former for gjerde

I dag er det heller sjeldan at ein nyttar stein og tradisjonelle tregjerde. Det meste av gjerda i dag vert laga av ståltråd og straum. Pålane som held strengane oppe er anten impregnerte trepålar eller lette pålar i plast eller glasfiber. Desse gjerda er mykje lettare å setje opp og flytta, og dei gjev betre hegn.

Går ein til gamle lanbrukstidskrift så er det mykje spørsmål omkring bruken av ståltråd og piggtråd som gjerde kring 1890 og utetter. Spørsmåla dreier seg frå om kva tjukknaad tråden bør ha, om ståltrådgjerde er farleg for dyra og om det er lovleg å setja opp piggtråd. Mykje av desse tidlege spørsmåla gjeld ikkje eigentleg reine ståltrådgjerde, men ståltråden som supplement til eksisterande gjerde og til hjelp ved oppsetjing av tregjerde. Ferdigprodusert firkantnettgerde vert presantert som ein nyskaping i Norsk Landmansblad i 1897, (Heje 1897 s.130).

Kva tid kom så desse nye gjerda i vanleg bruk? Går ein til lovverket, så ser ein at dei ikkje er nemnde i Lov om jords fredning frå 1860. Bjørnstad (1945 s.70) skriv at trådgjerde av stål ikkje var vanleg då lova vart laga. Det var noko av årsaka til at ein vanskeleg kunne einast om kva krav som skulle setjast til gjerde. Piggtråden vart patentert i USA i 1873 og kom inn i det norske lovverket i 1893. I forslaget til "Reglement for utskiftings- og skogvæsenets maalingar m.v." frå 1911, er det kome til eit eige kartteikn for "staaltraadgard".

Går ein til gamle bilete så ser ein døme på ståltrådgjerde så langt tilbake som 1889 (Risa 1990 s.19). Både i Risa (1990) og Tjeltveit og Høibo (1987) ser ein fleire døme på gjerde laga av ståltråd rundt 1910. Ståltråden vart og nytta som supplement på toppen av

steingjerda, sjå fig.3 som syner piggråd sett oppå steingjerde. Det er ingen ting som tyder på at gjerde av ståltråd var særleg vanleg før hundreårsskiftet. Men langs Jærbana som stod ferdig i 1878 har det alltid vore brukt ståltråd (E.K.Time pers. med).



Figur 3: Steingjerde forsterka med piggråd.

Dei tidlegaste stålgerda var laga av fleire parallelle trådar sett opp på pålar. Det var ikkje noko som heldt dei saman utanom pålane. Difor måtte trådane vera svært strame, om eit slikt gjerde skal vera godt nok hegn mot sau, (Schumann 1893 s.540). Dei første nettgerda vart laga på garden. Ein vreid desse til sjølv, eit tidkrevjande arbeid. Seinare kom ferdigproduserte nettgerde, det er desse ein ser på bileta frå 1910 og utover. Nettgerda vart og produsert i høgder på ein halv meter, desse vart bruka oppå steingjerda slik at desse vart tilfredsstillande hegn. Slike gjerde kan ein sjå døme på den dag i dag.

Stålgerde utgjorde eit stort framsteg. Det hegnar betre enn steingjerde, det treng mindre vedlikehald enn tregjerde og det er lettare å setje opp og det er lett å flytte. Avhengig av kor tjukk strengen er og kvaliteten elles kan eit galvanisert ståltrådgjerde ha ei levetid på over 30 år på Vestlandet. I dag nyttar ein og stort sett impregnerte pålar slik at desse står lenger. Tidlegare var ein nøydd om å skifte ut pålane med jamne mellom rom, 15 til 20 år. Treslag som er motstandsdyktige mot råte vart difor valt ut til gjerdestaur. Staur av einer er rekna som gjerdestauren sin Rolls Royce. Schuman (1894 s.43) hevdar at staur av einer kan ha ei levetid på mellom 50 og 100 år!

Siste generasjon gjerde er straumgjerde. Straumgjerda gjorde som mykje anna sitt inntog her i landet etter krigen. Utover på femtitalet vart det laga fleire driftsplanar der straumgjerde inngjek, (E.K.Time pers.med.). Til å byrje med var dette ein straumførande ståltråd som det vart feste isolatorar på trepålar. Straumkjelda var svære aggregat. Seinare har ein fått pålar i plast og lett tråd eller band med tynne ståltrådar i. I dag nyttar ein batteri i staden for aggregat. Straumgjerde er veileigna for mellombels gjerding, då det er lett å flytta, til dømes ved stripebeiting. Som grensegjerde er det derimot mindre brukt, då det treng jamleg ettersyn og er utsett i vind. Ein har likevel straumgjerde oppsett som permanent gjerde, men då vert det med eit mykje meir tidkrevjande arbeid å setja det opp og ein må bruke ståltråd.

Som eit siste hegn eller "levande gjerde" kan for ordens skuld nemnast hunden. Einskilde stader har ein lært gjetar hunde opp til eit levande gjerde som held dyra ute frå åker og eng. Rett nok ikkje mykje brukt i Noreg, men nytta i Tyskland og Skottland (Schumann 1893 s.584) og på Færøyane (Steinsholt pers.med.). Til hjelp i opplæringa av hunden har ein då hadt eit lågt gjerde som markerte grensa.



Figur 4: To generasjonar gjerde, steingjerde og nettgjerde laga av galvanisert ståltråd.

2.2 STEINGJERDE.⁸

Steingjerda får ulik utforming etter tilgang og forma på steinen. Ein kan skilje mellom tre hovudtypar.

- Enkel steingard: Steingjerde med breidde på "ein stein", vanskeleg å lø og å få til å stå.
- Dobbel steingard: Steingard med breidde på "to" eller fleire steinar. Lettare å lø og stødigare enn den enkle.
- Megalitt gjerde: Steingard av store steinblokker (megalittar) lødd med gravemaskin. Sjå fig.5.



Figur 5: Megalittgjerde på Jæren.

Steingjerde i utmark, som er sett opp utelukkande for å hegna, er som oftast enkle. Der kor steinen er god å lø med, kan ein sjå døme på korleis ein har prøvd å dryge steinen. Er det rikeleg med stein, og der kor steinen er vanskeleg å lø, kan ein sjå døme på doble gardar også i utmarka. Motsetninga til gjerda i utmark, finn ein der kor steingjerda er ein kombinasjon av steindeponi og gjerde. Her råder den doble garden og ein kan jamvel sjå døme på gardar som er fleire meter breie, til dømes på Stave på Lista. Den doble garden er lettare å lø enn den enkle, og di breiare den vert di lettare er det å lø.

⁸ Kapitlet byggjer i hovudsak på eigen kunnskap og Schumann (1893).

Kva kvalitetar har stein som gjerdemateriell?

Ein steingard med slette sider og som er høg og stødig er eit godt hegn, den hindrar og dyra i å stikke hovudet gjennom for å beite på den andre sida. På den måten slepp ein at dyr heng seg fast i gjerdet eller at gjerdet blir sprengt. Schumann (1893 s.514) hevdar at ein god steingard er det absolutt beste gjerde dersom ikkje tek med det "nye" stålnettgerde. Problemet er å få steingarden så god⁹, "*Men herved er den omstendighet å merke at steingjerder hegner mindre godt enn de ovennevnte tregjerder. Den aller største mengde stein er nemlig av en så uregelmessig form at den for det første ligger mindre stott i gjerdet, dernest blir dets sider meget ujevne (ru), eller iallfall ikke så jevne at en sau får fotfeste for å springe over, om gjerdet er sine fulle 4 fot. Høyst sjelden kan man få såpass likeformet rettvinklet stein at dermed kan oppføres gjerde med så jevne sider at sau ikke kan få fotfeste i samme og springe over.*" (Henta frå forarbeida til gjerdelova frå 1860, her henta frå Bjørnstad 1945 s.72).

Der kor det er rikeleg med stein, anten oppå bakken eller åkerstein som vert teken or jorda, er det og eit gratis materiale. Det å lø ein god steingard tek og mykje tid, slik sett kostar det å setje opp steingjerde og. I følge Schumann (1893) var steingjerde mykje dyrare å setje opp enn tregjerde dersom det skulle være tilstrekkelig hegn for sau. Der kor det var rikeleg med stein til dømes i samband med nydyrking, "*vil stengjærder ofte bli det i længden billigste*" (Schumann 1893 s.516). På det trelause Jæren og Lista har det heller ikkje vore nokon særleg tilgang på trevirke som ein kunne avsjå til gjerde, slik at steingjerda må ha vore endå meir konkurranse dyktig.

Ein stor fordel med steingard er at denne ikkje rotnar. På berggrunn og anna frostfri grunn kan steingjerda stå mest utan vedlikehald. Frosten får bakken til å "leva", slik at steinen rasar ut. Det same skjer om steingarden blir sett opp på myr eller anna jord som sig. For at frostene ikkje skal få tak har ein summe stader grove botnsteinen ned i bakken. Gode steingardar har like mykje stein under som ovanom bakken, (E.K.Time pers.med.) Ved restaurasjon av ein steingard heime, fann me mykje bjørkenever under og ved sida av steingjerde, truleg har dette vore ein måte å hindra frostene.

For at steingarden skal være eit tilstrekkeleg hegn, er det ofte naudsynt å forsterka den med anten tre eller tråd. Steingjerde vil då være det massive som gjer at dyra ikkje trengjer gjennom. Gjerdet som kjem oppå er mest til for at dyra ikkje skal forsøka på å hoppa over, sjå fig. 3. Det er mitt inntrykk at det har vore ein etter måten mykje brukt

⁹ Schumann (1893 s.514) hevdar at steingjerde må være 2 (to) meter høg for å fredda mot sau av svartfjesrasen. Mot andre saucerasar, som liknar meir på dalasauen, var 1.57 m. tilstrekkeleg.

måte å gjerda på. Sal av nettgjerde som er ein halv meter høgt er ikkje brukande til så mykje anna.

2.2.1 Utviklinga sin verknad på steingjerda si utforming og plassering

Utviklinga innan teknologien har verka inn på steingjerda som på alt anna. La oss tenkje oss at ein brukar vil utvide åkerarealet sitt i førre hundreåret. Han bryt på innmarka, han brukar spett, vektstenger og ein enkel sle til å dra vekk steinen på, (Valen-Sendstad 1964 s.223). Det vart teke opp ikkje så lite stein på dette viset. I Stavanger amts Landhusholdningsselskap si grunngjeving for to udelte premie står å lesa: at bonde Jonas Gabrielsen har "*opsat meere end 257 Favne Steengjærder af 11/2 Alens Høyde, og i Grunden 11/4 Alens Brede*" (her henta frå Lye 1979 s.232)¹⁰. Husmannen Ole Bråstein fekk premie for i løpet av to år ha "*optaget et stykke uryddet Mark til et Husmands Plads, optaget deraf omtrent 1000 Læs Steen, opsat samme i et Gierde af 179 2/3 Favners Længde, samt et Fæehus af 39 Alen i omkreds, og et Tørkehus av 33 1/2 Alen, Muren tyk 2 Alen*". (Lye 1978 s.232). Desse premiane vart delte i 1777, før nyriddinga tok til for alvor på Jæren. For at steingjerda skulle premierast av landhushaldningsselskapa, måtte dei vera doble (Eikeland 1968 s.132).

Utover på 1800 skaut nyriddinga fart, og jærbuen tok i bruk både minebor og slegger. Arbeidet kravde arbeidshjelp, "*det kunne gå opp til flere dagsverk bare å få tatt opp en enkelt diger stein*" (Valen-Sendstad 1964 s.223). Reiskapane tillet ikkje nokon særleg lang transport av steinen. Dette var nok med å prega kvar steingjerda vart bygde. Steinane vart nok for det meste slept den kortaste og lettaste vegen ut til kanten av teigen eller til grensa mot naboen. For at steinen ikkje skulle ta for stor del av arealet vart det naudsynt å lø den opp. Dei fleire meter breie steingjerda på Stave på Lista er nok blitt så breie fordi det ikkje var mogleg å transportere bort steinen. Steinen vart ikkje berre nytta til gjerde eller lagt i røysar, den vart og brukt til å bygga nye driftsbygningar (Valen-Sendstad 1964 s.62).

Ynskje om freding av jorda gjorde det og aktuelt å ta det tunge tidkrevjande arbeidet med å lø opp steingjerde. Skulle ein kvitte seg med steinen på anna måte måtte ein finne noko anna som gjerdefang, verken på Jæren eller Lista har det vore nokon rikeleg tilgang på anna gjerdefang. Ein finn døme på at steinen vart lødd opp, sjølv om det ikkje var til hegn. Ein kan den dag i dag sjå fleire stader kor det er høge massive røysar midt i teigen.

¹⁰ Ein steingard på 1.5 alen (ca 90cm) var neppe nok til å freda mot sau.

Andre stader ligg røysane meir eller mindre opplødd i kanten av teigen medan utgarden går eit stykke utanom, på fig.20 ser ein korleis dette tar seg ut. På gamle åkrar kan ein og sjå små røysar som ligg oppå dei jordfaste steinane (Asheim 1978 s. 101). Var det rikeleg med stein vart det bygt mykje steingjerde, til dels på kryss og tvers, sjå fig. 8.

Det var ikkje nokon nemneverdige endringar når det gjaldt metode for transport av stein før ut på dette hundreåret. Rett nok vart hjulkjerra vanlegare, men nokon særleg lang transport var nok ikkje vanleg. Reiskapane til å få opp steinen med vart etterkvart betre. Ein tok i bruk steinbukk og minebor. For Jæren er steinbukken blitt ståande som eit symbol på nyryddinga. Steinbukken er vist på fig. 6. Det var lanbruksskulestyrar J.A. Budde som "innførte" steinbukken kring midten av 1800 (Valen-Sendstad 1964 s.286). Steinbukken vart og nytta i arbeidet med å lø steingjerde.



Moderne jordbruk. Nybrottsfelt i Varhaug (Høg-Jæren).

Figur 6. Steinbukk. Biletet er henta frå Reiestad (1939 s.160) og har fått med den originale bilet teksten.

Nokon avgjerande endring i korleis steinen vart handsama etter den kom or jorda får ein ikkje før ein byrjar med bulldosar- dyrkinga. Rett nok kom traktoren, men utan ordentleg reiskap til å lesse steinen med vart han meir å rekne for ein sterk hest. Traktoren sitt store bidrag var først og fremst evna til å dra plogen.

Stålgjerde vart vanlegare kring hundreårsskiftet og erstatte stein og tre som gjerde. Det var ikkje lenger naudsynt å lø opp steinen i steingjerde, det vart billigare og betre med det nye gjerde. Når steinen ikkje lenger var naudsynt til eller bruka til gjerde, så vart han rekna mest som eit avfallsprodukt frå dyrkinga. Dette kombinert med nye dyrkingsmåtar medførte at det vart slutt med å lø steingjerde for hand.

Ved bulldosar- dyrkinga skauv ein steinen føre seg så langt ein kunne. Dette vart gjort i to retningar, kor langt ein greidde å skyve vart avgjerande for kor store teigane vart. Steinen vart på dette viset berre skyvd opp i ein uryddig rygg. Nokre stader har ein planta skog i jorda som følgde med slik at ein har fått ein nokså særprega landskap. Eit glimrande eksempel på denne måten å dyrka på har ein på bureisingsfeltet på Elgane i Hå.



Figur 7: Maskinelt opplødd ryddningsrøys. Personen på biletet er tidlegare fylkeslandbruksjef i Rogaland Einar K. Time som har vore ei viktig kjelde i samband med oppgåva.

Det er gravemaskinen samt betre traktorar og reiskapar til denne som har endra Jæren mest i dette hundreåret. "Brøyten", som brødrene Søyland laga på gamle kanonlavettar,

vart tatt i bruk utover på 1950-talet (Hodnebø 1990 s.35, E.K.Time pers.med.). Den sto mest like tett utover Jæren som det steinbukken gjorde i si tid, skriv Simonsen (1978 s.89). Gravemaskinen tek opp steinen og lempar den til sides i store røysar. Kombinert med nye reiskapar til traktoren som steinsamlar og steinriver som kom på syttitalet, blir steinen fjerna heilt maskinelt og kan køyrast vekk i store deponi. Desse deponia kan vera meir og mindre opplødde eller dei kan vera reine "tippar" der kor terrenget er bratt nok, figur 7 syner ei moderane opplødd ryddningsrøys.

Gravemaskinane fekk større kapasitet og ein tok til å grava all steinen ned der kor ein ikkje kunne deponere han på impediment mark i nærleiken. Mange av dei steingjerda som er fjerna dei siste tiåra har fått ei kald gravferd, med "Brøyten" som bøddel og gravar. I siste lekken i historia om teknologien og steingjerda er det likevel gravemaskinen som står for bygginga av steingjerda. Utstyrt med gripeklo i staden for skuff kan ein i dag leggje opp gigantiske megalitt gjerde, som kan vera over to meter høge. Ofte er det vel så mykje stein under desse som over for at dei skal stå på frostfritt underlag. (E.K.Time pers. med.) Slike gjerde er eit absolutt hegn og treng ikkje vedlikehald.

2.2.2 Steingjerda sin verdi for det biologiske mangfaldet.

Steingjerda er viktige for det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet. Dei dannar kantar og skift i vekstvilkåra for planter og dyr. Konkurransvilkåra er andre rundt steinane enn midt ute på åkeren. Det er og vanskeleg å koma til med landbruksmaskiner nær opp til ein steingard. Dette gjer at planter som elles ikkje klarer seg mot hausting og sprøyting får eit avgrensa areal å vekse på. Insekt trivst i kantsonane og ein rik insektsfauna gir og ein rikare flora, (Hågvar 1991 s.50). Fuglane trivst og ved steingjerda. Når insekta trivst her, så er det og godt om mat for dei insektetande fuglane. Steingjerda kan og vera gode reirplasser for til dømes Linerle og Steinskvett.

Hågvar set opp fleire tal for ulike artar og kor påverka dei er av den strukturrasjonaliseringa det har vore i landbruket etter krigen. "*Vi får færre biotyper tilbake pr. arealenhet, og større avstand mellom "naturreservatene"*". (Hågvar 1991 s.50). Som eit av tolv verkemiddel for å bevare artsrikdommen skriv Hågvar (1991 s.54): "*La steingjerdene ligge. Steingjerdene skaper variasjon, både med sin kantvegetasjon og ved at de gir skjul og bolmuligheter for humler og andre insekter. De gir videre en viss lé-effekt på flatt lende.*" Mosaikken er og viktig fordi denne bind dei ulike leveområda for planter og dyr saman. I ein folder gitt ut av Direktoratet for

naturforvaltning om retningslinjer for tildeling av tilskot for å ivareta det biologiske mangfaldet er steingjerde, ryddningsrøysar og geilar rekna blant område som kan vera viktige å ta vare på (Direktoratet for naturforvaltning 1996 s.5).

2.2.3 Steingjerda sin estetiske verdi.

Steingjerda bidreg som nemnt over til eit rikare plante og dyreliv. Dette gjer at opplevingsverdien av landskapet stig: fuglar som set og vippar på steingjerdet og mest småpratar og "småskjeller" når du går forbi. Synet og angen av ein busk med nyperoser, der du kan plukke den største og gi din kjære ein lys sommarkveld.

Steingjerda har i seg sjølv ein estetisk verdi. Dei er byggverk, om ikkje storslåtte som pyramidane og Triumfbuen, men nære og forståelege. Når ein ser på dei endelause rekkjene med stein som er lagt opp kan ein bli reint overvelda når ein tenkjer på kor mykje arbeid det har kosta. Ein steingard som står oppe og som er godt lødd vitnar om tolmod og flid. I tillegg er dei ein viktig historieforteljar, og blir av svært mange oppfatta som svært gamle. Dei fortel at landskapet ikkje alltid har vore under kultur, og at der har kosta slit å omskape landskapet frå urørt natur til eit landskap prega av kultur.

Dei bidreg og til å dele opp landskapet slik at ein ikkje får store flater med monokulturar. I og med at ein kan få oppslag av skog ved steingjerda kan dei og bidra til å skape landskapsrom. Mosaikken er i seg sjølv viktig for landskapsbiletet. Eilert Sundt skriv om steingjerda på Jæren; "*som et storartet og endeløst Kniplingsværk, Maske i Maske og med alle slags Slyngninger*". (Her gjengitt etter Valen- Sendstad 1964 s.224). Geelmuyden (1997 s.57), skriv og om kor viktige steingjerda er for landskapet. Grovt sett kan ein sei at med færre steingjerde vert det færre detaljar å feste augo på, slik sett vert sanseintrykka fattigare. Det vil bli mindre døme på endringar i form av kultur kontra mangel på kultur og natur. Færre steingjerde gjer og at ein ikkje kan sjå at alle steingjerde med sin kantvegetasjon er ulike, det vert færre nyansar.

2.3 ULIKE BUFE OG KRAV TIL GJERDE

Nokre dyreslag ^{DR} vanskelegare å hegne enn andre. Problemet med å få steingjerde til å hegne for sau var eg inne på lenger opp. Striden om kva krav ein skulle stille til kva dyreslag gjerde skulle hegne mot var sentral i arbeidet til "Lov om jords fredning 1860". Kjernen i striden var nettopp problemet at sauene er vanskelegare å hegne enn storfe.

Kravet til gjerdet varierer ikkje berre frå dyreslag til dyreslag, men og frå rase til rase og frå individ til individ. Einskilde kan bli rett så utpekerte og "med flid og innsikt" øydelegga gjerdet¹¹, det er slike dyr som har fått nemninga "gardbrytarar" i middelalderlovane. Utforminga og val av gjerde varierer såleis etter kva slag bufe ein vil hegna. Før den første gjerdelova kom i 1860, var det ikkje alminneleg å rekne at gjerda skulle vera gode nok til å hegne for sau. I dag er gjerda så gode og lette å setje opp at ein er i stand til ikkje berre å gjerde bufe, men og t.d. hjort. Såleis har det ikkje alltid vore.

Verken piggråd eller eit reint trådgjerde er eigne til å gjerde småfe. Ein ullsett sau kjenner mest ikkje piggane og kan difor smyge gjennom. Til å gjerda for småfe er mest berre nettgjerde av stål eigna. Geita er mest umogleg å hegne med stein, ja har du ei riktig ram geit kan ho vera vanskeleg å stengje sjølv med trådgjerde. Straum derimot har vist seg svært så effektivt på geit. Storfe er i regelen lettare å hegne enn småfe. Dei tunge kyrne ein har i dag står stort sett for ein god steingard eller ein enkelt piggråd/straumtråd. For at storfe ikkje skal leggja seg på å bryte ned strengjerde er det vanleg å setja piggråd eller straumgjerde oppå.

Dei gamle tregjerda må ha vore eit betre hegn en steingjerda. Det går fram av forarbeida til gjerdelova frå 1860, (sitert ovanfor).

2.4 GJERDE OG TERRENGET.

Kvar ein set gjerde i terrenget avgjer og kor godt hegn ein får. Som nemnt var og er sjølvgjerde nytta i størst mogleg grad for å lette gjerdehaldet. Men det er ikkje berre terrenget, som er hegn i seg sjølv, som avgjer kvar ein set gjerda. Gjerda vert ofte sett i delvis sjølvgjerdande terreng. I terreng kor dyra i utgangspunktet har vanskeleg for å ta seg fram skal det som oftast ikkje så mykje til før ein har fullstendig hegn. Set ein gjerde oppå ein brink vil dette lette presset på gjerdet. Går gjerdet parallelt med høgdekotene vil det hegna mykje betre nedanfrå enn ovanfrå. I ein bratt bakke må gjerdet som regel vera mykje høgare enn om det står på flat mark for å freda mot dyr som går ovanfor.

¹¹ Gardbrytarar er leie å ha med å gjera. Her følgjer Schumann (1893 s.559) si skildring av korleis sauen prøver å koma gjennom "jærnrådsgarden". "*En sliig prove overlades ofte enkelte av flokken - særskilt smidige, udspekulerte individer, medens de øvrige enfoldige iagtar, hvad udfald forsøget tar. Ikke så sjelden ser man fårene indrette det sig imellem på den vis, at et av dem borer og borer, idet en del andre puffer eller stoder sin ufortrodne kammerat for muligens at ødelegge garden*".

Presset på gjerdet vil og variere på flat mark. Er det impediment mark på begge sider av gjerdet vil presset være lite. Det motsette er til felle kor gjerdet skil mellom impediment mark og god eng. Eit dyr som går på godt beite vil ikkje ha same trongen til å forsere eit gjerde, som eit som står innestengd i ei kve med godt beite rett utanom.

2.5LOVVERKET OM GJERDE OG GJERDEPLIKT

✓ 2.5.1 Mellomalder lovane

Reglane i ML om gjerde, er tekne over i Kristian IV og Kristian V norske lover (Østberg 1932 s.54). Gjerde, og reglane om gjerde, skal være med på ordna tilhøva mellom grannane og sikre godt granneskap. "*Gard er grannesemjar*" står det i Gulatingslova i kapittel 11 "*Meir um grannhøve*" (Robberstad 1969 s. 109). I ML heiter det: "*Nu er gard granners fredstifter*" (Taranger 1915 s.128).

I følge Østberg (1932) var det grunnleggjande prinsippet i dei gamle lovene at det var jordeigaren som hadde ansvaret for å frede si eiga jord. Han kunne rett nok krevje hjelp frå grannen. I Gulatingslova kjem dette klårt fram kap. 9 i Landleigebolken "*Um gjerding og ødejord*". Her heiter det at den som eig denne skal gjerda denne sjølv, "*for ingen skal stå til gardstaur for ein mann*", (Robberstad 1969 s.108). Det går fram at denne ødejorda ligg i utmarka slik at ho ikkje vert freda av den felles utgarden. Dette grunnprinsippet vart endra i den første særskilte gjerdelova, Lov om Jords Fredning frå 1860.

- ✓ Middelalder lovane har reglar om fordeling av gjerdeplikt både for den felles utgarden og mellom gardar eller bruk som ligg skilt frå kvarandre. Gjerde mellom gardane vert kalla merkegard. Gjerdebyrda skal delast etter kor mykje jord den einskilde oppsitjaren har eller etter sedvane. Same regelen gjeld for merkegarden. I Gulatingslova står det slik: "*No bur to eller fleire menn på ein bø, då skal dei halda gard etter som dei har jord til og som det har vore frå gamal tid.*" (Robberstad 1969 s.109). Om gjerde mellom gardar heiter det i Gulatingslova, føresegn nr. 82: "*No bur menn på kvar sin bø i same grend, og den eine vil ha merkegard millom dei,...*" (Robberstad 1969 s.110). Kva som her er meint med bø og grend er ikkje heilt klårt, går ein til ML står det: "*Om folk vil ha gjærder mellem gaardene,...*" (Taranger 1915 s.130). Kjelda til ML er her i følge Taranger føresegn nr. 82 i Gulatingslova. I tillegg til desse gjerdeføremåla har

Gulatingslova reglar for korleis det skal vera med skifte og gjerde i buhagen. Fordelinga av gjerdehaldet er det same for hagegarden som for merkegarden. I M.L. er det ikkje teke med noko om hagegarden, den går inn under reglane om gjerde mellom gardar. Hagegarden¹² er i Gulatingslova ein hafellgard, og om hafellgarden står det i ML: "...*hagfællegard, som folk har som merkegard mellem sine eiendomme;*..." (Taranger 1915 s.129).

Den som vil ha merkegard kan tvinga den uvillige til å delta i gjerdehaldet. Dersom den eine er uvillig eller dei ikkje kjem til semje om fordelinga av gjerdehaldet skal dette avgjerast ved "skjønn". ML kap. 31 i Landsleigeboeken: "*Femt skal stevnes til at fordele gjærdepligten og til at kaste lod og ha vidner tilstede, hvad enten han vil eller ei, og aabyrge ham gjærdet og al den skade som kvæget forårsaker, hvem der end eier det.*" (Taranger 1915 s.131). Tvangsmidlet mot den som ikkje tek sin del av gjerdet er, som det går fram ovanfor, at han må bøte for all skade som det manglande gjerdet medfører. Det spelar ingen rolle om han ikkje eig det bufeet som gjer skaden berre det kjem over der kor han har ansvaret for garden. Dette gjeld både for merkegarden og utgarden. Tvangsmidlet for hagegarden i Gulatingslova er eit unntak. Her er det ikkje snakk om erstatning så som for utgard og merkegard. Men bufeet åt den som ikkje set opp sin del av gjerde "fell ugildt" dersom det kjem over i den andre sin hage. Det vil sei at det kan slåast i hel dersom det kjem over. Føresetnaden er at den som slår det i hel har sett opp sin del av gjerde (Robberstad 1969 s.110). Har begge partar tatt sin del av gjerdet og garden er gild og det likevel kjem dyr over, kan eigaren av dyret påleggjast å gjete det betre, såkalla "heimbod" (Robberstad 1969 s.354).

Det vert og sett krav til kvaliteten på garden. Særskilt ML har skildringar av gjerda og konkrete kvalitetsmål, om garden er gild eller ugild. Held ikkje gjerde mål skal den som har ansvaret for gjerdet: "...*bote den skade, som kvæget gjorde hans naboer for hans vangjærdings skyld.*" (ML kap. 29). Lova nemner fire typar gjerde. Den første er det ikkje namn på, men truleg er det ein "våndagard" (Østberg 1932) eller ein "risgard". Dei tre andre er skigard, rimagard og hafellgard. Om hafellgarden blir det her sagt at den er i bruk som merkegard. Også sjølvgjerde er nemnt, dette er godkjent som gjerde så lenge det hegnar, men dersom dyr kjem over skal kvar setja gjerde for sin part.

Gjerde skal setjast i stand om våren og haldast vedlike til avlinga er i hus om hausten. Tidspunktet varierer noko mellom dei to lovene, men prinsippet er det same. Slike

¹² I I. Åsen norsk ordbog er hagard ført opp som ei anna form eller nemning av merkegard.

tidspunkt er det og for kva tid ein skal flytta dyra ut or "heimehagen". ML seier at gjerda skal vera oppset til krossmesse (3.mai). Og på Halvardsmesedag (15. mai) skal det vera grannestemne, der ein avgjer om gardane er "gilde". I følgje Østberg (1932) er dette den einaste lovføresegna om grannestemne me har hatt i Noreg, og denne stod ved lag fram til Lov om jords fredning i 1860. Kva grannestemne er, og kor vidt det femnar er ikkje klårt. Frå Lista er det kjend at det var "gardstyre" anten ved fleirtalet eller ved "gardsfuten" som tok avgjerder i samband med gjerdehald og beiteslepp, (Lista- landet 1984 s.50 og s.77fl.)

Gulatingslova har unntaksreglar for bufe som er særskilt rangt, "gardbrytar". "Um ei ku har for vane å bryta gard eller smyga igjennom, skal dei gå til grannane sine og lata dei sjå garden. Um dei tykkjest garden er lovleg, skal den som eig gardbrytaren, bøta all skaden som vert gjord." (Robberstad 1969 s.109) Omtrent den same ordlyden finn ein i ML. Dersom gjerde held mål (er lovleg) og er sterkt nok til å hegna i normale omstende skal den som eig gardbrytaren bøta for skaden. Det same gjeld for bufe som bryt ut or kvea. Det er i ML fleire reglar om straff for den som øydelegg gjerde. Og gjerda høyrer garden til, ein leiglending som flytter frå garden har ikkje rett til å ta opp gjerde.

Det er og vert å merkje seg at desse gamle lovane berre omhandlar hegning av storfe. Rett nok kan småfe og gå inn under nemninga bufe, men det er ikkje noko som tyder på at så er tilfelle. Der kor det er brukt andre ord enn bufe er det kveg og ku som er nytta. Ein finn heller ikkje noko anna som tyder på at lova skulle gjelde for sau og geit. Slår ein opp i Ivar Åsen si ordbog så er bufe forklara med: "køer, hornkvæg".

2.5.2 Lov om jords fredning av 1860 (ljf)

Grunnprinsippet når det gjeld gjerdeplikta er endra i denne lova i høve til dei gamle. Medan jordeigaren tidlegare var nøydd til å gjerda inne jorda si, er det nå eigaren av dyret som har ansvaret for å gjete dyra sine. Gjerde er meint som ein letting av arbeidet eigarane av husdyr har til å vakta dyra, så dei ikkje kjem inn på andre sin eigedom. Dersom han vil setje opp gjerde for å lette gjetinga, skal den andre ta halvparten av gjerdebyrda (Bjørnstad 1945 s.13). Bjørnstad refererer vidare til Landbrukskommisjonen av 1902 som hevdar at reglane om gjensidig gjerdehald er bygd på den forutsetning om at alle grunneigarane på landsbygda held husdyr. Dette vert gjentatt av Beitekomiteen av 1935 (Bjørnstad 1945 s.16). Det er ikkje i denne lova som i Gulatingslova og ML at det er sjølvsagt at kvar brukar set opp kvar sin del av gjerde. Bjørnstad refererer til fleire

Høgsterettsdommar som slår fast at eigaren av bufe har eit ekstra ansvar for dyra sine. Problemet kjem særleg til utrykk der kor den eine parten ikkje har husdyr, og dermed ikkje har nokon dyr han skal vakte.

Før gjerde på innmark og mellom innmark og utmark kan ein krevje at naboen tar del i, dersom denne ikkje kan nytta seg av fritaksgrunnane i ljf §3, sjå nedanfor. Der kor det er utmark på begge sider av gjerdet er situasjonen annleis. Er det gjerde frå før skal dette haldast vedlike i den standard det har. Det må likevel væra eit fullverdig hegn, (Bjørnstad 1935 s.28). Nytt gjerde kan ein ikkje tvinge naboen med på utan at det vert godtgjort at det er til gagn for begge partar. Dette er nytt i høve til Gulatingslova og ML der det ikkje er noko slikt krav. Om det skal setjast opp nytt gjerde der kor utmark støyter mot utmark skal avgjerast ved skjønn. Under skjønnet kan den som eventuelt er ueinig få vurdert om fritaksgrunnane for gjerdeplikt etter ljf §3 er til stades, sekundert kan han få vurdert om han bør få reduksjon i gjerdebyrda etter ljf §7.

Fordelinga av gjerdeplikta skal delast med ein halvpart på kvar av partane. Dette er og ei endring i høve til dei gamle lovene kor storleiken på bruka spela inn. Gardar som ligg i fellesskap eller i teigbytte oppfattast som ei eining når det gjeld gjerde mot nabogard ljf §8. Fordelinga av gjerdebyrda mellom dei einskilde bruka mot nabogarden skal fordelast etter forholdstal, anten etter andelen i fellesskapet eller ut frå den gamle skatteskylda. Det ligg i dette at gjerdebyrda mot utmark og vert fordelt etter forholdstal på same viset som i dei gamle lovene.

Før både innmark og utmark kan gjerdeplikta fella vekk dersom einskilde føresetnader er til stades. Unntaka er omhandla i §3 i lova. Eg nemner her to av i alt fire grunnar til at gjerdeplikta kan falla bort. Den første grunnen er der kor naturforholda gjer det uforholdsmessig dyrt å gjerde i høve til nytta. Gjerdeplikta fell og vekk der kor garden ligg i teigblanding og ein ved eit jordskifte kan forenkla dette. Denne siste regelen gjer at gjerdelova frå 1860 ikkje kan brukast på innmarka på gardar som ligg i teigblanding og som ikkje har vore utskifta etter utskiftingslova frå 1857. Bjørnstad (1945 s.35) refererer til fleire Høgsterettsdommar som stadfester dette.

Dersom det vert gitt fritak for gjerdeplikta og dyr kjem over, er eigaren av dyret ansvarleg og skal betala eventuell skade. Det blir på same viset som med gardbrytarar i dei gamle lovene. På same viset er det også dersom dyr bryt seg over gjerde som er lovleg hegn etter ljf §13.

Dersom ein part ikkje set opp gjerde på den delen han er pålagt å gjerde kan den naboen som lid skade setje i stand gjerde på motparten sin kostnad. Dette skal avgjerast ved lensmannskjønn, og eit slikt kjønn er tvangsgrunnlag.

Lov om Jords Fredning vart og gjort gjeldande for "Utskiftingsretten" ved vurdering av om det skal påleggjast gjerdeplikt, ljf §9 1.ledd, (Bjørnstad 1945 s.63). Når det gjeld fordelinga av gjerdebyrda derimot stod utskiftingsmennene friare.

Som i Gulatingslova og ML er det i denne lova reglar om kva tid beiting på innmark kan skje der kor det er teigblanding, §35. Dersom ein av oppsitjarane krev det må det ikkje foregå beiting på innmark etter 30. april og fram til hø, korn og poteter er i hus. Dersom ein av oppsitjarane er unødvendig sein med innhaustinga, kan han bli pålagt å erstatta det tapet dei andre lid fordi dei ikkje får beita. Det er og gitt reglar for kva tidsrom gjerda skal vera oppsett, §16. Når det gjeld gjerde på innmark og mellom innmark og utmark er tidsrommet sett til den tida då "Jorden er aaben (ufrossen) eller skikket for Beiting". I utmark er fristen sett til tidsrommet mellom 30. april og 14. oktober.

På lik line med middelalder lovane stiller lova krav til kvaliteten på gjerdet. Heller ikkje i denne lova er steingjerde nemnt i sjølve lovteksten, men ein finn steingjerde omtala i forarbeida. Spesifikasjonane i ljf §13 skil mellom to typar gjerde. Gjerde oppå bakken, også "*levende hegn*" og grøfter. For at ei grøft skal vera "*lovligt Hegn*", må denne fylla måla for djupn og breidde som lova set, og det må vera ein jordvoll eller anna hegn som er ein alen høg på den eine sida.

For anna gjerde er spesifikasjonen ein høgde på $1 \frac{3}{4}$ alen, pluss at det skal vera så sterkt og tett at det hegnar for hest, storfe og sau. Desse spesifikasjonane var eit kompromiss, då det var vanskeleg å få til ein lov som passa for heile landet. "*Ankepunktene er mange og like varierende som landets natur*", (Bjørnstad 1945 s.70 og 71). Det var steingjerda og sauene som gjorde det vanskeleg å bli einige. Frå forarbeida tek eg med desse merknadene: "*Kan her nå i alminnelighet ikke med rimelighet være tale om å oppføre steingjerde av sådan beskaffenhet at det hegner for sau, så bør lovgivningen heller ikke påby noen slags gjerde der har dette til hensikt.*" og "*Der er nok en omstendighet som gjør det høyst vanskelig i vårt land å få gjerde til å hegne for sau, og den omstendighet gjelder i mer eller mindre grad alle slags gjerder. Det er landets bakkete og bergige beskaffenhet. Derved blir det ofte mulig for sau å kunne springe over et gjærde som på*

flat mark ville være fullkommen tilstrekkelig.", (her henta frå Bjørnstad 1945 s.71). Det vart likevel vedteke at gjerda skulle freda for sau. For at reglane ikkje skal verke for urimelege, vart det gitt opning for kommunal dispensasjon. Dispensasjon kan gjevast om høgden på gjerdet og kravet kunne seinkast til å berre gjelda hest og storfe.

Lovreglar for piggtråd fekk ein i form av ein eigen lov, Lov om Pigtraads Anvendelse til Gjærde 14. juli no. 7. 1893.

2.5.3 Lov om grannegjerde 5.Mai 1961 (gjerdelova, gl)

Lov om grannegjerde av 5. Mai 1961 avløyste lov om jords fredning frå 1860. Dagens lov er i stor grad ei vidareføring av lova frå 1860. Men lova er noko forenkla. Mellom anna er kravet til korleis gjerda skal vera forenkla. No heiter det i gl §15 2.ledd: "...skal gjerdet vera minst 1,10 meter høgt og så sterkt og tett, at det fredar mot hest, naut og sau,...". Heilt nytt i denne lova er omsynet til ålmenta, "*Grannegjerde skal vera såleis laga og vedlikehalde at det ikkje er farleg for folk eller husdyr*", (§3 1.ledd, gjerdelova). Det er ikkje lenger det same korleis gjerde ser ut, i gl §4 heiter det at gjerde ikkje skal vera til "ulempe" eller "lyte" på granneeigedommen. Når det gjeld fordeling av gjerdebyrda er det den same som i lova frå 1860. Fordelinga av gjerdebyrda for sameige er og på det næraste ført direkte over. Det er ikkje råd å krevje at naboen skal gjerde utan at denne har nytte av det, gl §7. For vedlikehald av eksisterande gjerde derimot, er det nytten for eigedommane under eit som skal vera avgjerande for om gjerde skal haldast vedlike eller ikkje. Spørsmål om gjerdehald skal avgjerast ved skjønn, gl §14. Skjønnsavgjerder er tvangsgrunnlag.

2.5.4 Plasseringa av gjerde i grensa

Reglane i gjerdelova om korleis gjerdet skal plasserast i grenselina syner, litt "flåsete" sagt, kor stort potensialet er for tvistar omkring gjerdehald og grenser. Eit godt døme er ei sak i Eidsivating lagmannsrett 17/10 1936, her vart det dom for kva sida av gjerdestauren tråden skulle trekkast, (Bjørnstad 1945 s.77).

I lov om grannegjerde §4 er det bestemt korleis gjerde skal stå i grensa. Gjerdet skal stå i grenselina, ikkje lenger inn på naboen enn på eigen eigedom. Det maksimale ein kan setja gjerde inn på naboen er 0,5m. Då gamle steingjerde kan vera svært breie, er steingjerde som stod då lova tok til å gjelda unnateke. Dersom gjerdehaldet blir vanskeleg i grenselina "*...kan det setjast ved sida mot skadebot.*" (gl §14 3.ledd). Dei ovanemnde

reglane er omtrent dei same som stod i lova frå 1860. Ordlyden er rett noko annleis, det heiter m.a.: "*Nabo kan ikke modsætte sig, at det hele Gjærde eller Dele deraf lægges paa hans Grund, naar det er uomgjængelig fornødent, dog mod Erstatning.*" ljf §14. Denne regelen kan berre nyttast i heilt spesielle tilfelle, i følge Bjørnstad (1945 s.79).

Lova frå 1860 inneheld og reglar om korleis grøfter og jordvollar skal plasserast, i høve til grensa, noko som er utelate i gjeldande lov.

2.6 GJERDESTRUKTUREN

2.6.1 Utviklinga av gjerdestrukturen.

Rønneseth (1978) skildrar to ulike trinn i framveksten av "den Jærseke garden". Begge desse gardsordningane var inngjerda. Elementa i gjerdestrukturen, ("garden") er mest den same på desse to, begge har eit sentralt tun, ein utgard og ein geil. Den eldste garden låg for seg sjølv med sitt eige utgardsystem. På denne garden var det inngjerda arealet lite, og garden huste ein familie. Gjerde omslutta ikkje heilt rundt innmarka, men nytta i stor utstrekning sjølvgjerde som myrar, sjå figur 3.1. Gjerda til den forhistoriske garden kan ein framleis sjå restar av sume stader i utmarkene kor nydyrkinga ikkje har endra desse.

Rønneseth (1978 s.105) hevdar at eit klimaskifte var årsaka til at denne gamle gardskipnaden gjekk ut. Klimaskiftet førte til eit jordbruk med større fehald, grunnvasspegelen steig, slik at ein fekk ei samanflytting av folka i store fellestun. "*Den måten ombrytet vart gjennomført på, tyder på at det gjekk fore seg under medverknad og trykk frå mektige instansar utanfor gardsamfunnet*", hevdar Rønneseth (1978 s.109) Rønneseth tidfester dette "ombrytet" til ein gong før mannedauen.

Dei store fellestuna vart kjernen i det nye gardsamfunnet og dei mangbølte gardane likna etterkvart små landsbyar. Endringa i driftsform og busetnadsmønsteret førte og til ein endring av gjerdestrukturen. Innmarksarealet vart no mykje større og skulle romme både åker og eng. Ved utvidinga av innmarka kom innmarka åt den eine garden til å grense mot innmarka på nabogarden, slik kunne ein få store innmarkskompleks. Rønneseth skriv vidare: "*I dei nye innmarkskompleksa kan ein fylgje same utgarden frå eit tun til tunet til grannegarden og vidare til tunet til neste gard*". (Rønneseth 1978 s.105). Geilen var brei og utvida seg ut mot utgarden, mange stader såg det mest ut som det var ein arm av utmarka som strakte seg inn til tunet.

Rønneseth skisserer garden og gjerdestrukturen for Jæren, men desse har nok hatt ein større utbreiing. Sevatdal (1997 s.13) skisserer den gamle garden på Lista på same viset. Og denne gardsordninga var nok vanleg over det meste av dei område der ein hadde teigblandinga.

Denne gardtypen, og gjerdestrukturen stod ved lag fram til hamskiftet på 1800- talet. Det var og desse gardane som seinare vart kalla namnegard og matrikkelgard, og som er eininga i matrikkelsystemet den dag i dag, (Sevatdal 1989 s.46). Innmarksarealet på desse gardane var og ramma for dei første jordskifta.

2.6.2 Gjerdestrukturen før hamskiftet.

Korleis gjerda gjekk omkring garden er vist på figur 11. Utgarden hegnar om innmarka som utgjer åker og eng. Geilen strekkjer seg frå tunet og ut til utgarden. Korleis desse steingjerda såg ut er meir uklårt. J. Grude skriv og om korleis gjerdestrukturen var på gardane på Jæren. *"Kun delvis var Udengen skilt fra "Udmarken" ved et lavt Torv- eller Stengjærde, der mere markerede Grændsen end dannede noget egentlig hegn. Det blev Jæterens sag at sørge for, at kreaturene om Sommeren ikke kom ind paa Indmarken. Mellem Gaardenes Udmarker var der somoftest intet Grændsegjærde."* J.Grude (1908 s.10)

M.A.Grude (1914 s.327) skildrar gjerdestrukturen på ein nokolunde lik måte: *"For Indmarksudskiftingerne var Indmarkerne i Regelen skilte fra Udmarkerne ved smaa, kun ca. 1 Alen hoie Rullestengjærder, men mellem de forskjellige Eiere paa Indmarkerne var der da ingen Gjærder"*. Østberg (1932 s.25) skildrar den same metoden for å freda innmarka i Todalsgrenda i Aure på Nordmøre. Her fanst ikkje gjerde i det heile, og alle bruka gjekk saman om felles gjeting.

Valen - Sendstad (1964 s.215), skriv at det oftast ikkje fanst andre gjerde på garden enn det som skilte mellom innmark og utmark. Sevatdal (pers.med) skisserer gjerdestrukturen på same måten; eit felles hegn om innmarka og gjerde mot nabogarden og ikkje gjerde på innmarka. Ein ser at det er noko forskjell på korleis ein trur fredinga av innmarka var løyst. Det er derimot semje om at det ikkje var gjerde mellom teigane på innmarka. Valen- Sendstad skriv at det var grannesamfunnet på den mangbølte garden som ikkje ville godta at ein av brukarane sette gjerde omkring sin åker.

I kva grad det var gjerde mellom gardane i utmark seier litteraturen lite om. J.Grude (1908) skriv at det ikkje var vanleg på Jæren. Rønneseth (1978) nemner heller ikkje noko om gjerde mellom gardane, verken på innmark eller i utmark. Forklaringa på at ein ikkje finn eller høyrer om gjerde kan vera at utmarka var felles for fleire gardar. Sevattal (pers.med) hevdar derimot at yttergrnsene for gardsvalden vart fastlagd langt attende i tid.


Det går fram av skildringane til M.A.Grude (1914) og J.Grude (1908) at gjerda ikkje var fullverdig hegn, slik at fredinga var basert på gjeting. I og med at gjeting likevel var naudsynt trong ein ikkje gjerde mot nabogarden. På Jæren vart det sett ned husmenn i grensa mot nabogarden, som grensevakt. *"...for et halvt seculum siden skal der om utmarken ikke ha vært det miste spor til hegn; for da at creaturene ei skulde løpe fra den ene gårds utmark inn i den annens , og saaledes enten komme bort, eller dog skaffe deres eiere meget bryderi og efterspørsel innen de kunde erholdes tilbake, har man bygslet husmenn et lite stykke i utmarken og gårdens grenseskjell med forpliktelse å passe på at creaturene forblir innen gårdens grenser"* (Reiestad 1939 s.151). Hodnebo (1928 s.24) viser i ei oversikt kor stor del av husmennene som vart sett ned i grensa. Han gjengir (s.21) og ein "festeseddel" som oppsitjarane på Hårr inngjekk med Husmann Ellef Svendsen. Forutan arbeidshjelp skulle han halda vedlike gjerde og heile året passa på, så dyr frå nabogarden ikkje kom inn på Hårr sin eigedom.

Der kor gjeting var ein viktig faktor for fredinga av innmarka, måtte dyra stengjast inne når gjetaren skulle sova. I følge J.Grude (1908 s.46 og 58) vart dyra sett inn i løa denne stunda. Han fortel og korleis dei ordna dette for dei ulike husdyr. Kvar dyra vart sett inn varierte nok noko frå gard til gard. Anten kunne dei setjast inn i fjøset eller i ein sommarskut ved munninga på geilen. Der kor beitestrekningane var store vart sauene jaga til fjells for å greia seg sjølv. Kom dei ned på bøen att vart det brukt hund for skyssa dei opp att.¹³

I følge Østberg (1932 s.76) var det ikkje uvanleg sume stader i landet med mellombels og flyttbare gjerde før ein fekk ståltrådgjerde. Han refererer her til Hjelmeland, der ein

¹³Far min fortel om ein noko liknande metode for å halda sauene unna dyrka mark. Syvert Vika, morbror til far, var gjetar i Slettedalen i Sauda. det var vanleg at sau kom ned og beita på utslåttane til gardane. I staden for å setje opp gjerde, tok han anten å tjora dei eller sette dei inn i kvea for ein dag eller to, for så å "hundjaga" dei attende. Etter ein slik lærepenge kom dei ikkje att.

brukte uttrykket "å rekka av eit stykkje", dersom ein ville nytta ein del av innmarka til beite eller freda noko frå beiting vår og haust.



Figur 8: Steingardar på kryss og tvers. "Ein vantar ikkje stein" Biletet er henta frå Reiestad (1939 s.143).

3. JORDSKIFTE

3.1 LOVREGLAR OM UTSKIFTING FØR 1821.

Etter fastlegginga av den historiske garden har dei ytre grensene stort sett lege fast. Innan den einskilde garden har det derimot skjedd endringar, både når det gjeld eigarforhold og bruksgrenser. Innan gardsvalden har ein opp gjennom tida hatt ein auke i brukseiningar både før og etter mannedauen. Etter mannedauen var det etter måten godt om plassen, men kring 1500 - 1600 byrjar folkemengda å stige att for alvor. Bruksdelinga gjer at arealet per eining og går ned. Dette vart nok i ein viss grad kompensert ved betre gjødsling. Men i lengda var ikkje det nok og då det ikkje vart dyrka noko særleg med ny jord, vart det etterkvart trøngt om plassen, især gjeld dette Vestlandet.

Delinga av gardane førte til at ein fekk ei sundbyutting av jorda slik at ein etterkvart fekk teigblandinga, sjå figur 11. Det var dei gamle lovene, Gulatingslova og ML, som regulerte korleis gardane vart skifta/ delt. Desse lovane kan ikkje direkte samanliknast med dei utskiftingslovene som kom på 1880- talet. Dei gamle gjalt berre for deling av eigedommar og oppløysing av fellesskap, noko ombyutting av teigblanda jord var det ikkje heimel til. Og det er nettopp bytteprosessen dei fleste forhind med utskifting i dag. På eit viktig område samsvarar dei gamle lovane frå middelalderen med dei nye utskiftingslovene, dei stør krava frå det mindretallet som vil ut av samdrifta. Ein har rett til å få sin part utskilt jamvel om alle dei andre ikkje vil. Den dyktige arbeidsame kan her få vern for sin ekstra innsats, det var nok og mykje av føremålet bak lovene. Det dempa nok og ein del konflikhtar at kvar mann kunne få sin del avmerkt i terrenget og slik set driva for seg sjølv.

Gulatingslova

Desse gamle lovene seier etter måten lite om sjølve skiftemåten (Borgedal 1959 s.134). Lova handlar mest om korleis skifte skal bli gyldig, og korleis ein skal gå fram dersom det er eit mindretal som ynskjer å koma ut av fellesskap og samdrift. Rett nok seier loven at ein skal kløyve garden ved grensedeling, men det står og opent for dela på andre måtar dersom ein finn dette mest lagleg. Slik kløyving kan gjera det mogeleg å setje opp gjerde mellom dei nye einingane. Ved grensedeling/ kløyving kunne nok den gamle garden bli delt i to sjølvstendige gardar. Om det vart skift i teiglag vert gjerdinga vanskelegare og dersom denne delingsmåten vert gjentatt så får ein teigblandinga. Kva måte som vart nytte ved skifte var nok avhengig av fleire faktorar. Mellom anna naturtilhøva og

tilgangen på god dyrkingsjord, men og tidspunktet for utskiftinga kan ha spela inn, skiftemåten har endra seg med tida (Sevatdal pers. med.). Dersom ein delte etter teiglag var nok resultatet at garden vart delt opp i bruk med eit felles tun.

Magnus Lagabøtes landslov (M.L.) av 1274

Om leiglendingskifte seier ML at: "*Saaledes skal jord skiftes, at alle har jevnbrede og jevnlange og jevngode teiger efter landskylden*" (Taranger 1915 s. 120). Om odelskifte seier lova ingen ting om korleis det skal skiftast. Dersom det er odelsjord kan ein av arvingane ved eit arveskifte krevja å få heile parten udelt (åsetesretten) (Borgedal 1959 s.140). Forskjellen mellom odelskifte og leilendingskifte, er at odelskifte er å sjå på som deling av ein eigedom og leilendingskifte er fordeling av bruksparter. Leiglendingskifta skal sikra ein lik behandling av leiglendingane, (Borgedal 1954 s.155). Om det var nokon vesentleg skilnad i den fysiske skifteutforminga mellom dei to skifte typane er ikkje klårt. "*Utskiftningerne bestod i regelen i deling mellem arvinger, og delingen utførtes paa en saadan maate, at der opstod teigeblanding. Laa eiendommen før i teigblanding, blev denne ved delingen endda mer indviklet idet hver teig blev delt paany.*", (Juvkam 1917 s.5) Eit odelskifte kan nok ha blitt utført som grensedeling, eller på same måten som ved leiglendingskifte, slik at ein fekk to sjølveigande brukarar i staden for ein ved sida av leiglendingane. Det er ikkje truleg at eit leiglendingskifte har medført nye gardar, det kan nok odelskifte ha medført.

Landslova sine føresegner om utskifting vart overført direkte til NL av 1604 og derifrå utan nemneverdige endringar til NL av 1687. (Borgedal 1959 s.136)

Desse gamle lovreglane om utskifting bidrog, saman med andre faktorar, som kjøp og salg av gardpartar, til at ein fekk den sterke teigblandinga i store deler av landet. Det er ikkje så interessant for oppgåva. Det er nok å slå fast at eigedomstilhøva i deler av landet var blitt svært kompliserte ved byrjinga av forrige hundreåret, og hindra ei vidare utvikling av landbruket (Borgedal 1959 s.139). Dei små teigane let seg ikkje gjerde inn. Ein grundig gjennomgang av kva som var årsakene til at ein fekk den sterke teigblandinga er det ikkje rom for i denne oppgåva. Korleis den sterke teigblandinga oppstod er drøfta av andre.¹⁴

¹⁴ Tidspunkt og årsak til den sterke teigblandinga er drøfta av m.a: Juvkam 1917 s.5. Ronneseth 1978 s.110 og 120. Borgedal 1959 s.134. Valen-Sendstad 1964 s.208 og Sevatdal 1989 s.52.

3.2 UTSKIFTINGSLOVANE ETTER 1821.

Den sterke teigdelinga hindra framsteg og utviklinga i landbruket. Teigblandinga var i vegen for å ta i bruk nye reiskapar og nye driftsmåtar. *"Det var to grunnvilkår som måtte oppfylles forat jærbuene i det hele tatt kunne gå over til en mer avansert redskapskultur. For det første måtte de verste ulempene ved teigblandingene fjernes ved en mer eller mindre tilpasset arrondering."* (Valen - Sendstad 1964 s.223). Å setje i gang åleine med eit storstilt grøfteprosjekt ville vera umogleg der kor det er sterk teigblanding. Og dersom ein likevel set i gang vil den mindre flittige sko seg på den flittige.

Nye tankar fekk ikkje gjennomslag då ein alltid måtte ta omsyn til fleirtalet, eller kanskje den eine som ikkje ville gå med på ein ny ordning når det gjaldt beiting på innmark til dømes. Og nettopp problema med beitinga er sentralt med omsyn på denne oppgåva. Borgedal (1959 s.140) uttrykkjer dette problemet slik: *"Den skadeligste virkning av teigskiftet var at det ikke kunne ramme fellesbeiting vår og høst."* Fellesbeitinga hindra eit skiftbruk der grasdyrking inngjekk, på den teigdelte garden. *"Alle må således ha en og samme dyrkingsmåte, og ordentlig eng er nesten umulig, ti hvis f. eks en har en klover- eller timoteimark, så blir følgen at hans naboers kreaturer forsamlers sig på denne bedre gressvoll og forblir der så lenge der er godt å være"*, skreiv statsagronom Lindeqvist i 1855, (her henta frå Reiestad 1939 s144). Valen - Sendstad (1964 s.215) held og fram driftstvangen som ein av dei store ulempene med teigblandinga. *"I indmarken fantes det ikke noe gjerde mellom åker og eng. Dels skyldtes det at åkrene og teigene var for mange og for små, men fremfor alt skyldtes det at grannesamfunnet på den mangbolte og teigdelte gården ikke ville godta slike ordninger. Omkring 1800 satte reformvennene opp premier for den som gjerdet inn åkrene sine, men det ble ikke mange gjensvar fra de teigdelte gårdene"*. Premiane som reformvennene, (Landhuusholdningselskapa) sette opp var store, etter tida tilsvare ein ordinær premie ei ku (Eikeland 1968 s.132).

Mot slutten av 1700 byrja arbeidet med ein utskiftningslov. Det var ynskje om utskifting av sameiger som var årsaka. Særskilt byrja styresmaktene å bli bekymra for skogen, (m.a. Juvkam 1917 s.6). Det var ein utstrakt rovhogst i sameigeskogane. Det vert ikkje klaga så mykje over teigblandinga som ein kanskje skulle tru utover på 1700- talet (Borgedal 1959 s.147) Dei gamle middelalderlovane var ikkje brukande. Rett nok er det heimel i desse lovane for å skifte jorda ut or det eigentlege felleskapet, men det står lite om framgangsmåten og desse lovane hadde ingen reglar for utskifting av teigblanda jord, (Juvkam 1917 s.7). Det var i samband med dette arbeidet at problema med teigblandinga

nådde fram til styresmaktene, i form av utsegner om lovutkastet og på andre måtar (Borgedal 1959 s.147). Som døme kan nemnast amtmann Hammer i Romsdal si utsegn, han skriv i 1796: "...at åker og eng eller den såkalte innagjerds jord eller bomark på mange gårder som bestod av to eller flere bruk, er inndelt i noen snes om hinannen liggende stykker eller jordstrimler, hvorav mange ikke er mere enn 4 alen breie og 12 alen lange. De kalles teiger og er til stort hinder for jordbrukets fremgang." (Borgedal 1959 s.148). I 1811 hadde Rentekammeret ferdig eit lovutkast. På grunn av krigen og lausrivinga frå Danmark vart det ein stopp i arbeidet. Allereie i 1815 vart arbeidet tatt opp at og i 1821 fekk me den første "skikkelege" utskiftingslova.

3.2.1 Lov av 17. august 1821 angaaende Jords og Skovs Udskiftning af Fællesskab

Denne lova bygde i stor grad på lovutkastet frå 1811, men var mindre omfattande (Borgedal 1959 s.156). Det var heimelen til ombyting av teigblanda jord som var den store nyvinninga i høve til reglane om utskifting i dei gamle lovane. Andre nyvinningar var delingsgrunnlaget og at samtlege eigarar måtte ta sin del av kostnadane ved utskiftinga. Men lova gav ikkje heimel til å påby utflytting frå fellestuna, og hadde heller ingen reglar om gjerdeplikt. Lova hadde og eit ris bak speilet for dei som stilte seg motvillig til utskifting. Det blei sett ein åtte års frist, og dei gardane som ikkje hadde foretatt nokon utskifting innan denne tid, skulle ileggast straffeskatt. Ynskje frå styresmaktene om få ein rasjonalisering av landbruket var stor. Regelen om straffeskatt fekk liten verknad, fristen vart utsett til 1838 ved lov i 1827 og vart heilt oppheva ved lov i 1836 (Borgedal 1959 s.159).

Lova skil mellom offentleg (§8) og minneleg utskifting (§7). Etter §7 skulle oppsitjarane prøva å koma fram til ein minneleg ordning om utskifting. Vart dei einige om dette stod dei toleg fritt til å velge framgangsmåte og kor mykje som skulle skiftast. "*Det var i stor grad opp til oppsitterene selv å bestemme framgangsmåten. Ofte valgte de ut en eller flere menn til å stå for selve delingen, da de ikke selv kunne bli enige om det.*" (Lauvås 1993 s.57 og Grude 1914 s.328) Føresetnaden for at utskiftinga skulle vera lovleg var at skifteplanen skulle skrivast ned og at forretninga skulle tinglesast. Vart dei ikkje einige om ein minneleg utskifting skulle ein prøve med mekling i forliksrådet. Dersom dette ikkje førte fram vart saka ført over til sorenskrivaren som saman med fire oppnemnde skjønsmenn utførte utskiftinga.

Lova slik den vart vedteken inneheld ikkje noko om gjerde og fordeling av gjerdeplikt. I forslaget frå 1811 derimot var gjerde og gjerdehald omhandla (Juvkam 1917 s.20). Dette forslaget hadde ein eigen paragraf om hegn. Men om lova frå 1821 ikkje inneheld nokon eigen regel om gjerde så går det fram av forarbeida at freding av den einskilde sine teigar var eit av siktemåla med lova, sjå og merknadene over. I §6 i lova er freding nemnt, (det er denne paragrafen som omhandlar frist og straffeskatt). "*Samme Bestemmelse gjelder for dem som have sine Agre eller Enge inddelte i Teiger, under een Indhegning, og hvor Oppsiderne vel have sine Teiger, men hvor disse ere saaledes sammenblandede, at ingen af dem kan frede sin Jord.*", §6, 2.ledd i 1821 lova. Dette er og den einaste staden i lova at teigblanda jord er nemnt. Føremålet med utskifting av den teigblanda jorda var, dersom ein tolkar lovteksta beint ut, nettopp at ein skulle få teigane lagt ut slik at det vart mogleg å setje opp hegn. Går ein til forarbeida ser ein at spørsmålet om beiting på innmark har vore drøfte. Eit forslag frå kanseliråd Böckmann gjekk ut på at beiting på innmarka vår og haust skulle vera forbode dersom ein av sameigarane skulle forlange det, (Tveiten 1958). Forslaget vart ikkje vedteke, men syner kor opptekne ein var av problematikken.

Lova frå 1821 var snau, den har ingen reglar om at det under utskiftinga skal leggjast ut vegar og ordnast med andre fellestiltak, slik som jordskifteretten får i oppgåva i dei seinare lovane. I dette lyset er det ikkje så rart at det ikkje er nokon regel om fordeling og pålegging av gjerdeplikt.

Ein kan så spørje seg om gjerdehaldet vart ordna under utskiftingane. I følge M.A.Grude (1814 s.327) og Rønneseth (1978 s.124) vart det bygt steingjerde i dei nye grensene. Medan Juvkam (1917) og Grendahl og Solberg (1959 s.190), hevdar det på mange gardar ikkje vart ordna med gjerdehaldet i samband med utskiftinga. Ser ein på nokre døme på slike minnelege jordskifte så har dei her fordelt gjerdeplikta, (Lauvås 1993 s.114). Eit unntak ser ein likevel for Ånestad i Varhaug, denne garden hadde vore utskift tidlegare og under denne utskiftinga var ikkje gjerdehaldet blitt utskift. Og tilfellet på Ånestad var nok ikkje noko særtilfelle.

Lova frå 1821 var eit stort framsteg og på nokre kantar av landet vart det utført ei rekkje utskiftingar m.a. på Jæren (Lauvås 1993). Skifteplanen vart prega av at det ikkje var heimel til utflytting. Alle husa låg at i fellestunet, "*Paa saadanne Gaarde blev da skiftelinierne lagte som Straaler eller Radier ud fra Tunet, saaledes at hver Lodeier fik en smal Strimmel af den bedste Jord hjemme ved Tunet, men udvidede sig jo længer ud*

man kom paa den daarligere og udyrkede Jord. Rette linier var nok til en vis graad efterstræbte, men Vinkler og paralelle linier kunde der ikke bli Tale om." M.A.Grude 1914 s.327). Det var og vanleg at bruka bestod av fleire teigar også etter utskiftinga. Skiftemåten er illustrert på fig 11.

Som det går fram over, viste lova seg å ha ein del manglar. Det var fleire årsaker til dette. Skifteplanane var ikkje fullgode fordi det ikkje kom i stand utflytting. Mange av utskiftingane var og reint proforma for å unngå straffeskatten. "*På indmarken blev det derfor i regelen med litt regulering av teigene, men uten utflytning og uten særskilt indhegning.*" (Juvkam 1917 s.38). Styresmaktene hadde liten kontroll med korleis det vart skifta, og det mangla ein faginnstans som kunne trå til kor eigedomstilhøva var ekstra kompliserte. Dess vanskelegare eigedomstilhøva var dess mindre vart utskifta (Juvkam 1917 s.40). Einskilde stader gav utskiftingsmennene og rett og slett opp å få i stand ein utskifting (Borgedal 1959 s.139). Såleis strøynde klagar på eigedomstilhøva og teigblandinga inn til styresmaktene også etter at lova hadde virka ei stund og det vart reist krav om ei ny lov (Grendahl og Solberg 1959 s.174).

3.2.2 Lov om Jords og Skovs Udskiftning af Fællesskab av 12. oktober 1857.

Utskiftingslova frå 1857 er mykje meir omfattande enn forgjengaren. Av nyskapingar kan nemnast at "Udskiftningsvæsenet" vart oppretta og at det skulle lagast kart i samband med utskiftinga. Det vart og gjeve tilskot frå det offentlege slik at ein skulle få til utflytting frå fellestuna. Som i lova frå 1821 er det ynskje om individuell freding av jorda som er føremålet for å halde utskifting av den teigblanda jorda. Men lovteksten tek og med tilfelle kor arronderinga er dårleg. Lova sin §1 omhandlar kva ein utskifting kan gå ut på. Første del av §1b lyder: "*hvor de forskjellige Gaarde eller Brug have hver sine om hinanden liggende Stykker eller Teiger saaledes sammenblandede at ikke Enhver kan uden uforholdsmæssig Byrde frede eller paa hensigtsmæssig Maade benytte sin Jord,*".

Om korleis eigedomane skal utformast seier lova at, teigane skal utformast slik at jorda åt kvar av partane "*...udlægges saavidt muligt samlede og skikkede til indgjærding.*", §17c. Lova seier derimot ingen ting om korleis ein skal forme ut teigane for at dei skal verta best mogleg eigna til "maskinarbeid" som pløying til dømes. Men skifteplanen vart likevel kraftig endra i høve til korleis det vart skifta etter lova frå 1821. Det var

utflyttinga som tillot ei anna skifteløysing, eigedommane vart nå utlagt mest mogleg "firkanta", "blokkskifta" (Rønneseth 1978 s.124), sjå fig 11.

Teigane skulle utformast slik at dei var "skikkede til ingjærding" og utskiftingsmennene skulle og avgjera i kva grad det skal påleggjast gjerdeplikt og fordelinga av denne. Retten kunne og setja fristar for kva tid gjerda skal vera sett opp. Føremålet med utskifting av den teigblanda jorda var jo at det skulle bli råd å setje opp hegn.

Lova fekk etter kvart ein del endringar, men det er ingen av desse lovendingane som er sentrale for emnet i denne oppgåva. Viktigare i denne samanheng er det at Lov om jords fredning frå 1860 vart gjort gjeldande for utskiftingar. Utskiftingsmennene kunne ikkje påleggja gjerdeplikt i strid med denne lova, (§9 i Lov om jords fredning 1860). Fordelinga av gjerdebyrda innbyrdes mellom partane stod derimot utskiftingsmennene nokså fritt til å avgjera. I dei seinare utskiftingslovane har ein halde på denne løysinga.

3.2.3 Jordskiftelovane frå 1882 og 1950.

Lov om utskiftning m. v. av 13. mars 1882.

Grunngjevinga for å gi heimel til å skifte ut teigblanda jord er lik den i lova frå 1857. Det vart og teke med at det ikkje var naudsynt med teigblanding for at det skulle kunna krevjast utskifting. Kvar eigar kunne ha sitt i eit stykkje og likevel krevje utskifting. Vilkåret var at tilhøva vanskeleggjorde inngjærding eller på annan måte gjorde det vanskeleg å nytte eigdommen. Eigedommane skulle leggjast ut mest mogleg samla. Det var ikkje heimel til å skifte ut utmarka dersom innmarka ikkje var fullstendig utskifta. På lik line med forgjengaren frå 1857 skulle utskiftingsretten legge ut og avgjera rettar omkring vegar, naustrettar, grøfteannlegg og gjerdehald. Den nye lova frå 1882 viste til Lov om jords fredning når det gjaldt gjerdeplikt og gjerdehald.

Utskiftingsretten fekk heimel til å avgjere kor stort skiftfeltet skulle vera og til å ordna grensene mot nabogarden. For å få i stand ein betre gjerdeordning mellom oppsitjarane kunne utskiftingsretten ordna gjerdehaldet mot nabogarden, (Grendahl og Solberg 1959 s.216).

Lov om jordskifte o.a. av 22. desember. 1950

Grunngjevinga for at det skal kunna krevjast jordskifte er omlag den same som tidlegare. Forutan jord som ligg i sameige kan ein krevje jordskifte "når bruk har sitt eller sine

særskilte stykke, ligg slik om eller til kvarandre at ikkje kvart bruk kan **nytte eller frede** sitt på tenleg måte utan stor tyngsle (ulagelege eigedomstilhøve)" (§2 2.ledd, 2). Ein kan merkje seg at det ikkje lenger er plent gjerdehaldet som vert halde fram når det gjeld problem knytt til eigedomstrukturen. Maskinjordbruket hadde gjort sitt inntog og stilte nye krav (Grendahl 1959 s.238). Lova inneheld ikkje noko nytt når det gjeld gjerdehald, det skulle framleis ordnast etter den gamle gjerdelova frå 1860.

Nytt i denne lova er at "en rekke myndigheter og andre som skal eller bør varsles om jordskifte" (Grendahl 1959 s.260). Årsaka til varslingsplikta er mellom anna omsynet til kulturminner. Under skifteplanlegginga må jordskifteretten samrå seg med vegstyresmaktene og reguleringsmyndighetene dersom det berører offentleg veg eller område regulert etter bygningslova.

3.2.4 Jordskiftelova (Lov om jordskifte o.a. 21.des Nr. 77. 1979).

Lovteksten i gjeldande lov inneheld ikkje så mykje nytt med omsyn på skiftemåten. I dag er det meir snakk om å utforme eigedommane slik at dei høver til maskinlandbruket. Det å lette fredinga er ikkje drege fram på same måten som i dei tidlegare lovane. I spørsmålet om kva som kan skiftast heiter nå berre at: "*Eigedomar som det er vanskeleg å nytte ut på tenleg måte etter tida og tilhøva, kan leggjast under jordskifte...*" (Jskl §1). Gjerdeplikta skal jordskifteretten avgjera i samsvar med Lov om grannegjerde 5. mai 1961.

Jordskifteretten skal samrå seg med offentlege styresmakter dersom skifteplanen omhandlar noko som ligg under slike, §20 3.ledd. Ei lovendring i 1988 skjerpa kravet til å ta vidare omsyn enn det reint jordbruksmessige, dette er i tråd med endringane innan landbrukspolitikken generelt. §29, som omhandlar korleis eigedomane skal utformast, fekk eit tillegg. "*Det bør takast omsyn til naturmiljøet, landskapsbiletet og livsmiljøet til planter og dyr*" (jskl §29 1.ledd 2.punktum). Denne endringa er og med på å understreke kravet til samråding med forvaltninga i §20 (Austenå og Øvstedal 1993 s.148). Det var denne endringa som gav startskotet til prosjektet "Eigedomsrelatert kulturlandskapsforskning" ved ILP på Ås.

Lovendringa er eit brot med det tradisjonelle føremålet med jordskifte. Målsettinga med jordskifte har tradisjonelt vore å betre økonomien på bruka og dermed auke inntektene til brukaren. Sevatdal uttrykkjer det slik: "*Målsettinga har alltid vore å effektivisere arealbruken i ein eller annan forstand, gjennom å "forbetre" eigedomsforholda, i*

særleg grad den fysiske strukturen. Eller sagt på ein annan måte; tilpassing mellom eigedomsforhold og arealbruk.-> (Sevatdal 1997 s.7). Vern og bevaring krev svært ofte det motsette, ei låsing av situasjonen med omsyn på eigedomsstruktur og driftsform. Ein får svært ofte ein interessekonflikt mellom det tradisjonelle kravet om ein mest mogleg effektiv arealstruktur og verneinteressene.

3.3 ENDRINGAR PÅ GARDEN OG I LANDBRUKET 1821 OG TIL I DAG

Det har vore store endringar innan landbruket sidan den første utskiftingslova. Dette skuldast fleire faktorar. Utskiftingane har utan tvil vore ein av desse faktorane, men er langt frå åleine. Nye tankar og nye tider pressar fram jordskifte, samstundes vart det nye gjort mogleg av nettopp jordskifte. Ein reknar at den store endringa tok til kring midten av 1800 og utover, det er endringane i tiåra etter 1850 som har blitt kalla det store hamskiftet. Ikkje berre vart gardane etterkvart utskift, nyryddinga og skaut fart.

Endringane i jordbruket på siste halvta av 1800, er sett på som meir radikale enn dei endringane traktoren medførte.¹⁵ Det er i denne tida at fellestuna vart oppløyste og dei store mengdene med steingjerde blir lødd opp på Jæren, (Reiestad 1939 s.143 og Valen-Sendstad 1964 s.223, m.fl).

3.3.1 Endringar politikk.

Landbrukspolitikken er endra med tida, det vil føra altfor langt å gi seg inn på noko drøfting av desse endringane. Grovt sett kan ein sei at landbrukspolitikken dreidd seg om å auke produksjonen. Jordskifte har berre vore eit av verkemidla. Det har og vore gjeve tilskot til nydyrking, bakkeplanering og andre tiltak for å fremma produksjonen. Bureisingsfelta er og eit utslag av denne politikken.

I dag har dette endra seg radikalt, det er ikkje lenger noko ynskje å auka produksjonen, snarare tvert om. I dag er det meir snakk om å ta vare på det biologiske mangfaldet og

¹⁵ Endringa omfatta meir enn eigedomstilhova og strukturen på busetnaden. P.P.Floor skildrar Jæren slik i 1809: "Hvor dunkelt og skummelt er ikke dette land som utbrer sitt sortbrune med kampesten opfylte dekke i en avstand som taper sig for synet. Overalt dekket med hine sorte stabber som en karrig natur tvang beboerne til å kaste op av jordens skjod for å erstatte mangelen på brenne og ved hjelp derav varme sig mot et rått og stormfult værligs ublidheter. kun avbrutt med enkelte gule pletter (akre) i nærheten omkring noen lave jordbedekkede boliger. der ser ut som kunde de være fremveltet av graven, og hvis mørke fysiognomi passer til dette dunkle maleri. imens vesterhavet lar den ene bølge etter den annen hendo på strandbredden. Det er som jeg stod ved mitt fedrelands grav". (Her henta frå Reiestad 1939 s.162). I dag er det ikkje lett å kjenna seg att i denne skildringa.

reducere kostnadene i landbruket. Difor fekk ein ei omlegging av støtte ordningane til landbruket bort frå støtte basert på produksjon til støtte tildelt etter areal i 1989. Dette tilskotet har ein ikkje rett på dersom ein til dømes fjernar steingjerde, utan særskilt løyve. Eit godt døme på bruken av økonomiske verkemiddel for å få gjennomført ei ønska utvikling. Den før omtala endringa i jordskiftelova sin §29 er og eit utslag av denne politikken.

3.3.2 Endringar utanfor garden.

Årsakene til det store omslaget ligg ikkje berre i endringar på gardane. For Jæren og Ryfylke sin del har den sterke veksten som Stavanger har hatt vore avgjerande. Nærleiken til marknaden spelar inn. Ryfylke har hatt fjorden som ferdselsåra, for Jæren vart jernbanen viktig, då denne stod ferdig i 1878. Gode kommunikasjonar fører på sett og vis marknaden nærare produksjonstaden og omvendt. Ikkje berre vart kommunikasjonane betre, ein fekk og forhandlar ledd som letta avsetjinga, t.d. var meieribruket eit stort framsteg. I frå å ha vore eit landbruk som mest bestod av eit hushaldslandbruk med lite sal vart landbruket eit meir reint handelsjordbruk, kvar gard vart ei bedrift. Åkrane vart ikkje lenger berre nytta til korn og poteter, dyrkinga av gras byrja. Korn produksjonen avtok, og ein fekk ein auke i grovfor basert mjølk- og kjøtproduksjon for sal. Denne utviklinga kom seinare til Lista, her haldt hushaldsjordbruket seg til godt inn i vårt hundreår, Sevatdal pers. med.

Handelsjordbruket skaffa kapital til bonden, som igjen kunne finansiere nye framsteg. Den store nydyrkinga kravde mykje arbeidskraft, mykje innleidd arbeidskraft krev og store utbetalingar, slik at bonden må ha hatt auka inntekter for å kunne gjennomføre nyryddinga. Fleire meiner det er ein samanheng mellom økonomien til bonden og nyryddinga. Mellom anna er det peika på gode vårsildfiske for Jæren (og Ryfylke) sin del, (Reiestad 1939 s.152).

3.3.3 Utvikling av reiskapane.

Nye reiskapar har vore med å rasjonalisere landbruket. Her kan ein nemne mykje, overgangen til meir jarn i handreiskapane, var eit stort framsteg. Nye reiskapar vart teke i bruk, til dømes vart ploegen gjeninnført på Jæren, (Valen-Sendstad 1964 s.225). Andre nyvinningar var steinbukk, minebor, steinslegger, harver og plogar av jern, slåmaskin og treskjemaskin.

Då maskinar som traktor og gravemaskin kom etter krigen vart ein i endå større grad i stand til å omskape landskapet. Dei gamle utskiftingane viste seg etter kvart å ikkje vera gode nok einskilde stader. Traktorane endra krava som vart sett til storleiken og forma på teigane og ein har fått nye jordskifte.

3.3.4 Endring i dyrkingsmåte.

Nye reiskapar og maskinar gjorde det mogleg og utvide det dyrka arealet. Auken i det dyrka arealet var stor lenge før traktor og gravemaskin tok over for handmakta, sjå elles tabell 3.1 som syner utviklinga av det dyrka arealet på Njærheim i Hå og fig.9 som syner nydyrking på jæren kring 1908. Grøfteteknikken vart kjend og betra slik at myr dyrkinga tok seg opp. Store fellestiltak som senking av vatn vart gjennomført og nytt land vart lagt under kultur, særleg på Jæren og Lista var det mykje vatn som vart tappa ut.



Figur 9: Nydyrking i Hå i 1908. Biletet er tatt av J.Wilse (henta frå Lye 1978 s.287).

Driftsforma på åkrane vart endra frå det einsædskifte som hadde halde seg i fleire hundreår. Ein byrja å dyrke gras på åkerarealet, husdyrhaldet fekk større plass, det var ikkje berre kornet frå gamleåkeren som ein skulle leva av. Grasdyrkinga vart gjort mogleg fordi det kom hegn også på innmarka.

Kunstgjødsel og betre gjerde har og endra landskapet. Før kunstgjødsel var det lite ein kunne gjera for å forbetra utmarksbeita. Det var eit skarpt skilje mellom den grøne innmarka og dei brune lyngviddene som rådde i utmarka. I dag er det helst grønt alt, både det som er dyrka og kulturbeita. Betre gjerde har gjort det mogleg å hegne inn teigane i utmarka slik at ikkje andre får nytte av forbetringa som vert gjort.

3.3.5 Jordskifte og endringane.

At jordskifte har hatt stor innverknad på korleis det ser ut på landsbygda i Noreg er tvillaust. Det er nok å nemne den utflyttinga som skjedde frå dei landsbyliknande fellestuna som Jordskifteretten bestemte eller gjorde mogleg. Kva for endringar jordskifte har vore årsak til eller medverka til innan landbruket er drøfta av m.a. Sevattal (1997 og 1989) og Borgedal (1959).

Verkemidla til jordskifteretten har tradisjonelt vore oppløysing av sameige og omforming av eigedomstilhøva. I tillegg kan dei mellom anna gi reglar om bruken i eit område, skipe sams tiltak som vegar. Jordskifte rydda vegen for nydyrkinga og ein meir effektiv arealstruktur.

Utsjånaden på t.d. Jæren vart endra, den gamle strukturen med store fellestun med innmark i kring og utmarka utanfor vart endra til frittliggjande einskildtun. Ein kan kalle det nye busetjingsmønsteret eit "gardsbruk landskap", der kvart bruk ligg med si jord i eit stykkje kring husa. Etter jordskifte skaut delinga av gardane fart på ny. Såkalla bureisingsbruk voks fram i utmarkene (Rønneseth 1978 s.124 og Skage 1967¹⁶), sjå tabell 3.1. Dette haldt fram til ut på 1970, og store statlege midlar vart sette inn. Ein fekk store bureisingsfelt, som til dømes Elgane i Hå. Sjå elles fig. 10 som syner bureisingsbruk på Lode i Nærbø. Dei nye bureisingsbruka bidrog kanskje vel så mykje som utflyttinga frå fellestuna i samband med jordskifte til ei endring i busetjingsmønsteret, og dermed gjerdestrukturen.

¹⁶ Her kan ein m.a. visa til O.R. Skage (1967 s.20) sin studie av garden Vik i Klepp kommune.



Figur 10: Bureisingsbruk på Lode i Nærbø i 1912. Biletet er teke av J.Wilse (henta frå Risa 1990)

I dei siste åra har ein fått ei samanslåing av bruk og auka omfang av leigejord. Talet på bruksnummer og eigarar er ikkje så mykje endra som nedgangen i driftseiningar. Der kor bruk har vorte slegne saman vert det og ynskje om å slå desse saman reint fysisk, og slik har nye jordskifte kome i stand, så som til dømes Nordhassel og Nesheim på Lista.

3.3.6 Eksempel på korleis endringane verkar inn på landskapet.

Tabell 3.1, syner utviklinga av det dyrka arealet og talet på brukseiningar for garden Njærheim i Hå. På Njærheim vart det halde jordskifte i 1866 og 1887. Etter jordskifta så har talet på brukseiningar auka. Det har likevel ikkje ført til at det dyrka arealet har gått ned per eining. Ein ser at nydyrkinga var sterkast kring hundreårsskiftet.

Tabell 3.1: Tal bruk og dyrka areal etter årstal.


Årstal	Tal bruk	Dyrka areal totalt	Dyrka areal per bruk
1835	11	133 mål	12 mål
1845	11	143 mål	13 mål
1855	11	153 mål	14 mål
1865	11	178 mål	16 mål
1875	12	196 mål	16 mål
1885	14	317 mål	23 mål
1900	17	540 mål	32 mål
1910	17	756 mål	45 mål
1920	17	900 mål	53 mål
1930	17	1000 mål	58 mål
1940	18	1100 mål	61 mål
1950	20	1170 mål	59 mål
1960	20	1270 mål	64 mål
1973	20	1415 mål	71 mål
1980	20	1502 mål	75 mål

Kjelde: Tabellen er henta frå Ronneseth 1978 s.124.

Korleis har garden og landskapet blitt endra av jordskifte og andre faktorar? Figur 11 er eit døme på korleis eit tenkt gardsvald kan ha endra utsjånad gjennom dei siste 200 åra. Situasjonen i 1800 er prega av teigblanding, eit resultat av skifte etter middelalderlovane. Situasjonen i 1860 syner korleis garden er blitt etter eit skifte i 1830, etter lova frå 1821.

Typisk er grensene som går som radianer ut frå tunet, og som får ein knekk ved overgangen mellom gamleåkeren og slåttenga. C har flytt husa sine ut or tunet og ligg nå for seg sjølv ute på teigen sin, det var jordskifte som gjorde det mogleg å flytte ut. Det er steingjerde i grensene, men ein finn og gjerde nær nybrota inne på bruka. I 1970 ser ein at det har vore eit nytt skifte, dette vart halde i 1910. Jordskifte har flytt partane B og E ut or fellestunet. I 1910 vart også utmarka skifta ut slik at sameiga vart oppheva. Seinare er det kring 1930, utskilt tre bureisingsbruk i utmarksteigane til A,C og E.¹⁷ Det meste av gardsvalden er nå oppdyrka eller kultivert til kulturbeite, dyrkinga har utrydda spora etter den gamle øydegarden. Jordskifte og nye dyrkingsmåtar gjorde dette mogleg. Alle steingjerde er fjerna utan dei som står att grensene eller som skil mellom innmark og utmark. I grenselina mellom B og A sin utmarksteig er det ikkje bygd steingjerde, stålgjerde vart brukt i staden. I dag kan ein tenkje seg at fire av eigarane har avvikla landbruksdrifta og leiger ut jorda til dei fire som driv. Dersom F sel jorda si til B og D sel til G, kan ein tenkje seg at det blir kravt jordskifte slik at B og G får samla teigane sine.

¹⁷ Dei tre nye bruka i utmarka kan og ha vore husmannsplassar i utgangspunktet. dersom det hadde vore tilfelle så ville dei truleg ha vore med på skissa frå 1860.



Figur 11: Endringane på eit tenkt gardsvald.

4. UNDERSØKINGANE.

Undersøkingane skal gi svar på problemstillingane, eller meir konkret svar på spørsmåla som vart lista opp i innleiinga. Nokon av spørsmåla har delvis fått svar gjennom litteraturen. Dei fleste av desse svara går på situasjonen før jordskifte og kva tid steingjerda vart bygde. Dei fleste spørsmåla som står att er og av reint empirisk karakter, og ein kan lesa svara direkte ut frå resultatata. Jordskifte si rolle derimot ligg meir skjult, slik at svaret må finnast via omvegar, det må med andre ord setjast fram ein del hypotesar som må testast. Dette kjem eg attende til i neste kapittel.

4.1 RESULTAT.

4.1.1 Omfang av gjerde mellom bruk på jordskiftekart.

Eit av hovedinntrykka eg sat att med etter å ha gått gjennom jordskiftekart var at det såg ut til å vera så mykje gjerde utan hegnande funksjon. Dette var gjerde som ikkje hadde noko "endepunkt". Eg har valt å gi desse gjerda namnet *blindgardar*. Det gjerde som dominerte som blindgjerde var steingjerde, men eg fann og både stål- og tregjerde som ikkje hadde noko endepunkt. Blindgardane fann eg både i grenselinene og elles, og det var blindgarar på mest alle karta. Særskilt mot veg var det mykje opningar.

Om bruka var inngjerda varierte frå gard til gard. Det var få gardar kor bruka var fullstendig inngjerda, det var som regel ein eller anna bit av grensa der det mangla gjerde. På same viset var det mest ingen gard der det ikkje var gjerde i grenselinene. Ein fann alle kategoriar frå fullstendig inngjerding av kvart einskild bruk, til gardar der det ikkje fanst gjerde i det heile. Det var heller ikkje uvanleg at eit av bruka var fullstendig inngjerda medan det mellom dei andre bruka ikkje fanst gjerde.

Omfanget av gjerde vart delt i tre kategoriar: *med gjerde*, *byrjande inngjerding* og *utan gjerde*. Kategorien, med gjerde, omfatta dei gardane der bruka var fullstendig inngjerda og der kor det alt vesentlege av grensene hadde gjerde. I kategorien byrjande var det mykje gjerde mellom bruka, men det meste var blindgardar slik at gjerda ikkje var hegn. I den siste kategorien vart gardane der det var lite eller mest ikkje gjerde mellom bruka.

Lista

Det vert i alt undersøkt 50 jordskiftekart frå Lista, fire av desse var yngre enn ØK slik at dei ikkje blir tatt med i denne oppstillinga. Karta som er med spreier seg tidsmessig frå

1863 til 1958. Berre to av karta er yngre enn 1941. Ikkje alle karta er jordskiftekart, ni stykk er tatt opp i samband med "grunnervervet" til flyplassen i 1941.

Tabell 4.1: Frekvens av kart der det var gjerde mellom bruk på innmark etter tidsbolkar, for Lista.

	Med		Byrjande		Utan		Tal kart i perioden
	%	Tal	%	Tal	%	Tal	
1863- 1880	0	0	0	0	100	5	5
1881- 1900	0	0	57	4	43	3	7
1901- 1920	7	1	66	10	27	4	15
1921- 1940	100	2	0	0	0	0	2
1941- 1958	46	6	23	3	30	4	13
1863- 1958	22	9	40	17	38	16	42

Kjelde: jordskiftekart oppbevart ved Jordskifteverkets kartarkiv.

Av tabell 4.1 går det fram at det på Lista ikkje var vanleg med gjerde på innmark i førre hundreåret. Fram til 1910 fann eg ikkje kart som synte at dei einskilde bruka var inngjerda. I dei to siste periodane er dei einskilde bruka stort sett inngjerda. Rett nok er gruppa utan gjerde i perioden 41- 58 stor, men dette skuldast at tre av desse bruka hadde gjerde mellom bruka, men ikkje på den inste delen av innmarka. Sjå kart over Norhassel frå 1889.

Hå

Det vart undersøkt 63 kart frå Hå. Det eldste kartet var frå 1859 og det yngste var frå 1963. Reine utmarkskart vart ikkje tatt med, det same gjaldt eit kart over bureisingsfeltet på Elgane. Eit par av karta omfatta fleire gardar.

Tabell 4.2: Frekvens av kart der det var gjerde mellom bruk på innmark etter tidsbolkar, Hå.

	Med		Byrjande		Utan		Tal kart i perioden
	%	Tal	%	Tal	%	Tal	
1859- 1880	60	3	0	0	40	2	5
1881- 1900	50	9	28	5	22	4	18
1901- 1920	62	18	28	8	10	3	29
1921- 1940	100	3	0	0	0	0	3
1941- 1963	87	7	13	1	0	0	8
1859- 1963	64	40	22	14	14	9	63

Kjelde: jordskiftekart oppbevart ved Jordskifteverkets kartarkiv.

Det går fram av tabell 4.2 at dei fleste gardane i Hå hadde gjerde mellom bruka på innmark på slutten av førre hundreåret. Sjølv om materialet er tynt kan ein sjå utviklinga mot meir gjerde etter kvart som ein kjem inn i vårt hundreår. Dei fleste av karta utan gjerde var frå gamle Ogna herad, som liknar meir på Dalane når det gjeld naturtilhøva.

Hjelmeland og Suldal

Det vart undersøkt 40 kart frå Hjelmeland og 38 frå Suldal. I begge desse kommunane var det lite kart etter 1900. Slik at ein vanskeleg kan seia noko om utviklinga etter denne tid.

Tabell 4.3: Frekvens av kart der det var gjerde mellom bruk på innmark etter tidsbolkar, for Hjelmeland.

	Med	Byrjande	Utan	Tal kart i perioden
1860- 1880	1	2	18	21
1881- 1910	2	2	8	12
1911- 1935	3	2	2	7
1860- 1935	6	6	28	40

Kjelde: jordskiftekart oppbevart ved Jordskifteverkets kartarkiv.

Tabell 4.4: Frekvens av kart der det var gjerde mellom bruk på innmark etter tidsbolkar, for Suldal.

	Med	Byrjande	Utan	Tal kart i perioden
1859- 1880	0	4	21	25
1881- 1910	0	3	2	5
1911- 1940	0	2	4	6
1940- 1958	1	1	0	2
1863- 1958	1	10	27	38

Kjelde: jordskiftekart oppbevart ved Jordskifteverkets kartarkiv.

Tabellane 4.3 og 4.4, syner at det var lite eller ikkje gjerde på innmark i førre hundreåret. Særskilt for Suldal var det mange kart der det var lite eller ikkje gjerde, det er heile elleve kart utan teikn for gjerde i det heile. Dette skuldast ikkje at kartteiknaren ikkje teikna inn dei eksisterande gjerda, då dei same kartkonstruktørane teikna gjerde på andre kart. Materialet etter 1910 er tynt, men peikar i retning av meir gjerde. Det gir oss derimot ikkje svar på kva tid gjerda vart bygde.

Eigersund, Lund og Sokndal

Eg undersøkte i alt 100 kart frå Eigersund, Lund og Sokndal i perioden 1862 til 1920. På mange av desse karta var "reitbruket" dominerande. Tabell 4.5 syner meir om kor mykje og kvar det var gjerde i desse kommunane fram til 1920. Då det mest ikkje var fargar i karta etter denne tida og figurane er så små kunne eg vanskeleg nytte kart som var yngre utan å ta i bruk figurlistene, noko som ville tatt for lang tid.

Tabell 4.5: Frekvensen av gardar der det var gjerde mellom bruk og/ eller gjerde inne på brukseiningane i prosent etter tidsbolkar for Eigersund, Lund og Sokndal.

	Med gjerde		Noko gjerde		Utan gjerde		Tal kart i perioden
	Mellom bruk	På bruk	Mellom bruk	På bruk	Mellom bruk	På bruk	
1862-1880	0%	25%	4%	17%	96%	58%	24
1881-1900	4%	23%	21%	25%	75%	52%	48
1901-1920	11%	11%	14%	21%	75%	68%	28

Kjelde: jordskiftekart

Ein ser av tabell 4.5 at prosenten med gardar der det er gjerde i bruksgrensene stig med etter som ein nærmar seg 1920, dette samsvarar med tala for dei andre kommunane. Prosenten av gardar der det er inngjerda teigar eller mykje gjerde inne på brukseiningane er større enn for "gjerde mellom bruk". Det var mykje anten eller kor det var gjerde. Var det mykje gjerde mellom bruka så var det som regel lite gjerde elles, og omvendt. Heile 31 av karta er av denne typen som har fått "positivt" resultat for ein av kategoriene og "negativt" for den andre. I ni kart fann eg både gjerde mellom bruka og gjerde inne på det einskilde bruket. Men i majoriteten av karta er det ikkje gjerde som kan reknast som hegn verken mellom bruka eller innan den einskilde bruket. Det var i det store og heile blindgardane som dominert.

Kva så med andre gjerde på innmarka? Ser ein på jordskiftekartene så ser ein at det er ikkje berre mellom bruka det er sett opp gjerde på innmarka. Av dei 63 karta i Hå kor det var gjerde på innmark eller byrjande inngjerding i bruksgrensene, hadde heile 43 også gjerde innan dei einskilde brukseiningane. Og på gardar utan gjerde i grenselinene fant ein inngjerda teigar. Sjå over i tabell 4.5 korleis høvet var i Dalane.

I Hjelmeland fann eg at 6 av 28 bruk utan gjerde mellom bruka hadde teigar som var inngjerda eller mykje steingjerde i nærleiken av åkrane. Tilsvarende for Suldal er 7 av 27.

For dei gardane der det er gjerde i bruksgrensene var det i Hjelmeland, 6 av 12 og Suldal, 5 av 11 som hadde mykje gjerde inne på det einskilde bruket.

Gjerde mot utmark.

Korleis var fredinga av innmarka ordna? Som det gjekk fram i kapittelet om gjerde var fredinga på Jæren delvis basert på gjeting. Ser ein på gjerda på kartet viser det seg derimot at så godt som alle gardane i Hå og på Lista har gjerde mot utmark. Gjerde mot utmark var på dei eldste karta her ein utgard som var felles for alle bruka på garden.

For Suldal, Hjelmeland og Dalane er det derimot mange gardar der eg ikkje fann gjerde mot utmark. Mange stader fann eg at det delvis var gjerde mot utmark, men desse gjerda var blindgardar å sjå til. Dei bitane og strekkja som det ikkje var gjerde i kan ha vore sjølvgjerdande, karta var ikkje alltid så gode å lesa. Tabell 4.6 syner høve mellom gardar med og utan hegn mot utmarka for Dalane og Ryfylke.

Tabell : 4.6 Tal og prosent gardar med hegn mot utmark etter område og tidsperiode.

Område og tidsperiode		Hegn mot utmark, tal og %		Delvis hegn mot utmark, tal og %		Ikkje hegn mot utmark tal og %	
Dalane	1862- 1890	35	71%	10	21%	4	8%
	1890- 1920	24	46%	15	29%	13	25%
Suldal	1859- 1900	4	14%	4	14%	21	72%
	1900- 1958	7	70%	2	20%	1	10%
Hj.land	1860- 1900	25	78%	4	13%	3	9%
	1900- 1935	6	100%	0	0%	0	0%

Kjelde: Jordskiftekart.

Som ein ser av tabell 4.6 så byter Suldal seg ut med lite eller ikkje hegn mot utmark. Talmaterialet etter hundreårsskiftet er lite, men det syner likevel ei endring mot meir hegn mot utmark. Av dei ti karta som er tekne opp etter år 1900 har ni meir eller mindre fullstendige gjerde mot utmark. Det er først og fremst bruken av ståltrådgjerde som utgjer skilnaden.

Omfanget av gjerde mot nabogarden var omtrent lik som for gjerde mot utmark. For Suldal sin del var det då svært lite gjerde å sjå mot nabogarden. Her er å leggje til at det i Hjelmeland, Suldal og Dalane er mange gardar som ligg for seg sjølv, med store utmarkstrekkingar i mellom slik at nabogarden ikkje kjem inn på kartet. For Hå og Lista var det stort sett hegn mot nabogarden.

Andre gjerde på jordskiftekart.

På registreringskjemaset hadde eg ein rubrikk for om tunet var inngjerda. Eg fann mest ingen gardar der tunet hadde eigen innhegning. Derimot fann eg mange eksemplar på små kveer eller hagar nær eller inntil husa. Mange av desse var knytt opp til uthusbyggingar, men eg fann og mange frittliggjande. Det var og eit par døme på at desse små hagane/ kveene var delte mellom to eller fleire bruk.

4.1.2 Gjerdetypene på jordskifte karta

Det dominerande gjerde på jordskiftekartene er steingjerde. Det vart ikkje gjort lengde målingar av kor mykje det var av dei ulike gjerdetypene. Kategoriane er dermed lite presise. På dei gardane der kategorien *steingjerde* er bruka, var det berre teikn for steingjerde. I kategoriane der steingjerde anten er *supplert med* stål- eller tregjerde, var steingjerde det dominerande, men opningane var "tetta" med anna gjerde. *Stein- og tregjerde* eller *stålgjerde*, er kor det var halvt om halvt med stein og anna gjerde, og kor det var meir anna gjerde enn steingjerde. Annan fordeling var gardar som var vanskeleg å plassere.

Tabell 4.7: Dominerande gjerdetype på jordskiftekartene etter tidbolkar for Lista

	1859- 1900	1901- 1920	1921- 1963
Steingjerde	8	8	2
Steingjerde supplert med tregjerde	1	3	2
Steingjerde supplert med stålgjerde	0	1	4
Stein- og stålgjerde	0	0	3
Annan fordeling	0	0	1

Kjelde: jordskiftekart.

Ein ser av tabell 4.7 at steingjerde var det dominerande gjerde på Lista i førre hundreåret. Etter 1900 blir det meir vanleg at steingjerda er supplert med anna gjerde, blindgardane blir på dette viset færre.

Tabell 4.8: Dominerende gjerdetype på jordskiftekart etter tidbolkar for Hå.

	1859- 1900	1901- 1920	1921- 1963
Steingjerde	23	15	4
Steingjerde supplert med tregjerde	2	4	0
Steingjerde supplert med stålgjerde	0	2	3
Stein- og tregjerde	0	3	1
Annan fordeling	0	2	2

Kjelde: jordskiftekart.

Tabell 4.8 syner same utvikling for Hå som det er for Lista. I samle potten "annan fordeling" er det kart der eg fann både tre, stål og stein. I tillegg eit kart frå så seint som 1963 der det var halvt om halvt med stein- og tregjerde. Teiknet for tregjerde var noko utydeleg slik at det kan ha vore av stål i staden. Det var heller ikkje teikn for stål som kunne stadfeste at det verkeleg var av tre. Usikkerheita gjorde at eg valde å ikkje setja det inn i posten "annan fordeling". Fleire andre nyare kart var og utydelege i skilje mellom teikna for tre- og stålgjerde.

Tabell 4.9: Dominerende gjerdetype på jordskiftekart etter tidbolkar for Suldal.

	1859- 1880	1881- 1920	1921- 1963
Steingjerde	8	1	0
Tregjerde	2	1	0
Stein- og tregjerde	5	3	2
Stein-, stål og tregjerde	0	0	4
Stål	0	0	1
Utan gjerde	13	0	0

Kjelde: jordskiftekart

Tabell 4.9 syner samme tendens for Suldal som for Hå og Lista. Ein kan merkje seg at tregjerde er meir brukt her enn i Hå og på Lista. Utviklinga for Hjelmeland og Dalane er mykje lik som for Suldal.

Som ein ser av tabellane 4.7 og 4.9 så er steingjerde det dominerande gjerde i dei eldste karta. Den mest i augne fallande endringa fram mot våre dagar er ikkje overgangen til andre gjerdetypar, men at steingjerda vert supplerte med andre typar gjerde. Det er i opningane mellom blindgardane at dei andre gjerdetypane blir sette opp. Mykje av auken i funn av andre gjerdetypar skuldast desse stumpane mellom blindgardane. "Suppleringsgjerde er først av tre og seinare av stål. På dei nyare karta ser ein og at det i strekningane med utmark er brukt mykje stålgjerde medan steingjerde framleis dominerer på innmarka.

4.1.3 Skifteplanen og steingjerda.

Gjennomgåande får dei eksisterande steingjerda ingen innverknad for skifteplanen. I mange tilfelle går dei nye skiftelinene kloss opp til gamle steingardar, slik at ein skulle tru at ein utan alt for store omrokkingar kunna ha nytta dei gamle gjerda.

4.1.4 Gjerdetypar og omfang på ØK.

Registreringane på ØK vart gjort for Lista, Hå og Hjelmeland. Flyfotograferinga føregjekk i 1966 og 1994 for Hå, karta frå Hjelmeland er frå 1976 og Lista 1978. Det vart gjort registreringar på 21 gardar i Hå, 19 i Hjelmeland og 32 på Lista. På ØK karta over Lista og Hjelmeland, samt 66 utgåva over Hå har kartteiken for steingjerde og "gjerde". Teikne for gjerde gjeld truleg både tre- og ståltrådgjerde. Men etter tida og landsdelen skulle ein kunne tru at det alt vesentlege av desse gjerda er av ståltråd. I 1994 utgåva av kartet over Hå er berre steingjerde innteikna. Fordelinga av bruken av stein- og ståltrådgjerda i grenselinene på karta er sett opp i tabell 4.10.

Tabell 4.10: Høve mellom steingjerde og anna gjerde, og prosent steingjerde som står utanom bruksgrensene etter område.

	Tal meter steingjerde for kvar m. stålgerde i grenselinene.	Steingjerde utanom bruksgrensene i %
Lista	75m	10%
Hå (1966)	8m ¹⁸	41%
Hjelmeland	3m	26%

Kjelde: Økonomisk kartverk

Ein ser av tabell 4.10 at det er mykje meir anna slag gjerde i bruksgrensene i Hjelmeland enn på Lista. På Lista er det mest stengjerde i alle grenselinene (73%), medan det i Hjelmeland er mykje anna gjerde, (24%). Her skal leggjast til at grøfter i grenselinene og grenseliner utan hegn ikkje er teke med. Ein ser og skilnaden mellom områda på kor steingjerda står, i Hå står heile 41% av steingjerda utanom grensene, medan det på Lista er nede i 10%.

Endringane i høve til jordskiftekartene er og forskjellig mellom områda. Endringane er mest på fallande på Lista. Her var det lite steingjerde inne på garden på jordskiftekartene. På ØK er det innteikna steingjerde i mest alle grensene, der kor det ikkje er innteikna steingjerde

¹⁸ Ein del lange gjerdestrekningar med anna gjerde i det som tidlegare var utmark har gjort at andelen anna gjerde er blitt noko hog for Hå.

er det mest grøfter eller så manglar det hegn. Dei aller fleste steingjerda som i dag står på Lista er laga etter jordskifte.

For Hå er ikkje endringane så store å sjå til. Utan målingar er det uråd å sei noko om omfanget av steingjerda har auka eller minka sidan jordskifte. Men steingjerda står i dei nye grensene som vart laga ved jordskifte, og skifteplanen tok lite eller ikkje omsyn til dei eksisterande steingjerda, slik at dei steingjerda som no står i grensene må vera laga etter jordskifte. For dei gardane der det ikkje var gjerde på jordskifte tida i Hå har mest alle fått steingjerde i 1966. Der kor det var mykje gjerde på tidspunktet for jordskifte er dei gamle stort sett fjerna og nye steingjerde er lødd opp i dei nye grensene. Ein del av dei gamle står att inne på bruken, men det er mest å rekne for unntak.

Av 16 gardar i Hjelmeland kor eg samalikna jordskiftekart med ØK, fann eg at tidspunktet for jordskiftet såg ut til å ha innverknad på om det kom steingjerde etter jordskiftet. Tabell 4.11 syner korleis dette fortonte seg. I Hjelmeland er i det heile mykje av bruksgrensene hegna med ståltrådgjerd, sjå tabell 4.10.

Tabell 4.11: Gardar der steingjerde er lødd i etterkant av jordskifte etter tidsperiode for Hjelmeland.

Tidspunkt for jordskifte	Alle steingjerda lødd etter jordskiftet.	Halvparten av steingjerda lødd etter jordskiftet	Ingen nye steingjerde etter jordskiftet
1860- 1880	8	2	0
1881- 1900	1	1	1
1901- 1935	0	0	3

Kjelde: Økonomiske kartverk og jordskiftekart.

Når det gjeld hegn mot utmark så vantar det på mange bruk i Hjelmeland, i 1976 i følgje kartet. Men dette er ikkje noko litande resultat, då gjerde i mange tilfelle ikkje er innteikna i skog og utmark, T.Kleppa fung. jordbruksjef i Hjelmeland pers.med. På Lista og i Hå er det mest ikkje utmarker i tradisjonell forstand att. Eg vel difor å ikkje sjå nærare på gjerde mot utmark.

4.1.5 Endringar frå 1966 til 1994 i Hå.

Det nye ØK over Hå frå 1994 har ikkje kartteiken for anna gjerde enn steingjerde. Difor blir det umogleg med ein oppstilling over korleis materialbruken har endra seg. Ser ein på situasjonen i 1966 mot 1994 ser ein raskt at lengda av steingjerde har gått attende. Tabell 4.11 syner korleis dette artar seg for 21 gardar i Nærbø og Varhaug.

Tabell 4.12: Lengde steingjerde i meter i åra 1966 til 1994 for deler av Nærbø og Varhaug.

	1966	1994	Reduksjon i m.	Reduksjon i %
Steingjerde i meter mellom bruka	116500	80100	36400	31%
Steingjerde i meter innan brukseiningane	82600	34100	48500	59%
Totalt tal meter steingjerde	199100	114200	84900	43%

Kjelde: Økonomisk kartverk.

Ein ser av tabell 4.12 at reduksjonen er størst både i mengd og i prosent for dei steingjerda som står inne på det einskilde bruket. Steingjerda som står i grensa mellom gardsvalda er ikkje teke med her. Dersom ein hadde teke med desse hadde reduksjonen blitt mindre totalt sett. Ser ein nærare etter på karta så ser ein at dei fleste av dei steingjerda som står att inne på brukseiningane, står mot veg eller ved terrengmessige formasjonar som gjer at dei ikkje står i vegen for samanslåing av teigar. Elles står det ofte att steingjerde i utmark som korte blindgardar. Ein ser og at mange av steingjerda som står i grenselinjene er delvis borte, slik at det står berre betar att med opningar i mellom.

4.1.6 Samanheng mellom utskifting og omfang av gjerde

Ei samanstilling for om jordskifte etter lova frå 1821 virka inn på omfanget av gjerde er berre gjort for Hå. Som kjelde for om gardane har vore utskift tidlegare har eg brukt oppstillinga til Lauvås. (Lauvås 1993 vedlegg nr.2) Eg har berre tatt med dei gardane som eg finn både i mine egne resultat og hjå Lauvås, i alt 55 gardar. Lauvås har undersøkt alle gardane medan eg berre har tatt for meg dei som er utskifta etter 1860. Av dei 55 gardane var 25 utskift etter 1821 lova, medan 30 ikkje var utskift. Samanhengen mellom tidlegare jordskifte og gjerde på innmark er sett opp i tabell 4.12. Kategoriane er her dei same som for tabellane 4.1 - 4.5.

Tabell 4.13: Frekvens av gjerde i grensene mellom bruk etter om det har vore tidlegare utskiftingar eller ikkje.

	Med gjerde	Byrjande	Utan gjerde	Tal gardar
Utskift tidlegare	15	7	3	25
Ikkje utskift	21	3	6	30

Kjelde: Jordskiftekart og Lauvås (1993)

Ein ser av tabell 4.13 at det ikkje er nokon skilnad på omfanget av gjerde mellom gardane som har vore utskift etter lova frå 1821 og dei som ikkje har vore utskift tidlegare. Her kan ein ha i mente at mange av dei minnelege jordskifta etter lova av 1821 ikkje vart tinglesne.

Korleis har så jordskifte i dei seinare åra verka inn på omfanget av steingjerde? På Lista har eg undersøkt fire utskiftingar, Hananger (1994), Nordhassel (1988), Kalleberg (1987) og Nesheim (1991). Ser ein på kva verknad desse fire nyare skifte, så ser ein med ein gong at lengda av steingjerde har blitt redusert i etterkant av jordskifta.

Tabell 4.14: Lengde gjerde etter plassering på tidspunktet for jordskifte og i dag.

	Før jordskifte	I dag	Reduksjon i %
Steingjerde i den nye grensene	12200m	11900m	2,5%
Steingjerde utanom dei nye grensene	20800m	3800m	82%
Steingjerde totalt	33000m	15700m	52%

Kjelde: Jordskiftekart og eigen synfaring

Ein ser av tabell 4.14 at mykje av steingjerda er fjerna i tida etter jordskifte. Reduksjonen er stor for dei steingjerda som vart liggjande utanom dei nye bruksgrensene. Medan reduksjonen er liten for dei gjerda som står i grensa. Resultata her stemmer bra med endringane i Hå frå 1966 til 1994, sjå tabell 4.12.

Skifteplanen er avgjerande for kor mykje gjerde som vert fjerna. Legg ein mest mogleg av dei nye grensene til eksisterande steingjerde så vil reduksjonen bli mindre. Tabell 4.14 syner korleis dette verkar.

Tabell 4.15: Attståande steingjerde i prosent etter gardar og prosent nye grenser lagt til eksisterande steingjerde.

Gardar og andelen nye grenser lagt til eksisterande steingjerde.	Andel steingjerde som står att i dag.
Kalleberg 91%	55%
Nordhassel 52%	40%
Nesheim 86%	48%
Hananger 83%	54%

Kjelde: Jordskiftekart og eigen synfaring.

Ein ser av tabell 4.15 at reduksjonen av steingjerda i prosent er størst for Nordhassel. Her vart ein større del av dei nye grensene lagt utanom eksisterande steingjerde. For Kalleberg er situasjonen motsett her vart det aller meste av dei nye grensene lagt til


steingjerda, og ein større mengde står att. Her kan det leggjast til at det på Nordhassel er komne nye ryddningsrøysar i nokre av bruksgrensene. Det dreier seg om ca 650 meter.

Reduksjonen i steingjerde kan synast dramatisk, og ein skulle tru at det pregar landskapet. Her skal ein ha klårt for seg at dei fleste av desse steingjerda er meir å rekne for gardfar. Ein ser mest ikkje steinen, heile gardfaret er ein låg smal rygg som går i grensa og som det står nokre spreidde tre i. På jordskifte kartet over Hananger og delar av Nordhassel er ikkje desse gardfara innteikna ein gong. For Hananger brukte eg ØK for å finne kva grenser som var med og utan steingjerde før jordskiftet. For skiftefeltet på Nordhassel vart den delen kor det ikkje var innteikna steingjerde ikkje teke med. Dei nye ryddningsrøysane på Nordhassel syner mykje betre i lendet.

4.2 TRE DØME PÅ UTVIKLINGA.

4.2.1 Dømet Sørestad i Suldal

Garden Sørestad syner den typiske situasjonen før skifte i Suldal. Sjå figur 12 som er eit jordskiftekart laga i 1871. Det er mest ikkje gjerde å sjå, anna enn eit lite areal utanom tunet.



Figur 12: Jordskiftekart over garden Sørestad i Suldal frå 1878.

4.2.2 Dømet Varhaug (Søre).

Grunnen til at Varhaug er valt ut til å væra eksempel er at ein her har hatt fire utskiftingar pluss to ØK. Dette gjer at ein kan få sjå døme på mange ulike endringsprosessar. Utskiftingane er frå 1852, 1889, 1960, og i 1910 vart det halde jordskifte for utmarka. Utviklinga syner på figurane 13- 16. Då det ikkje vart laga kart under jordskiftet i 1852, kan ein ikkje sjå korleis situasjonen var før skiftet.

Jordskiftekartet frå 1889 (fig.13) er ikkje heilt typisk for situasjonen på gjennomsnittsgarden i Hå på denne tida. Typisk er den store åkeren aust for husa og mindre åkrar som er spreidde rundt om i innmarka. Varhaug har lite steingjerde på innmarka. Til dømes er det ikkje ein einaste gjerdestubb på den store åkeren aust for tunet. Jordskifte i 1852 kan dermed ikkje ha gitt noko bindande pålegg om gjerde.

På denne åkeren grensar Varhaug mot to andre gardar, Brattland og Lerbrekk. Det er ikkje ein gong gjerde mot desse, slik at beitinga på innmarka må ha vore felles for dei tre gardane, (dersom dei då ikkje nytta midlertidige gjerde). Ein ser at gjerda i det vesentlege ligg i eigedomsgrensene, langs vegar og "grenser" i terrenget, så som på kanten ned mot Nordsjøen. Men ein ser og at ein del av gjerda er byggde der kor det ikkje er grenser. Særskilt gjeld det dei to bruka som er utflytt aust for tunet. Ein ser og at desse bruka har oppnådd fullstendig freding av jorda si. Dei små hagane eller kveene som ligg i tunet, går igjen på dei fleste gardane.

Geilen og utgarden er og inntakt. Ein ser og at tre av bruka er flytt ut or fellestunet, B, E og F. Desse utflyttingane har skjedd ein gong etter utskiftinga i 1852, (Rønneseth 1978 s.115). Geilen, som går frå tunet og over vadet aust for fellestunet, har berre funksjon for dei bruka som ligg att i fellestunet. Ein kan og sjå at bruk E, har sin eigen geil ut til utgarden frå sitt tun. Ved utmarksjordskiftet i 1910 mistar den gamle felles utgarden sin misjon, då utmarka vert utparselet. Seinare er det oppretta nye bruk i utmarka.

Ein ser og at bruk D på kartet drå 1889 har flytt ut or fellestunet. Bruket har fått bokstaven C på uskiftingskartet frå 1960 (fig. 14) og ein ser at husa nå ligg på den teigen som bruket fekk utlagt nord på innmarka i 1889. Dette til tross fro at bruket endå har ein teig i tunet og ut på gamleåkeren.

Det er komne til ei rekkje nye bruk mellom 1889 og 1960. Det er 8 partar i 1889 medan det i 1960 er 15. Dei fleste av desse bruka er komne i det som tidlegare var utmarka. Noko eigentleg utmarksareal utanom det som ligg ned mot sjøen er det ikkje att i dag.

Ein kan og merkje seg at dei fleste steingjerda på jordskiftekartet frå 1960 er blindgardar, opningane i mellom dei er "tetta" med stålgjerde. Vi ser og at berre eit fåtal av dei gamle grensene er utan gjerde. Ein kan og sjå at det mykje gjerde inne på det einskilde bruket, men at desse gjerda stort sett er laga i lettare materiale. Rett nok finn ein steingjerde inne på bruka og, men det er å rekne for unntak.

Kor sterk innverknad eit jordskifte kan ha for landskapet ser ein godt av skillnaden mellom jordskiftekartet frå 1961 og Øk frå 1966 (fig. 15). Ein ser kor stor endringane er når det gjeld eigedomsutformiga. I 1966 er den nye vegen på plass og den gamle fjerna. Det er og fjerna mykje steingjerde i løpet av dei seks åra etter jordskifte. Særskilt hardt har det gått utover dei steingjerda som vart liggande utanom dei nye grensene, sjå og nedanfor. Ein ser og døme på at det er bygd nye steingjerde i dei nye eigedomsgrensene. Ikkje mykje, men dei utgjer ein del av dei nye grensene som ikkje er lagde til gamle steingjerde.

Ser ein på skilnadane frå 1966 og fram til 1994 (fig. 16) så ser ein at mykje av steingjerda har blitt fjerna. Medan det i 1966 var til saman 9500m med steingjerde var det totalt 4700m i 1994, altså nær ei halvering. Ser ein nærare etter så ser ein at dei fleste av steingjerda som er fjerna ikkje ligg i eigedomsgrensene, men inne på brukseiningane. Set opp dette i tal får ein at, det inne på bruka var 4200m med steingjerde i 1966 og berre 1400m i 1994. I eigedomsgrensene er det same høvet ein tilbakegang frå 4300m til 3300m. Ser ein nærare etter så ser ein og att dei fleste av dei steingjerda som står att inne på bruka står der kor det ikkje er mogleg åm slå saman teigar, så som langs vegar, på brotet ned mot sjøen og i skråninge ned mot sjøen som ikkje er dyrka. Langs vegane er steingjerda ofte fjerna på den eine sida, breiare reiskapar til traktorane kan ha gjort dette naudsynt.

Endringane på gardsvalden til Varhaug er store når ein ser på skilnadane frå 1889 og fram til i dag. Det kan vera vert å tenkje på at endringane frå den første utskiftinga i 1855 og fram til 1900 kan ha vore større.


100	100
101	101
102	102
103	103
104	104
105	105
106	106
107	107
108	108
109	109
110	110
111	111
112	112
113	113
114	114
115	115
116	116
117	117
118	118
119	119
120	120
121	121
122	122
123	123
124	124
125	125
126	126
127	127
128	128
129	129
130	130
131	131
132	132
133	133
134	134
135	135
136	136
137	137
138	138
139	139
140	140
141	141
142	142
143	143
144	144
145	145
146	146
147	147
148	148
149	149
150	150
151	151
152	152
153	153
154	154
155	155
156	156
157	157
158	158
159	159
160	160
161	161
162	162
163	163
164	164
165	165
166	166
167	167
168	168
169	169
170	170
171	171
172	172
173	173
174	174
175	175
176	176
177	177
178	178
179	179
180	180
181	181
182	182
183	183
184	184
185	185
186	186
187	187
188	188
189	189
190	190
191	191
192	192
193	193
194	194
195	195
196	196
197	197
198	198
199	199
200	200

KART

VARHAUG

1889
 1889 i 7de Hæfte, 2de udgave af National Landkortet.
 Skala 1:50,000
 1889


-  ÅKER
-  STEINGÆRDE
-  STEINGÆRDE I GRENSE



Figur 13: Jordskiftekart over garden Varhaug i Hå fra 1889.




X-447




Figur 14. Jordskiftekart over garden Varhaug i Hå frå 1960.

Forklaring

Linje	Art	Utsjette	Størrelse	Bemerkningar
1	1	1	1	Stensgjerdning
2	2	2	2	Stensgjerdning
3	3	3	3	Stensgjerdning
4	4	4	4	Stensgjerdning
5	5	5	5	Stensgjerdning
6	6	6	6	Stensgjerdning
7	7	7	7	Stensgjerdning
8	8	8	8	Stensgjerdning
9	9	9	9	Stensgjerdning
10	10	10	10	Stensgjerdning
11	11	11	11	Stensgjerdning
12	12	12	12	Stensgjerdning
13	13	13	13	Stensgjerdning
14	14	14	14	Stensgjerdning
15	15	15	15	Stensgjerdning
16	16	16	16	Stensgjerdning
17	17	17	17	Stensgjerdning
18	18	18	18	Stensgjerdning
19	19	19	19	Stensgjerdning
20	20	20	20	Stensgjerdning
21	21	21	21	Stensgjerdning
22	22	22	22	Stensgjerdning
23	23	23	23	Stensgjerdning
24	24	24	24	Stensgjerdning
25	25	25	25	Stensgjerdning
26	26	26	26	Stensgjerdning
27	27	27	27	Stensgjerdning
28	28	28	28	Stensgjerdning
29	29	29	29	Stensgjerdning
30	30	30	30	Stensgjerdning
31	31	31	31	Stensgjerdning
32	32	32	32	Stensgjerdning
33	33	33	33	Stensgjerdning
34	34	34	34	Stensgjerdning
35	35	35	35	Stensgjerdning
36	36	36	36	Stensgjerdning
37	37	37	37	Stensgjerdning
38	38	38	38	Stensgjerdning
39	39	39	39	Stensgjerdning
40	40	40	40	Stensgjerdning
41	41	41	41	Stensgjerdning
42	42	42	42	Stensgjerdning
43	43	43	43	Stensgjerdning
44	44	44	44	Stensgjerdning
45	45	45	45	Stensgjerdning
46	46	46	46	Stensgjerdning
47	47	47	47	Stensgjerdning
48	48	48	48	Stensgjerdning
49	49	49	49	Stensgjerdning
50	50	50	50	Stensgjerdning
51	51	51	51	Stensgjerdning
52	52	52	52	Stensgjerdning
53	53	53	53	Stensgjerdning
54	54	54	54	Stensgjerdning
55	55	55	55	Stensgjerdning
56	56	56	56	Stensgjerdning
57	57	57	57	Stensgjerdning
58	58	58	58	Stensgjerdning
59	59	59	59	Stensgjerdning
60	60	60	60	Stensgjerdning
61	61	61	61	Stensgjerdning
62	62	62	62	Stensgjerdning
63	63	63	63	Stensgjerdning
64	64	64	64	Stensgjerdning
65	65	65	65	Stensgjerdning
66	66	66	66	Stensgjerdning
67	67	67	67	Stensgjerdning
68	68	68	68	Stensgjerdning
69	69	69	69	Stensgjerdning
70	70	70	70	Stensgjerdning
71	71	71	71	Stensgjerdning
72	72	72	72	Stensgjerdning
73	73	73	73	Stensgjerdning
74	74	74	74	Stensgjerdning
75	75	75	75	Stensgjerdning
76	76	76	76	Stensgjerdning
77	77	77	77	Stensgjerdning
78	78	78	78	Stensgjerdning
79	79	79	79	Stensgjerdning
80	80	80	80	Stensgjerdning
81	81	81	81	Stensgjerdning
82	82	82	82	Stensgjerdning
83	83	83	83	Stensgjerdning
84	84	84	84	Stensgjerdning
85	85	85	85	Stensgjerdning
86	86	86	86	Stensgjerdning
87	87	87	87	Stensgjerdning
88	88	88	88	Stensgjerdning
89	89	89	89	Stensgjerdning
90	90	90	90	Stensgjerdning
91	91	91	91	Stensgjerdning
92	92	92	92	Stensgjerdning
93	93	93	93	Stensgjerdning
94	94	94	94	Stensgjerdning
95	95	95	95	Stensgjerdning
96	96	96	96	Stensgjerdning
97	97	97	97	Stensgjerdning
98	98	98	98	Stensgjerdning
99	99	99	99	Stensgjerdning
100	100	100	100	Stensgjerdning



Figur 15: Kart over garden Varhaug i Hå fra 1966.



Figur 16: Kart over garden Varhaug i Hå frå 1994.

4.2.3 Dømet Nordhassel (Øvre)

Nordhassel har vore skifta to gonger, 1888 og 1988. det er lite endringar i tida etter flyfotograferinga og fram til jordskiftetida. Difor tek eg ikkje med ØK her, men ser på endringane frå jordskifte til jordskifte, og frå jordskifte i 1988 og fram til i dag. Det er store endringar frå det første jordskiftet og fram til 1988. Likeeins har det skjedd store endringar etter jordskifte i 1988. Utviklinga er vist på figurane 17, 18 og 19.

Både teigforhold og gjerda på Nordhassel er tåleg typiske for gardane på Lista før hundreårskiftet. Teigblandinga ekstrem, men einser at det er skjedd ein betydeleg endring i teigstorleik etter skiftet. Ser ein på kartet frå 1888 (fig. 17) så ser ein at det ikkje er gjerde av noko slag på arealet nær tunet. Teigane ligg i smale striper ut frå tunet, og endar i ein felles "tverrgard", denne består delvis av stein og av kanalen som går på tvers av gardsvalden. På arealet utanom tverrgarden er teigane større og det er bygt steingjerde. Truleg er dette stein som er teken opp i samband med nyriddinga. Ser ein nærare etter så ser ein at ei heil rekkje av desse steingjerda endar blindt, dei kan med andre ord ikkje ha hadt nokon hegnande funksjon.

Andre typiske trekk er steingjerda som står langs vegane, dette går igjen på dei fleste karta. Desse vegane er ikkje å rekne for geilardå dei ikkje går frå tunet og ut til utgarden. Ein ser og at det kan sjå ut som det er to utgardar ein utanom tverrgarden. Forklaringa kan vera at ein etter som nyriddinga skaut fart fann det naudsynt med ein ny utgard i staden for at kvar einskild skulle hegna sin eigen åker.

Endringane fram til 1988 (fig. 18) er store. Mykje av arealet til garde er gått med til flyplassen som tyskarane bygde under krigen. Ein ser og at det er komne steingjerde i alle dei nye grensene som vart skipa ved jordskiftet i 1888. Fleire av bruka er flytt ut or fellestunet sidan 1888. Husa ligg framleis samla men tunet er lufta ut som Skage (1967 s.30) uttrykkjer det. På kartet frå 1988 ser ein at det er bygd hus på lenger vest enn det tidlegare tunet. Noko av grunnlaget for jordskiftet i 1988 var at ein del bruk var slegne saman. For å samla bruka til dei eigarane som åtte fleire bruk var det naudsynt med jordskifte.

Situasjonen frå 1988 og fram til i dag (1997) er og mykje endra. Figur 19 syner kor mykje steingjerde det er att i dag. Dei nye eigedomsgrensene, som vart fastlagde av

jordskifte, følger berre unntaksvis dei gamle steingjerda. Der kor nye grenser og steingjerda fell saman står dei att. Så godt som alle steingjerda som vart ståande utanom eigedomsgrensene er fjerna, unnateke nokre nær husa. Jordskifte i 1988 omfatta og Nedre Nordshassel slik at tala i tabellane, 4.14 og 4.15, ikkje stemmer overeins med kartet. Reduksjonen i steingjerde er større på Nedre Nordshassel enn på Øvre. Endringane omfattar meir enn fjerning av steingjerde, men desse andre endringar er ikkje registrert.

Rett skal vera rett, det har ikkje berre blitt fjærna steingjerde. Nydyrking etter jordskifte i 1988 har resultert i ryddningsrøysar som ligg i nokre av dei nye bruksgrensene, (desse ligg utanom kartet). Dei er rett nok ikkje å rekne som steingjerde, men det er ikkje dei gamle gardfara heller. Korleis desse nye røysane er å sjå til er det sikkert mange meiningar om, men for det biologiske mangfaldet skulle dei kunna bidra i positiv lei. Og om nokre år med sol og regn vert dei vel gråe av lav og gror til slik at dei liknar noko på dei gamle gardfara.

NORDHASSEL, nr. 1.

M:Ne:88, Høivigs Tingdng.


L:stier og M:stindly Aml

O:svagef

Carte: Jordbndk x. Ager, A:stind

1800

1000



Udmark (Hellemyren).

Udmark (Hellemyren).


NEDRE NORDHASSEL.

NEDRE NORDHASSEL.


Figur 17: Jordskiftekart over garden Øvre Nordhassel på Lista frå 1888.

AN

KART OVER ØVRE NORDHASSEL
Situasjon 1988
Kilde: Jordskiftekart
Steingjerde
Nye grenser



Figur 18: Del av jordskiftekart over Øvre Nordhassel på Lista fra 1988.



Figur 19: Kart over garden Øvre Nordhassel på Lista som syner situasjonen i dag.

5. DRØFTING

Ja og nei er hurtig sagt, men krever ofte grundig overveielse.

Baltasar Gracián, spansk filosof, 1601- 58.

5.1 GJERDESTRUKTUREN FØR HAMSKIFTET.

5.1.1 Fredinga av innmarka

Gjerdestrukturen før jordskifte varierer områda i mellom. Forskjellane skuldast nok naturtilhøva, som førte til ulike driftsformer og gjerde. Der kor dyra vart sende til fjells var det ikkje naudsynt med utgard. "Stølsdrift" har nok vore meir vanleg i Ryfylke og Dalane enn i Hå og på Lista. Ein ser og ulike løysingar på korleis gjerdestrukturen har vore der kor dyra har vore heime, anten har ein geil frå tunet og ut til utgarden eller så har ein sommarfjøs som står i utgarden, denne siste løysinga var det mykje av i Dalane og i Hjelmeland.

For Hå og Lista finn ein på mest alle karta ein felles utgard for alle bruka. I Hjelmeland spriker resultatata noko, men hovudtyngda av gardane har hegn mot utmarka. Dei gardane der det ikkje var hegn låg stort sett i den inste delen av kommunen som liknar mykje på Suldal. For Suldal sin del må fredinga ha vore basert på at dyra vart gjeta eller jaga til fjells, skal ein tru kartet. Ser ein på tabell 4.6 så ser ein at 72% av gardane som vart utskift før 1900 ikkje har noko hegn mot utmark.

For Dalane er resultatata vanskeleg å tolke, dei fleste som vart skifta før 1890 hadde felles hegn mot utmarka. Resultatet for Dalane syner motsett endring i høve til Hjelmeland og Suldal. Årsaka kan vera at forskjellen mellom gardane er større enn den samla endringa.

Årsaka til at ein mange stader ikkje finn noko hegn mot utmark i Suldal, Hjelmeland og Dalane kan vera at den gamle utgarden har lege utanom skiftefeltet. Etter utskiftingslovene skulle ein og ta med den delen av utmarka som låg inn til innmarka, og som kunne dyrkast opp i nær framtid. På Lista og i Hå er det meste av jorda dyrkbar slik at heile innmarksarealet vart teke med under utskiftinga og såleis kartlagt. I Dalane og Ryfylke ligg den dyrka marka meir inneklemd mellom ikkje dyrkbare areal. Var det eit område innanfor utgarden som ikkje var dyrkande og som heller ikkje kunne nyttast til slåtteeng kan det hende at dette vart utelate frå skifte. På fleire kart ligg det dyrka arealet heilt ut til ytterkanten av kartbladet. På nokre gardar kor det har vore jordskifte både i innmarka og utmarka samstundes, og kartet er teke opp i to målestokkar ein for innmark og ein for utmark. Kartet over innmarka kan i slike tilfelle vere mindre enn arealet

innafor utgarden. Grunnen til at gjerde vart sett eit stykkje utanom den dyrka marka kan og ha vore gjort for å lette presset på gjerdet. Sjå bilete (fig. 20) frå Gjessfjell i Hjelmeland som syner korleis utgarden går utanom ryddningsrøysane, og såleis eit stykke frå enga.



Figur 20: Utgard og ryddningsrøys. Utgarden (midt i biletet) går eit stykke utanfor den dyrka marka.

Steingjerda på Jæren var låge og var ikkje hegn i seg sjølv skal ein tru litteraturen. I det heile har steingjerda aldri vore tilstrekkeleg hegn mot småfe. Karta kan ikkje gi noko svar på spørsmålet om kor høge gjerda var, men at steingjerda ikkje var hegn åleine kan forklare alle blindgardane eg fann i utgarden, då fredinga av innmarka må ha vore basert på gjeting. Gjeting må ha vore vanleg sjølv på det oversiktlege Jæren. Det syner utsegner frå fleire hald på, så som festeseddelen frå Hårr og J.Grude (1908) sine utsegner på.¹⁹

¹⁹ Går ein over og kikkar på skjønnlitteraturen ser ein det same, gjeting og gjetarar går igjen fleire stader. Mellom anna var Veslemøy, i "Haugtussa" av Arne Garborg, "gjetlegjente" og i "Fred" skildrar han korleis det var når tateren Carolus Magnus skulle gjeta. Eit anna sprang til skjønnlitteraturen, i "Markens grøde", av Knut Hamsun, får dottera åt Isak ros for di ho har gjeta dyra så trufast mot turnipsåkeren om hausten, ein har altså freda noko av innmarka særskilt ved gjeting for å få byrja haustbeitinga på innmarka tidlegare.

Kva føremål hadde så desse låge steingjerda, dersom dei ikkje var hegn? Den dag i dag er kan gjerde være bruka til å markere skilje mellom mitt og ditt. Ein kan berre sjå på alle gjerda som vert sett opp i bustadområde, som ikkje har nokon hegnande funksjon og som heller ikkje er meint å ha det. Ein god markering av grensa og skilje mellom innmark og utmark definerte på sett og vis oppgåva til for gjetaren, "hit men ikkje lenger". Var steingjerda av noko høgde så hjelpte denne til med å halda dyra på plass sjølv om det ikkje var godt nok hegn i seg sjølv.

Korleis gjerdehaldet og gjetinga har vore organisert er det umogeleg å seia noko om ut frå karta. Dei gamle lovane regulerte gjerdehaldet mellom oppsitjarane på garden. Kvar einskild skulle setje opp sin del av utgarden etter kor mykje han åtte. Der kor det ikkje var rekningsvarande eller mogleg å freda innmarka med gjerde, fekk nok ikkje denne lovregelen nokon verknad. Dei gamle middelalder lovane inneheld og reglar om kva tid dyra skulle jagast av innmarka, og denne regelen har vore gjeldande kor fredinga av innmarka anten var basert på gjeting eller at dyra art jaga til fjells. Truleg var det ikkje sjølve lova som regulerte kva tidsrom innmarka vart freda. Gjeting, gjerdehald og tidspunkt for fredinga vart nok og avgjort gjennom meir eller mindre organiserte overeinskomstar grannane i mellom. Ein regel om at gjerda skulle være oppsett til 3. mai er vanskeleg å handheva for til dømes fjellgardane i Suldal der det kan liggje mykje snø til ut i midten av mai.

Kva så med gjerde mellom gardane i utmarka? Om det er gjerde gardane i mellom er omtrent likt som det er med gjerde mot utmark. På Lista og i Hå er det stort sett innteikna gjerde mellom gardane medan det er meir ymse i dei andre områda. I følgje litteraturen er desse gjerda ikkje gamle. Om desse gjerda var hegn eller ikkje er uklårt.

Det er i det heile mykje som tyder på at det har vore lite hegn på Jæren i tidlegare tider. Dersom gjerda manglar heilt, eller er så låge som dei er skildra i litteraturen, så kan ikkje dei gamle middelalderlovene ha vore nytta til å regulere gjerdehaldet. At "merkegarden" og "bøgarden" er noko meir enn rein markering av grensa, går fram av at det skal betalast erstatning dersom det kjem dyr over.

Noko av forklaringa på kvifor steingjerde ikkje er nemnt i verken Gulatingslova eller ML, kan liggje i at det mellom anna på Jæren ikkje var vanleg med hegn. Steingjerda utan anna slag gjerde oppå vart nok ikkje rekna som godt nok hegn. Difor var det aldri aktuelt eller mogleg å setja opp fullverdig hegn på Jæren. Og då det ikkje var aktuelt å setja opp gjerde, kom det heller aldri til tvistar omkring gjerde. Når steingjerda ikkje var

emne for konflikhtar, var det ikkje behov for å ha eigne reglar om steingjerde i verken Gulatingslova eller ML.

5.1.2 Gjerde mellom bruka.

Både litteratur og jordskiftekartene syner at innmarka var mest fri for gjerde før jordskifte, dersom ein utelet Hå. Tabellane 4.1- 4.5 syner at det blir vanlegare med gjerde dess seinare jordskifte blir halde. Det er den opne, teigdelte bøen utan hegn som dominerer. Rett nok er det mange kortare eller lengre stumpar med steingjerde på mange kart, men dei er ikkje hegn. Dei korte gjerda som ein finn på dei eldste jordskiftekartene står ikkje plent i grensa, men nær åkrane. Somme stader står steingjerda til og med inne på åkerteigen, ein slik kort steingard kan ikkje vera noko anna enn eit deponi av åkerstein. Slike gamle "steindeponi" kan ein sjå den dag i dag. Kor sterkt desse steingjerda prega landskapet, og høgda på dei, varierer frå område til område. Var det mykje stein i jorda vart det meir steingjerde enn kor det var sand og myrjord.

Dalane skil seg ut med mykje gjerde inne på bruka i høve til kor mykje det er i grensene. Det kan tyde på at ein, kvar for seg, tok til å frede noko av si eiga jord mot fellesbeitinga vår og haust. Østberg (1932) skriv og om at det i Hjelmeland var vanleg med mellombels gjerde til denne slags bruk. Slike mellombels gjerde kan og ha vore brukt til å supplere alle blindgardane med.

For Hå er derimot gjerde på innmark vanleg på jordskifte tida. Utskiftingslova av 1821 vart bruka mykje på Jæren, og det er nok noko av årsaka. Verknadene av jordskifte etter lova frå 1821 blir drøfta lenger ned i teksten. Utviklinga er i det heile kome eit steg lenger her enn i dei andre områda, dessutan er kartene gjennomsnittleg laga seinare i Hå enn i Ryfylke og Dalane. Var det gjerde på innmarka før det første skiftet på Jæren? Litteraturen tyder på at det ikkje var noko særleg med steingjerde tidleg på 1800, slik at situasjonen har nok vore temmeleg lik den ein finn på jordskiftekartene i frå Lista.

Det er ikkje alle stader at det ser ut som om det er eigeomstilhøva som gjer det umogleg å setja opp gjerde mellom bruka på innmark. Kva kan så årsakene vera til at ein finn så lite gjerde på innmark? Gjerde på innmark var i strid med kva grannesamfunnet mange stader tillet, hevdar m.a. Valen- Sendstad (1964) og Østberg (1932). Dei gamle lovane frå middelalderen heimlar ikkje at det kan setjast opp gjerde på innmarka på den mangbølte garden med fellestun. Gjerdelova frå 1860 endra ikkje på dette tilhøvet.

Denne vart ikkje gjort gjeldande for gardar som ikkje var fullstendig utskifta etter lova frå 1857.

Inngjerdinga av einskild teigar og bruk av mellombels gjerde, som ein ser mykje av i Dalane og ein del av både i Hjelmeland og Suldal, kan vera ein omgåing av regelverk og sedvane. Truleg har det og vore ei praktisk løysing då det var vanskeleg å gjerde inne heile egedomen utan at naboen tok sin del. Freding av eng var ikkje aktuelt før ein byrja med grasdyrking og skiftebruk mellom korn og gras.

5.2 HAMSKIFTET OG STEINGJERDA

5.2.1 Jordskifte sin innverknad på bygginga av steingjerda.

Jordskifte si rolle i framveksten av steingjerda kan ein ikkje lesa ut frå resultatane. Det går heller ikkje klårt fram av litteraturen om jordskifte var avgjerande for at steingjerda vart bygde. "*Jordskifte skaper gjerde*" vart det sitert etter Sevatdal (1997) i innleiinga. Stemmer dette må det vera ein samanheng mellom gjerde og jordskifte. Gardane kor det har vore jordskifte må få gjerde på innmarka før gardar som ikkje er utskift. Nedanfor har eg sett opp nokre føresetnader som må vera tilstade for at ein kan hevda at jordskifte var den direkte årsaka til at steingjerda vart bygde.

Dersom jordskifte "skapte steingjerde", så :

1. -skal det ikkje vera noko vesentleg med steingjerde på jordskiftekartane.
2. -må det vera vesentleg meir steingjerde på dei gardane som har vore utskift tidlegare.
3. -må det kort tid etter jordskifte koma gjerde i bruksgrensene.
4. -må bruksgrensene vera prioritert i bygginga av steingjerde.
5. -må gjerda som blir bygt i etterkant av jordskifte vera hegn.

Det første punktet kan "teste i alle områda". Ser ein på tabellane 4.1- 4.5 så ser ein at det ikkje er noko vesentleg gjerde på innmarka i førre hundreåret i alle områda unnateke Hå. I Hå var det mange gardar som vart utskift etter lova frå 1821 slik at ein del av karta vil syne situasjonen etter første jordskifte. Held ein heile Hå utanom så kan ein sei at den første føresetnaden er til stades.

Det er berre i Hå eg har kunna sjå på kva endringar som kom "kort" tid etter jordskifte. Tabell 4.13 synte ingen klår samanheng mellom tidlegare jordskifte og gjerde. Forutsetning nr. 2 ser ikkje ut til å vera oppfylt, i og med at ein finn like mykje

steingjerde på dei gardane kor det ikkje har vore jordskifte. Her må det leggest til at mange av dei minnelege utskiftingane etter lova frå 1821 ikkje vart tinglyste. Slik sett kan fleire av dei gardane som enda i potten for gardar som ikkje var utskift tidlegare, likevel ha vore det.

Forutsetning nr.3 om at det kort tid etter jordskifte må koma gjerde i bruksgrensene, er heller ikkje oppfylt for alle gardane. I følgje M.A.Grude (1914 s.327) og Rønneseth (1978) vart det bygd gjerde etter utskiftingane etter lova frå 1821, men det syner ikkje resultatata frå karta. Mange stader er det kome mykje gjerde i grensene, slik at utsegnene til M.A.Grude og Rønneseth stemmer, men dei hegnar ikkje fullstendig. Her skal ein og hugse på at det tek tid å lø steingjerde, skal alle dei nye skiftelinene få steingjerde tek det fleire år før ein er ferdig. Skal ein tru Rønneseth (1978) så tok det over tjue år å bli ferdige med å lø steingjerde i grenselinene etter skiftet i 1866 på Njærheim. Han skriv at då det vart nytt skifte i 1885 var dei halvferdige.

Steingjerda fylgjer ikkje berre grensene. Dei er og bygde på kryss og tvers elles. Det verkar med andre ord som det for einskilde gardar ikkje er nokon klår prioritering av grensegjerda når det gjeld kor gjerda blei bygde først. Føresetnad nr. 4 er dermed ikkje oppfylt. Forutsetning nr.5 er på sett og vis svart på ovanom, frekvensen av blindgjerde ser ut til å væra omlag den same på gardar som er utskift som dei som ikkje er det.

Når ein ser på resultatata i tabell 4.12 og drøftinga over så må ein ha klårt for seg at det er utskiftingslova frå 1821 som har vore bruka. I denne lova var det ikkje nokon regel om at gjerdehaldet skulle ordnast. Og nettopp det at gjerdehaldet ikkje vart ordna var grunnlaget for mykje av kritikken mot utskiftingane etter lova frå 1821. Gjerdehaldet vart nok likevel ordna på mange gardar, men også sikkert heilt utelate på andre.

Gjennom ein studie av utskiftingsdokumenta etter loven av 1821 kunne det vore interessant å sett kor sterk vektlegging gjerdehaldet fekk. For styresmaktene var det sentrale problemet med teigblandinga at denne gjorde det umogleg å få til ei individuell freding av dei einskilde teigane. Det er slettes ikkje sikkert at problemet med felles beiting vart opplevd like sterkt av bonden alle stader. Ynskje om gjerde treng med andre ord ikkje ha vore hovudårsaka til at bonden kravde jordskifte for den teigblanda jorda.

Lat oss nå forutsetta at gjerdehaldet vart ordna for dei fleste gardane som vart utskift etter lova frå 1821. Kva kan årsakene væra til at det å sjå til ut frå kartet ikkje er fullverdig hegn? Det kan væra fleire forklaringar til at dette. Dersom ein ikkje tykte fellesbeitinga var noko problem vart ein kan hende einige om å utsetje oppsetjinga av

gjerda. Meinte ein av brukarane at han likevel lei skade av fellesbeitinga, kunne det vera hardt å pressa t.d. den eldre konservative naboen som budde vegg i vegg til å gjerde. Godt naboskap var truleg endå viktigare i dei tronge fellestuna enn det er i dag.

Sjølv om gjerdehaldet vart ordna under jordskifte, så er det ikkje sikkert at det vart oppfatta som tvangsgrunnlag, slik som det vart etter at ein fekk ny lov i 1857. Ei utskifting utført av yrkesbrør, frå ei grend ikkje alt for langt unna, har kanskje ikkje hatt den same autoriteten som ei utskifting leia av ein med utdanning og tittel. Her er det å leggje til at mange av dei som stod for utskiftingane etter lova av 1821 opparbeidde seg eit godt rykte og såleis vann autoritet, medan einskilde av dei som vart utskiftingsformenn over natta etter lova av 1857 ikkje fekk tillit (M.A.Grude 1914 s.328).

Forklaringa kan og vera at ein ikkje var ferdige med å lø steingjerde. Mangelen på anna gjerdefang på Jæren, før ståltråden vart vanleg, kan ha medført at det vart gitt lange fristar til oppsetjing av gjerde.

Resultatet for Hå tyder ikkje på nokon samanheng mellom jordskifte og bygging av steingjerde som hegn. Ein kan og slutte at mange av dei minnelege skifta ikkje førte til at "enhver fredet sin jord". Jordskifta etter lova frå 1821 "skapte" ikkje gjerde, i form av pålegg om gjerding, men jordskifte gjorde det mogleg å setje opp gjerde. Og var utskiftinga "god" kunne gjerdelova frå 1860 brukast til å ordna gjerdehaldet i etterkant.

Lat oss no ta for oss skilnadene mellom Lista og Hå. Naturtilhøva er nokolunde like i desse to områda. Kvifor då så mykje meir gjerde i Hå enn på Lista? Karta frå Hå er gjennomsnittleg nokre år yngre enn karta frå Lista, dette kan likevel ikkje vera heile forklaringa. Omveltingane i landbruket har nok kome tidlegare til Hå, jernbanen til Stavanger og dermed auka marknad for produkta har nok spelt inn. Dei mange tidlege utskiftingane etter lova frå 1821 er eit signal om at endringa kom tidleg i gang på Jæren. M.A.Grude (1914) reknar at det store omslaget tok til kring 1840 på Jæren, 10 år tidlegare enn ein reknar at "hamskifte" tok til elles.

Set ein Hå og Lista opp mot kvarandre som eit område utan og eit med utskiftingar, så får ein at eit område med utskiftingar har mykje meir gjerde enn eit utan. Utskiftingane etter lova frå 1821 er eit av mange teikn på endringane. Her må ein ta med at det ser ut til at teigstrukturen er betre i Hå enn på Lista. Ein skal ikkje undervurdere signal effekten dei utskifta gardane kan ha hatt på dei omkring liggjande gardane. På gardar der eigedomstilhøva og teigblandinga ikkje var ekstrem har ikkje jordskifte vore naudsynt for

å koma i gang med gjerding og nydyrking. Signal effekten av jordskifta blir drøfta grundigare i neste kapittel.

Ovanfor er det sett nærare på kva innverknad jordskifte etter lova frå 1821 fekk når det gjaldt bygging av gjerde. Under jordskifte etter utskiftingslova frå 1857, og seinare lovar, skal jordskifteretten gi reglar om gjerdehald. Og slik sett har utskiftingane etter 1859 "skapt" gjerde. Om det vart bygt gjerde raskare på dei gardane kor det vart halde jordskifte har eg ikkje noko tal på. På ØK er det steingjerde i mest alle grensene i Hå, i tillegg er det mykje steingjerde utanom grensene. Og der kor det ikkje er steingjerde er det sett opp anna gjerde, andelen blindgardar i grensene er liten. Dette gjeld mest alle gardane, å sjå til er det ikkje skilnad mellom gardar med og utan utskifting.

På Lista dominerer steingjerde i grensene, men her er framleis ein god del av grensene utan hegn. I Hjelmeland er det gjerde i mest alle grensene, men steingjerda utgjør her ein mykje mindre del enn i dei andre områda jf. tabell 4.10.

5.2.2 Andre årsaker til at steingjerda vart bygde på slutten av 1800 og frametter.

Steingjerda er bygde utan at det har vore jordskifte, slik sett kan ikkje jordskifte vera åleine som årsak til at steingjerda vart bygde. Det er stor skilnad i kor mykje steingjerde som er bygde i dei ulike områda. I Hjelmeland er det mest ikkje bygt steingjerde etter skifte, på Lista er det bygt steingjerde i grensene og i Hå er det bygt steingjerde både i grensene og andre stader.

Ser ein på tabell 4.11 så ser det ut til at ein slutta å lø steingjerde i Hjelmeland kring 1900. Med unntak for jordskifta etter krigen er det lødd nye steingjerde etter skifte både Lista og Hå. Ein ser og døme på at det er lødd steingjerde eit par stader så seint som på 1960- talet.

Dersom stein ikkje er noko eigna gjerdefang kvifor då så mykje steingjerde på Lista og i Hå? Gjennom nydyrkinga som skaut fart på andre halvdel av 1800 så vart det tatt mykje stein or jorda. Denne steinen måtte fjernast. Då det var vanskeleg å få transportert bort steinen vart han i staden deponert som steingjerde. Sjølv om det tok tid og var dyrt å lø steingjerde, så slo ein to fluger i ein smekk. Steinen fanst i så rikelege mengder mange stader på Jæren. Dette førte til at steingjerda vart store og sterke slik at dei nok var fullverdige hegn, i alle tilfelle for storfe, men og for sau mange stader. Og skal ein tru Schumann (1893) så må Jæren og Lista ha vore slike stader som steingjerde blei det

billigaste gjerdet på sikt. Då ståltråden kom i bruk på slutten av hundreåret vart det rå for Jærbuen å forsterka steingjerda slik at dei hegna for sau.

Ved å deponere åkersteinen i form av steingjerde tok denne og mindre plass. Det er heller ikkje så lite stein som vart plassert på denne måten. Den tidlegare omtalte steingarden på side 22, som bonden Gabrielsen fekk premie for, romma heile 288 m³ stein. Det utgjer omlag 140 normalt store traktorlass.

Kvifor slutta ein å lø steingjerde så tidleg i Hjelmeland? God tilgang på gjerdestaur, m.a. mykje einer, har nok ført til at dei reine ståltrådgjerda kom i bruk tidleg tidleg, og utkonkurrerte steingjerde. Eit anna forhold er at mange av bruksgrensene i Hjelmeland ikkje ligg inne på dyrka mark, difor må ein her transportere åkersteinen gjennom ulende for å nytta han som gjerde mot nabobruket. Transporten av steinen har nok fordyra steingjerda såpass at dei ikkje har kunna konkurrere med stålgjerde. Mykje impediment og brattlendt mark i og rundt innmarka gjer og at ein her kan deponere steinane i røysar og "tippar" utan å tapa dyrkbart areal.

Kvifor er det så mykje meir gjerde utanom grensene i Hå enn på Lista? Eigedomstilhøva har nok saman med naturvilkåra medverka til kvar, og om det vart bygde steingjerde. Dei lange, smale til dels små teigane på Lista har medverka til at dei fleste steingjerda kjem i bruksgrensene. Avstanden, og dermed transporten, ut til eigedomsgrensa blir kort. I Hå er teigane, å sjå til, større med meir kvadratisk form. Dette gjev ein lenger transport og behov for større deponi, slik at ein har blitt nøydd til å lø steingjerde utanom grensene. Transportlengda og tilgangen på stein verkar inn på kor mykje og kvar ein bygg steingjerde. Dei relativt få steingjerda som er lødde etter skifte i Hjelmeland er i det vesentlege komme nær åkrane.

Summerer ein opp det ovanemnde så får ein at; stein ikkje er aktuelt som gjerdefang før han er teken or jorda, og at mengda med steingjerde avheng av kor steinhaldig jorda er. Eigedomsgrensene bestemmer kvar og om steingjerda blir bygde.

For å nytte plog, og andre nye reiskapar, var det naudsynt med "steinfri" jord, betre form på teigane og nye vegar. Den store nydyrkinga på Jæren på slutten av 1800 og byrjinga på 1900 førte til at ein hadde rikeleg med stein som var teken or jorda. Steingjerda var med andre ord eit resultat av nydyrkinga. Valen-Sendstad (1964 s.63) skriv: *"Så pardoksalt det enn kan lyde var altså steinfjøset mer et utrykk for forbedringer i*

åkerbruket enn i husdyrbruket." Dersom ein tek han på ordet blir steingardane ståande mykje på same måten. Steingjerda var eit teikn på eit moderne og framtidsretta landbruk fram til andre verdskrigen.

Der kor teigblandinga var ekstrem var det og naudsynt med jordskifte for å koma i gang med oppdyrkinga. Nyryddinga var såleis eit resultat av jordskiftet mange stader. Steingjerda igjen var eit resultat av nydyrkinga, difor kan ein sei at steingjerda er eit sekundert produkt av jordskifte.

Ein ser av tabellane 4.1 til 4.9 at det blir meir og meir gjerde med tida uavhengig av jordskifte. Drøftinga over kan og peika i same lei; endringane skjer uavhengig av om det har vore jordskifte på garden eller ikkje. Ein kan kanskje få inntrykk av at jordskifte har spela ei underordna rolle, dette er ikkje tilfelle. Ein må hugse på at det har vore jordskifte på dei fleste gardane, anten etter lova frå 1821 eller seinare jordskiftelovar. Jordskifte som rambukk for nye tankar og nye driftsformer, rakk nok lenger enn til dei gardane som vart utskift.

Dei mange jordskifta var med å forma fleire generasjonar. I den same tida slo handelslandbruket gjennom og ein fekk tidsskrift for landbruket. Hardare konkurranse om og dyrare arbeidskraft, kravde rasjonalisering. Auka omsetjing og kanskje velstand på dei utskifta gardane gjorde det lett å ta etter. Dei unge tok etter kva dei hadde lært og sett på gardane i kring. Krava skifta, sagt på ein annan måte, det vart meir snakk om å "tene pengar", enn å "brødfø seg og sine".

Som eit døme kan ein tenkje seg at jordskifte på nabogarden medførte inngjerding og gjorde det mogleg med grasdyrking. Ynskje om grasdyrking spreidde seg vidare til gardane i kring. Var det mogleg å få til individuell hegn så sette ein i gang med å setja opp gjerde på dei omkring liggjande gardane. Den som ville ha gjerde hadde og fått lovverket i ryggen frå og med 1857. Ville dei andre ikkje vera med å gjerda så kravde han berre jordskifte. Vart oppsitjarane einige om å setja opp gjerde, var det ikkje naudsynt å halde jordskifte.

Mykje tyder på at det har skjedd ei endring i oppfatning om freding og gjerdehald rundt hundreårsskiftet. Det vert og meir og meir gjerde. Og det blir mindre blindgardar, særskilt i grensene. Tabellane 4.7- 4.9 syner eit aukande innslag andre gjerdetypar i tillegg til steingjerde. Truleg er det og sett anna gjerde oppå steingjerda, men dette syner

ikkje i karta. Slik eg tolkar dette så har det rundt hundreårsskiftet blidt meir og meir vanleg å stole på gjerda som fullstendig hegn. Gjerda vart meir vanleg samstundes med at garden som einig vart oppløyst. Etterkvart som drifta vart meir og meir individualisert vart og gjerde naturleg nok akseptert, då gjerda var og er forutsetninga for individuell drift der kor det blir halde husdyr.

5.2.3 Kor gamle er steingjerda?

Steingjerde som fenomen er utan tvil gamalt på Jæren, det tyder litteraturen på. Men om steingjerde som hegn er like gamalt er ikkje sikkert. I og med at verken Gulatingslova eller ML nemner steingjerde så tyder dette på at steingjerda ikkje var rekna for hegn. Steingjerda kan ha eksistert som underlag for tregjerde, slik Asheim (1978) hevdar.²⁰

Ovanfor er det konkludert med at det ikkje var noko særleg hegn på innmarka i noko av områda før 1800. Noko steingjerde har det likevel vore. Den gamle utgarden er gamal, det same er dei eldste ryddningsrøysane. Steingjerda kan såleis ha høgst ulik alder, frå jernalderen til andre verdskrigen.

Dei fleste steingjerda ein finn i dag er likevel yngre enn jordskifte. Sevattal (1997) har rett når han skriv at dei fleste steingjerda ikkje er særleg gamle. Og påstår ein at steingjerda er så gamle; at dei utgjer ein "betydeleg kulturhistorisk verdi", så er ein på utrygg is. Å kome fram med nokon gjennomsnittleg alder for dei steingjerda ein har i dag, let seg vanskeleg gjera. Resultata mine er heller ikkje brukande til dette.

Kvifor kan eg sei at steingjerda ikkje er gamle? For det første er det mange kart med lite eller ikkje gjerde. Dei steingjerda som er komne til i ettertid må då vera yngre enn jordskifte. For det andre, skal steingjerda vera gamle må dei ha "overlevd" jordskifte, ved at dei nye grensene blei lagt til eksisterande steingjerde. Berre unntaksvis er dette tilfelle. Dei fleste steingjerda ein har i dag står i grensene, dei er dermed opplødde etter at grensene vart fastlagde, altså etter jordskifte. Steingjerda som ein ser på jordskiftekart er anten, rivne ned, eller flytt. I mange høve regulerte jordskifte og grensene til nabogarden, slik at også desse er "nye".

Form og plassering av steingjerda kan gi ein peikepinn på alderen og føremålet. Står steingjerda i rette grenser forma av jordskifte, så er dei i regelen lødde etter jordskifte. Er

²⁰ Eit lite sidesprang. dei gamle bygdeborgene, frå folkevandringstida, bestod og låge steinmurar med pallisader av tre oppå. (Eikeland 1968).

det "minestein" i steingjerde så kan det heller ikkje være eldgammalt. Breie steingjerde med mykje stein som ikkje er hegn, er deponi av åkerstein.

Skal ein være viss på at ein har med eit eldgammalt steingjerde å gjera, må ein helst finna det utanom det som er landbruksmark i dag. Dette kan være steingjerde som står som korte blindgardar i beitestrekkningar. Steingjerde som slyngjer seg fram i lende, der kor det er best å setja det, er i regelen eldre enn jordskifte. Jordskifte har til alle tider prøvd å få til rette grenser i størst mogleg grad. Andre gamle steingjerde er slike som står i overgangen mellom dyrka mark og utmark som ikkje er dyrkande.

Utgarden overlevde nok ofte den første utskiftinga. Menn under seinare skifte har denne mist funksjonen, og har forsvunne under utvidinga av det dyrka arealet. Særskilt i Hå og på Lista er å det sjå til ut frå ØK og ut frå jordskiftekartane lite att av dei gamle felles utgardane. Dei aller fleste steingjerda står i rette grenser på Lista og i Hå, slik at når ein skryt av det flotte kulturlandskapet bør ein ha i mente at steingjerda ikkje er stort eldre enn 150 år. I Hjelmeland, Suldal og Dalane er det mindre steingjerde, men her kan ein større del av steingjerda være tolleg gamle, då dei her står utanfor dyrka mark.

5.3 STEINGJERDA I DAG

Nokre år etter 2. verdskrigen slutta ein å lø steingjerde. Gravemaskinar og traktorar opna nye moglegheiter og stilte nye krav. Nydyrkinga etter krigen er kjenneteikna av store røysar, ofte med mykje jord i slik at dei gror til. Då traktoren vart vanleg og kravde større teigar tok ein til å fjerne steingjerda som nokre tiår tidlegare var merket på "moderne" landbruk.

Dei siste åra har steingjerda fått sin renessanse på Jæren. Rett nok i ein litt annan skapning enn for hundre år sidan. Ved hjelp av gravemaskin er ein nå i stand til å lø opp massive steingjerde av store steinar. Desse steingjerde gjev eit absolutt hegn, og dei er så godt som vedlikehaldsfrie. Truleg kan ein bruke Schumann (1893, sitert ovanom) sine ord om tilhøvet i mellom dei nye steingjerda og anna gjerde. Dei er dyre å setje opp, men blir i lengda det billigaste. (Her må det leggjast til at det ikkje er rekna på om dette er tilfelle.

Tabell 4.12 syner kor mykje steingjerde som er fjerna. Steingjerda blir fjerna inne på bruket i mykje større grad enn i grensene. Årsaka til skilnaden ligg i at, fjerning av

steingjerde i bruksgrensene ikkje gir nokon rasjonaliserings gevinst. Dette ser ein og på kor steingjerda står att inne på bruka. Steingjerda står att i "kantar", så som mot veg og i skilje mellom dyrka mark og beite.

5.3.1 Jordskifte sin innverknad på steingjerda i dag

Kva innverknad har så jordskifte i dag på steingjerda? Effekten jordskifte i dag har på steingjerda går fram i tabellane 4.14 og 4.15. Steingjerda som står i grensene blir i mindre grad fjerna enn dei som står utanom. Difor gir ei omfattande endring av grensene store utslag på mengda med steingjerde. **Jordskifte endrar, nå som då, dramatisk på rammevilkåra, det blir opna for eit markert sprang i utviklinga.** Reduksjonen i steingjerde blir akselerert dei første åra etter jordskifte. Ein kan væra freista til å seie at innverknaden jordskifte i dag har på steingjerda er den same som for 150 år sidan. Jordskifte var den gong avgjerande for kvar steingjerda vart bygde, i dag er skifteplanen avgjerande for kvar steingjerda blir ståande att. Ved samanslåing av teigar vert rett nok ikkje bonden pålagt av jordskifteretten å fjerna steingjerda, men skifteplanen gjer det mogleg.

Det at eit jordskifte skal ta omsyn til "miljøet" er interessant, det blir vanskeleg å ta vare på "miljøet" (som jordskifterette **bør** §29 1.ledd 2.punktum) og samstundes utforme eigedomane mest mogleg rasjonelt (som jordskifteretten **skal** §29 1.ledd 1.punktum). Det vil føra for langt å gi seg inn på ein drøfting av denne problematikken her og det er og gjort før m.a. (Sevatdal 1997 s.18) og (Espås og Lande 1992)

Etter mitt skjønn kan ikkje Jordskifteretten gjera stort meir enn kva som er gjort på Nesheim, Kalleberg og Hananger. Dersom styresmaktene ynskjer å ta vare på meir av steingjerda må dei gjera det gjennom andre verkemiddel. Jordskiftelova sitt "skal" om "økonomisk" utforminga av eigedomane må gå føre "bør" om naturmiljøet og landskapsbiletet (jskl §29 1. ledd). Å leggje flest mogleg nye grenser til eksisterande gjerde er det lengste eg ser at jordskifteretten kan gå. Og i mange høve let det seg gjera utan at skifteløysinga lid for mykje, då det i dag berre unntaksvis er snakk om husflytting. Det er andre lovreglar og forskrifter som må hindra att steingjerda blir fjerna i etterkant.

5.3.2 Korleis ta vare på steingjerda

Eigedomsgrensene er som det går fram ovanom avgjerande for om steingjerda blir fjerna eller ikkje. Ein konservering av eigedomstrukturen og eigarforholda ville med andre ord vore effektivt for å ta vare på steingjerda. Det er berre det at steingjerda forfell. Det er for tidkrevjande og dyrt å halde dei vedlike og i staden blir det sett opp ståltrådgjerde langs med, sjå figur 21 som syner korleis dette ser ut. Steinar som sklir ut og hamnar i åkeren blir fjerna i staden for å bli lagt på plass. Slik forsvinn og dei gjerda som står i grensene jamt og trutt. Til slutt er det berre gardfar att som syner att det ein gong har vore ein steingard.



Figur 21: Steingjerde, ståltrådgjerde og vegetasjonsoppslag.

Den andre staden steingjerda står att er i kantane som mot bekker, brattlende og mellom dyrka og udyrka mark. Dersom desse kantane blir fjerna vil og steingjerda bli fjerna. Difor er lovar og tilskotsordningar som tek vare på kantane og med på berge steingjerda.

Det vil føra for langt å gi seg inn på nokon drøfting av kor eigna økonomiske verkemiddel er for å ta vare på steingjerda. Det einaste eg vil påpeika er at sjølv om ein hindrar at steingjerda blir fjerna, så oppnår ein ikkje at steingjerda blir haldne vedlike, jamfør avsnitta over.

Jordskifte går i stor grad ut på endra grensene, difor får eit jordskifte og stor innverknad på steingjerda. Jordskifteretten kan gjennom skifteplanlegginga gjera noko for at reduksjonen av steingjerda blir stor i etterkant. Det er ein klar forskjell i kor mykje steingjerde som er fjerna, mellom skifte der ein har prøvd å ta omsyn til steingjerda og kor steingjerda ikkje har vore prioritert, jf. tabell 4.15. På Nordhassel er mest ingen av dei nye grensene lagt slik at dei stemmer overeins med eksisterande steingjerde, er mest alle steingjerda fjerna. Medan ein på Hananger og Kalleberg har søkt å leggja dei nye grensene der kor det er steingjerde. Det er fjerna mykje steingjerde her og, men det hadde nok vore fjerna endå meir om skifteplanen ikkje hadde teke omsyn til steingjerda.

5.4 STEINGJERDE, JORDSKIFTE OG KULTURLANDSKAP

Gardsbruka som føretak er viktige element i dei fleste kulturlandskap. Driftsentrum, med bygningar, åker, eng og beite utgjør store deler av landskapet somme stader. Dei fleste menneskeverka i kulturlandskapet er blitt til og blir pleia gjennom gardsdrifta. Gardsbruka og gardane har ulik utforming rundt om i landet, dette gjeld alt frå bygningar, drift av landskapet til bruka sin plassering i høve til kvarandre. Naturgjevne tilhøve har her stor innverknad, men jordskifte har òg i stor grad prega gardane i store deler av landet.

Korleis formar jordskifte landskapet i dag? Spørsmålet er i kva grad påverkar grenseflytting og betra arrondering landskapet? Eller sagt på ein annan måte, kor viktige er eigedomstilhøva for landskapsbiletet? Eit landskap er naturleg oppdelt av dalar, fjell, elvar og ulike typar vegetasjon. Menneskeverk delar og fysisk opp landskapet, så som vegar, jernbane og flatehogst. I tillegg kjem oppdelinga i juridisk einingar; eigedommar, som er skilt frå kvarandre med grenser. Grensene trer til vanleg klårt fram i terrenget, i form av skift i driftsform og vegetasjon og i form av gjerde. Jordskifte endrar grensene, og dermed plasseringa av gjerda, mindre grenseline mindre gjerde. I opne kulturlandskap er gjerda og inndelinga i drifts- og arbeidsteigar eit viktig element i landskapet. Særskilt pregar steingjerda landskapet.

Landskapet er i stadig endring. Det endrar seg gjennom året og med åra. Oppfatninga og sansinga av landskapet endrar seg og med tida. Alt botnar i korleis ein ser. Kva ein oppfattar som stygt og vakkert skiftar frå person til person, bonde og hytteeigar treng ikkje vera samde om kva som er finast. Nedrasa steingjerda blir av mange oppfatta som

gamle og verneverdige. Medan bonden kan karakteriserer den same steingarden som teikn på forfall og vanstell. I dag er det vel mest ingen som kjem på å omtala ståltrådgjerda som fine. Schumann (1894 s.40) skriv derimot om ståltrådgardane: "...*de er desuden meget vakre.*" og "*Traadene hindrer ikke Udsigten, f. Eks henover et vakkert Landskap*".

Ein stadig minkande del av folka har tilknytning til landbruket, dette gjev fleire utslag. Det er ikkje lenger berre landbruksinteressene som rår. Som eit døme på endringar i oppfatningar og krav, kan ein ta gjerdelovgivinga. Fram til og med lova frå 1860 var det berre snakk om at gjerda skulle hegna. Nye gjerde som er komne etter lova frå 1860, så som ståltråd, piggtråd og straumgjerde, vart i førstninga ynskt velkommen av dei fleste. Ei ny tid der ikkje "alle" er bønder gjev andre lover. Dette kjem klårt til uttrykk i Lov om grannegjerde 5.mai. 1961 §4, her heiter det at gjerde ikkje må væra til "ulempe" eller "lyte" på granneeigedommen.

Biologane og zoologane lovpriser i dag steingjerde for kantvegetasjonen dei bidreg med. Det er ikkje sikkert pipa hadde hatt den same lyden dersom ein framleis hadde drive med ljåslått. Den gamle "skrapeslått" tok med seg kvart strå slik at det ikkje fekk stå att noko. Er det så sikkert at det gamle kulturlandskapet på Jæren og Lista var så rikt på detaljar og kantvegetasjon?

Korleis endrar reduksjonen i steingjerde landskapet? Ved fjerning av steingjerde forsvinn og vekseplassar for planter og dyr som ikkje veks utanom steingjerde. Ein kan ta dei fire "nye" jordskifta på Lista som døme, (tabell 4.14). Her er vel halvparten av steingjerda fjerna i etterkant av jordskiftet. Reduksjonen i vekseplass for planter og dyr er ikkje heilt lik reduksjonen i steingjerde då ein har liknande vekseplassar i nærleiken av skog rundt steinar på beite og så bortetter. Reknar ein at ein har ei sone på begge sider av steingjerde på 25 cm, så får ein at reduksjonen i vekseplass er på: $17300\text{m} \times 0.25\text{m} = 4325\text{m}^2$ eller over fire dekar. Det er ikkje berre reduksjonen i flate som gjer eit negativt utslag, steingjerda er viktige i og med at dei bind områda saman som korridorar.

Figurane 22 og 23, er bilete frå Maberg og frå Nordhassel, begge gardane ligg på Lista. Merk stripa med vegetasjon langs steingjerde på figur 22, i dette landskapet er det både meir detaljar å feste augo på og smale striper med vekseplass for ulike planter og dyr. Teigane slik dei ligg i dag er derimot ei ulempe for bonden som pleiar landskapet. Figur 23 syner eit landskap tilpassa eit moderne landbruk, det stod steingjerde her og fram til jordskifte på Nordhassel i 1988. Her er det ikkje mykje plass for "humlebol" til dømes.




Figur 22: Steingjerde frå Maberg på Lista.



Figur 23: Parti frå Nedre Nordhassel i dag etter jordskifte.

Eit fullverdig kulturlandskap bør ha referanse areal som syner utviklinga og fortel historie. Dei små attverande areala som ikkje er dyrka på Jæren og Lista er og slike referansar. I dag står steingjerda att som minnesmerke over slitet med å kultivere landet. Dei gamle torvrøykene, derimot, ser ein ikkje lenger nokon stad, dette gjer at dei unge i dag vanskeleg kan sjå kva myrane bidrog med for hundre år sidan. Og ingen kjenner seg i dag att i skildringa til P.P.Floor²¹ om det aude, svartbrune Jæren.



Figur 24: Torvrøyker. Blir steingjerda like sjeldne om 20 år som det torvrøykene er i dag?

²¹ Skildringa til P.P.Floor står i fotnota til kap.3.3.

5.5 SAMANDRAG (Steingjerda si historie i korte trekk).

Denne oppgåva tek for seg historia til steingjerda. Det sentrale spørsmålet er når dei steingjerda som i dag pregar kulturlandskapet vart bygde. Sentralt i denne samanheng er jordskifte sin innverknad på bygginga av steingjerda.

Som studie område vart det valt ut ein del område på Sør- Vestlandet. Som hovudkjelder er det brukt kart, jordskiftekart og ØK. Dette har vore supplert med litteratur og noko bilete.

Dei aller fleste steingjerde som pregar kulturlandskapet i dag er ikkje eldre enn maksimalt 150 år. Går ein til jordskiftekartar så ser ein at det er lite eller ikkje gjerde på innmark før 1900. Og dei gjerda som er bygde har ingen hegnande funksjon. Eksisterande steingjerde var lite avgjerande for skifteplanen. Slik at dei steingjerda ein finn på jordskiftekartar som regel er rivne eller flytta i etterkant av jordskifte.

Jordskifte etter lova frå 1821 medførte ikkje at det vart nokon auke i bygginga av steingjerde, dersom ein samanliknar gardar med utskifting med gardar utan innanfor eit gitt geografisk område. Ser ein derimot på eit geografisk område med mykje tidlege utskiftingar opp mot eit utan slike, så ser ein at det i området med mykje jordskifte er bygt meir steingjerde. I kva grad jordskifta etter 1859 bidrog til ein auka bygging av gjerde er uklårt. Det ein kan slå fast er at i tida med mykje jordskifte og utetter vart bygt mykje steingjerde. Berre unntaksvis er det bygt steingjerde etter 1950. I område med tilgang på godt gjerdefang i tre sluttar ein å lø steingjerde tidlegare. I dei seinare åra har ein byrja med å lø opp steingjerde med gravemaskin, desse får ein heilt annan utsjånad enn dei gamle som er lødde for hand.

Den store nydyrkinga som tok til kring 1860, medførte bygging av steingjerde. Så lenge ein ikkje kunne bli kvitt steinen på annan måte vart den lodd opp som steingjerde. Er det mykje stein blir det bygt meir steingjerde. Teigform og storleik spelar inn på kvar steingjerda vart bygde.

Frå 1966 til 1994 er nær halvparten av steingjerda fjerna i Hå. Steingjerda står att i grensene, men steingjerde som hindrar samanslåing av teigar inne på bruket blir fjerna. Jordskifte i dag får såleis stor innverknad på steingjerda. Jordskifte gjer det mogleg å slå saman teigar, samanslåinga av teigane fører igjen til at steingjerda blir fjerna. Tek

Jordskifteretten omsyn til steingjerda under skifteplanlegginga, og legg mest mogleg av dei nye grensene til eksisterande steingjerde blir reduksjonen mindre.

Ein kommentar heilt til slutt.

Rett før innleveringsfristen vart eg gjort merksam på at det no seint i vår er komen ei ny bok om gjerde. Eg fekk dessverre ikkje tid til å sjå nærare på denne. Boka er skriven av Magnus Sandberg og heiter "Gjerder". (Og er du ikkje nøgd med det eg har skrive så får du lese Sandberg si bok.)

Tlf. 61340362

Magne Mjøs-Svingebom

LITTERATURLISTE

- Asheim, Vidar (1978): Kulturlandskapets historie. Universitetsforlaget. ISBN 82-00-05178-1
- Austenå, Torgeir og Øvstedal, Sverre (1993): Jordskifteloven kommentarutgave. Universitetsforlaget. ISBN 82-00-21481-8.
- Bjørnstad, Hans J. (1945): Lov om Jords fredning, "Gjerdeloven", Med kommentarar. Olaf Norlis forlag.
- Borgedal, P (1959): Jordskifteverket gjennom 100 år. Det kgl. Landbruksdepartement.
- Direktoratet for naturforvaltning (1996): Mijøvernmyndighetenes tilskudd til tiltak som ivaretar biologisk mangfold i kulturlandskapet, Retningslinjer for tildeleing. DN.
- Eikeland, S (1968): Årdal I. Frå istid til nåtid. Bygdeboknemnda for Årdal. Ingvald Dahle A/S
- Espås, O. M. og Lande K. (1992): Jordskifte og kulturlandskap på Lista. Hovedoppgave ved Norges landbrukshøyskole. Institutt for planfag og rettslære.
- Fladby, Rolf og Andressen, Leif T. (1980): Våre gamle kart. Norsk lokalhistorisk institutt. Universitetsforlaget.
- Geelmuyden, Anne Katrine (1997): Jordskifte og landskapsopplevelse. Kulturlandskap eideomsforhold og planlegging, s.34-68. Institutt for landskapsplanlegging NLH. ISBN 82-557-0415-9.
- Grendahl, T og Solberg, G (1959): Jordskiftelovene gjennom 100 år (1859-1958). Jordskifteverket gjennom 100 år 1859 -1958, (s.167-304). Det kgl Landbruksdepartement.
- Grude, Joakim. (1908): Jæderen, Kulturhistoriske Skildringer fra det 19de Aarhundrede. I.del. Stabenfeldt forlag 1976. ISBN 82-532-0218-0
- Grude, M.A. (1914): Jæderen 1814 - 1914. Bidreg til dens økonomiske og kommunale Udviklingshistorie. Iste del Almene Fællesanliggender. Ingvald Dahles Forlag.
- Heje, K.K. (1897): Ståltrådgjærde. Norsk Landmansblad 1897 16de årgang s.130.
- Hodnebø, Kjell (1990): Ku og Bonde. Jordbruket i Hå før og no. Hå kommune v`skule etaten. ISBN 82-90-813-08-2
- Hågvar, Sigmund (1991): Naturvernets verdigrunnlag. Institutt for biologi og naturforvaltning NLH. ISBN 82-557-0368-3.

Juvkam, O. (1917): Træk av utskifningvæsenets historie. Særtryk av "Tidskrift for Det norske Utskifningsvæsen" nr.2 og 3 1917. Grøndahl & Søns boktrykkeri.

Lauvås, Leif (1993): Utskiftninger på Jæren i tidsperioden 1821- 1858. Hovedoppgåve ved institutt for planfag og rettslære NLH 1993

Lista- landet (1984): Materiale for analyse av planleggingsproblemer. Hovedkurs i regional planlegging/ arealforvaltning/ eiendomsutforming. Institutt for jordskifte og arealplanlegging, Institutt for landskapsarkitektur. NLH.

Lye, Kåre Arnstein (1978): Reformasjonen og det danske eineveldet 1536-1814. Jærboka bind III. Kulturhistoria (1978) side 213- 238. Norsk Oikos a/s. ISBN 82-7096-100-0

Moen, Sivert jr. (1983): Grensemerker. Hovedoppgåve ved institutt for jordskifte og arealplanlegging, NLH.

Norges kulturhistorie (1979): Bind I, Vår fjerne fortid. ISBN 82-03-09818-5. H. Aschehoug & co. Semmingsen, Ingrid.

Reiestad, Lars M. (1939): Hå, Nærbø- Varhaug 1837-1937, Og ymse tilfang til ei bygdebok for Hå prestegjeld. Nærbø og Varhaug kommunar. Dreyers grafiske anstalt, Stavanger.

Risa, Lisabet (1990): Bilete frå Hå. folk og miljø 1860-1950. Kulturetaten i Hå. Partner print.

Robberstad, Knut (1969): Gulatingslovi, (Omsetjing). Det Norske samlaget.

Rogstad, Daniel (1997): Kulturlandskap og lovverk- noen hovedspørsmål. Kulturlandskap eideomsforhold og planlegging, s.80-98. Institutt for landskapsplanlegging NLH. ISBN 82-557-0415-9.

Rønneseth, O (1978): Den Jærske gard. Jærboka bind III. Kulturhistoria side 99- 124. Norsk Oikos a/s. ISBN 82-7096-100-0

Schumann, Johan (1893): Gjørder. Norsk Landmansblad. 12te årgang s.513-516, 530-533, 537-542, 548-562, 571-573, 580-584.

Schumann, Johan (1894): Jerntraadsgard. Uddrag af J.S. Afhandling om Gjørder. Landmandsvennen No. 4. og No.5 1894.

Sevatdal, Hans (1989): Forelesingar i Eideoms historie. Landbruksbokhandelen. ISBN 82-557-0313-6.

Sevatdal, Hans (1997): Kulturlandskap og jordskifte. Kulturlandskap eideomsforhold og planlegging, s.6-33. Institutt for landskapsplanlegging NLH. ISBN 82-557-0415-9.

Simonsen, Asbjørn (1978): Kulturlandskapet veks fram. Jærboka bind III. Kulturhistoria side 85-98. Norsk Oikos a/s. ISBN 82-7096-100-0

Skage, Olav R.(1967):Landskap og busetnad. Ei gransking av landskapsutvikling i Klepp kommune på Jæren etter 1800. Lisensiatavhandling. Institutt for hagekunst NLH, Ås - NLH

Strand, Helge, og Jørgensen, Svein (1979): Kulturlandskapet ved Sogndalstrand, konflikt vern- utbygging, en analyse av stedets egenverdi. Hovedoppgave ved Institutt for jordskifte- og eiendomsutforming og Institutt for landskapsarkitektur.NLH.

Taranger, Absalon (1915): Magnus Lagabøters Landslov. (Oversetjing). Cammermeyers boghandel.

Tjeltveit, Njål og Høibo, Roy (1987): Hjelmeland, Bilete frå farne år. Hjelmeland Kulturstyre og Ryfylkemuseet. Dreyer Bok.

Tveiten, S (1958): Utskiftningsloven av 1821. ikkje utgitt notat, arkivert ved seksjon for planfag og rettslære, Institutt for Landskapsplanlegging, NLH.

Valen- Sendstad, F (1964): Norske landbruksredskaper 1800- 1850- årene. De Sandvigske samlinger, Lillehammer

Østberg, Kristian (1932): Føderåd- gjerder- norrøne bondevedtekter. Norsk Bonderett 7.bind. Webergs boktrykkeri.

Åsen, Ivar: Norsk ordbog. Fonna. ISBN 82-513-0029-0

Lovar

Gjerde

Lov om Jords Fredning av 16.mai 1860.

Lov om Pigtraads Anvendelse til Gjærde 14 Juli. No. 7. 1893.

Lov om grannegjerde 5 mai. 1961 (gjerdelova).

Jordskifte

Lov om Jords og Skovs Udskiftning sf Fælleskap 17 August 1821.

Lov om Jords og Skovs Udskiftning af Fælleskab 12 Oktober 1857.

Lov om udskiftning m.V. 13 Marts No. 2. 1882.

Lov om jordskifte o.a. 22. des Nr.2. 1959.

Lov om jordskifte o.a. 21 des Nr. 77.1979 (jordskifteloven).